



Høgskulen på Vestlandet

Norsk 3, emne 4 - Masteroppgave

MGBNO550-O-2023-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR2
Sluttdato:	15-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave - Bergen		
Flowkode:	203 MGBNO550 1 O 2023 VÅR2		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	207
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	29888
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Ja, Multilektal skrivekunne i opplæringa (MultiLit)

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Normeringsavvik i ulike skrivesituasjonar

Ei gransking av normeringsavvik hjå eit utval ungdomar i eit fokusert språksamfunn

Anomalies in written rhetorical situations

A study of anomalies among youth in a focused language society

Sigrid Bryn

Masteroppgåve i norsk GLU 1-7 (MGBNO550)

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Reidunn Hernes

15. mai 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

I denne masteroppgåva undersøker eg avvik frå nynorsknorma hjå eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad. Eg har studert tekstar som er skrivne i tre ulike skrivesituasjonar med ulik grad av formalitet i- og rundt skrivinga. Skrivesituasjonane som oppgåva dreier rundt er tentamensskrivning, notatbokskrivning og fritidsskriving. Grunna at fritidsskrivinga er henta frå sosiale medium, er informantane over 13 år.

Det teoretiske grunnlaget analysen byggjer på er basert på teori knytt til normering av språk, og ei sosiolingvistisk framstilling av identitet. Sosiale medium har vorte ein stor del av ungdom sin kvardag, noko som gjer at skrift vert teke i bruk både på skulen og i større grad på fritida. Denne digitale skrivinga opnar for meir uformell skriving, der mange nyttar talemålsnær skriving for å visa identitet.

Materialet mitt er i stor grad samla inn i samband med prosjektet *MultiLit*, der eg har teke utgangspunkt i skrivesituasjonar hjå fem informantar. Eg har talt opp og kategorisert alle avvika eg har funne i tekstane. Vidare har eg gått inn på avvika som er knytt til talemålet, i tillegg til å sjå på bakgrunnsinformasjon om kvar informant.

Funna mine viser at det er ulikt i kva grad informantane held seg innanfor nynorsknorma i dei ulike skrivesituasjonane. I fritidsskrivinga verkar talemålet å spela ei sentral rolle i korleis dei unge kommuniserer med kvarandre. Her kan det sjå ut til at identitet spelar ei større rolle for informantane, enn fokuset på nynorsknorma. Talemålsavvika i fritidstekstane er relativt like hjå informantane. Dette kan også seia noko om at ungdomar er opptekne av å nærast seg ein felles identitet i den uformelle skrivinga. I den formelle skrivesituasjonen er det større variasjon og spenn i type avvik. Det er også verdt å merka seg at det i nokre av desse tekstane er ein del innslag av bokmålsavvik.

Abstract

In this master's thesis I examine anomalies from *Nynorsk* standard within a selected group of students in the focused language community Voss herad. I have studied texts written in three different rhetorical situations, where the degree of formality in and around the writing varies. The rhetorical situations on which the thesis is based, are mock exam writing, notebook writing and private writing. Since the private writing is gathered from social media, all the informants are over thirteen years old.

The theoretical foundation the analysis is built upon is based on theory connected to standardization of language, and a sociolinguistic definition of identity. Social media have become a significant and influential part of young people's everyday life, and this makes written language increasingly relevant both at school and in private settings. The digital writing opens for more informal correspondence, where many use colloquial writing to mark identity and affiliation.

The material I have used is largely collected through my involvement in the project *MultiLit*, where the rhetorical situations of five informants is used as a starting point. I have registered and categorized all the anomalies I have discovered in the texts obtained. Furthermore, I have examined the anomalies related to colloquial language, in addition to thoroughly looking at the background of each of the informants.

My results show that there is a discrepancy to how the informants stay within the *Nynorsk* standard in the different rhetorical situations. In private writing, colloquial language appears to play a vital role in how young people communicate with each other. It may seem like identity is more important to the students than focusing on the correct *Nynorsk* standard. The colloquial anomalies in the private texts were for the large part similar and shared by all the informants. This might indicate that youth are concerned with nurturing a common identity through the informal writing. Within formal writing, there is a larger span to what kind of anomalies there are. It is worth mentioning that some of these texts contain several Bokmål anomalies.

Føreord

Etter ein lang og lærerik prosess har eg no kome til vegg ende. Denne masteroppgåva markerer avslutninga på fem studieår på grunnskulelærerutdanninga ved *Høgskulen på Vestlandet*. Prosessen med å få denne masteroppgåva i hamn har vore interessant, med både oppturar og nedturar undervegs.

Eg vil fyrst takka rettleiaren min, Reidunn Hernes. Takk for at du har vist interesse for prosjektet mitt, kome med konstruktive tilbakemeldingar og gode innspel undervegs.

Det har vore spanande og kjekt å få moglegheita til å forska på ungdom i Voss herad, med ei dialekt og eit samfunn som står meg nær. Dette er mykje takka vera at eg fekk delta på ein del av forskingsprosjektet *MultiLit (Multilektal skrivekunne i undervisninga)*. Takk til prosjektleiar Øystein A. Vangsnes for at eg fekk vera med i dette prosjektet. Det har vore svært lærerikt, og opna augo mine for tanken om vidare forskning. Kirsti Lunde fortener også ein takk!

Eg ynskjer å takka vener for oppmuntrande ord og støtte undervegs. Vidare vil eg takka familien min som har hatt trua på meg, og vore til hjelp på ulike måtar. Takk til mamma og pappa som har lagt til rette for meg i denne perioden. Sist, men ikkje minst, fortener Mari ein stor takk for hjelp med store og små ting undervegs i prosessen, og spesielt i innspurten!

Tusen takk!

Bergen, 15. mai 2023

Sigrid Bryn

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva.....	1
1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål	2
1.3 Føremål og relevans	2
1.4 Oppbygging av oppgåva.....	3
2. Teori og tidlegare forskning.....	4
2.1 Skrift og tale i historisk perspektiv.....	4
2.2 Skiljet mellom skrift og tale	5
2.3 Språkleg normering	6
2.3.1 Normeringstradisjonane i talemålet.....	7
2.3.2 Normeringstradisjonane i skriftspråket	8
2.3.3 Normeringstradisjonen i uformell, digital skriving	10
2.4 Språkleg identitet.....	10
2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift.....	12
2.5.1 Skriftspråket på Voss.....	14
2.5.2 Talemålet på Voss	15
2.6 Normeringsprinsipp og tidlegare forskning i ulike skrivesituasjonar	18
2.6.1 Skrivning i ein formell situasjon	18
2.6.2 Skrivning til eige bruk	21
2.6.3 Skrivning i uformell samanheng (til nokon ein kjenner godt).....	21
2.6.4 Digital skriving	24
3. Metode.....	27
3.1 Val av metode.....	27
3.1.1 Hermeneutikk	28
3.2 Innsamling av data.....	29
3.2.1 Bakgrunnsskjema.....	30
3.2.2 Tentamenstekstar	30
3.2.3 Notatboktekstar.....	31
3.2.4 Fritidstekstar	32
3.3 Val av informantar.....	34
3.4 Handsaming og transkripsjon.....	36
3.5 Kategorisering og analyse av data.....	36

3.5.1	Avvik knytt til talemål	39
3.5.2	Andre avvik i tekstane	41
3.6	Reliabilitet og validitet	42
3.6.1	Reliabilitet	42
3.6.2	Validitet	42
3.6.3	Etiske omsyn.....	43
4.	Funn i analysen.....	45
4.1	Informant 1: Andrea (302).....	46
4.1.1	Informantpresentasjon	46
4.1.2	Tentamen	46
4.1.3	Notatboktekst.....	48
4.1.4	Fritidstekst	48
4.1.5	Samla	49
4.1.6	Oppsummering Andrea.....	50
4.2	Informant 2: Brage (303).....	50
4.2.1	Informantpresentasjon	50
4.2.2	Tentamen	51
4.2.3	Notatboktekst.....	51
4.2.4	Fritidstekst	52
4.2.5	Samla	53
4.2.6	Oppsummering Brage.....	53
4.3	Informant 3: Casper (324)	54
4.3.1	Informantpresentasjon	54
4.3.2	Tentamen	55
4.3.3	Notaboktekst.....	55
4.3.4	Fritidstekst	56
4.3.5	Samla	57
4.3.6	Oppsummering Casper	57
4.4	Informant 4: Dina (334).....	58
4.4.1	Informantpresentasjon	58
4.4.2	Tentamen	58
4.4.3	Notatboktekst.....	59
4.4.4	Fritidstekst	60
4.4.5	Samla	61
4.4.6	Oppsummering Dina.....	62
4.5	Informant 5: Emilie (342).....	62
4.5.1	Informantpresentasjon	62
4.5.2	Tentamen	63

4.5.3	Notatboktekst.....	63
4.5.4	Fritidstekst	64
4.5.5	Samla	65
4.5.6	Oppsummering Emilie.....	66
4.6	Tekstane samla	66
4.6.1	Tentamenstekstane.....	67
4.6.2	Notatboktekstane	68
4.6.3	Fritidstekstane.....	69
5.	Drøfting.....	71
5.1	Skriving i formell og uformell skrivesituasjon.....	71
5.2	Er Voss eit fokusert språksamfunn?.....	74
5.3	Bokmålpåverknad i nynorskland.....	77
5.4	Skriving for hand vs. skriving digitalt.....	78
6.	Avslutning	80
	Litteratur	83
	Vedlegg	88
	Vedlegg 1: Informasjon om <i>MultiLit</i> -prosjektet.....	88
	Vedlegg 2: Tentamensoppgåve.....	89
	Vedlegg 3: Sikt-vurdering (<i>MultiLit</i>).....	91

Tabell- og figurliste

Tabelliste:

TABELL 1: 3.4.1: DØME PÅ TABELL - INFORMANT	38
TABELL 2: 3.4.1: DØME PÅ TABELL - SKRIVESITUASJON	39
TABELL 3: 4.1.5: AVVIKSTABELL ANDREA	49
TABELL 4: 4.2.5: AVVIKSTABELL BRAGE.....	53
TABELL 5: 4.3.5: AVVIKSTABELL CASPER.....	57
TABELL 6: 4.4.5: AVVIKSTABELL DINA.....	61
TABELL 7: 4.5.5: AVVIKSTABELL EMILIE.....	65
TABELL 8: 4.6.1: AVVIKSTABELL SAMLA TENTAMENSTEKSTAR	67
TABELL 9: 4.6.2: AVVIKSTABELL SAMLA NOTATBOKTEKSTAR	68
TABELL 10: 4.6.3: AVVIKSTABELL SAMLA FRITIDSTEKSTAR.....	69

Figurliste:

FIGUR 1: FRITIDSTEKST ANDREA	48
FIGUR 2: FRITIDSTEKST BRAGE.....	52
FIGUR 3: FRITIDSTEKST CASPER.....	56
FIGUR 4: FRITIDSTEKST DINA.....	60
FIGUR 5: FRITIDSTEKST EMILIE.....	64

1. Innleiing

Av di maalet er ein livande skapning, er det undergeve naturloger liksom andre livskapningar. Det er soleis alltid i rørsla, det veks eller minkar, vert rikt eller armodslagt, det kann bløma eller forfalla (Hægstad, 1904, s. 6).

1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva

Før i tida var det å kunna skriva noko fåtalet kunne. Skriftspråket var eit privilegium, og noko sekundært etter talespråket. Dette gjorde at skriftspråket fekk status (Hårstad et al., 2021, s. 134). Med ei stadig digitalisering og eit samfunn i endring, har etter kvart skriftspråket fått ei større rolle i kvardagen vår. Dette har gjort at den skriftlege og munnlege kontakten mellom oss menneske har vorte meir sidestilt.

Sosiale medium utgjer ein stor del av ungdomar sin kvardag, då dei fleste ungdomar skriv kvar dag. Mange skriv kan henda meir på *Snapchat*, *Messenger*, *Instagram* og *TikTok* enn det dei gjer på skulen. Fleire undersøkingar som har vorte gjort dei seinare åra viser at mange, særleg unge, skriv talemålsnært i sosiale medium (til dømes Røynealand & Vangsnes, 2020). Dette gjer det interessant å sjå i kva høve rolla til skulen og norskfaget har, og korleis talemålet påverkar normene innanfor det gjeldande skriftspråket, nynorsk.

Forskinga mi tek utgangspunkt eit utval elevar i Voss herad. Det er fleire grunnar til at eg har sett på dette språksamfunnet. Eg ynskja å sjå på ein kommune i det nynorske kjerneområdet, med informantar som har hatt nynorsk som hovudmål heile skulegangen sin. Eg er også sjølv fødd og oppvaksen på Voss, noko som gjorde det interessant å forska på denne kommunen. Dette er eit samfunn med ei dialekt eg kjenner godt, og som eg har vore oppteken av å halda på gjennom livet. Etter at eg byrja å tenkja på prosjektet mitt, vart eg presentert for prosjektet *Multilektal skrivekunne i opplæringa (MultiLit)*, som skulle gjennomføra noko av forkinga si på elevar i Voss herad. *MultiLit* skulle mellom anna samla inn tekstar frå sosiale medium til si forking. Sidan eg også ynskja og undersøka tekstar frå sosiale medium i oppgåva mi, såg eg dette prosjektet som interessant. Eg vart difor med som studentassistent i prosjektet, og store delar av materialet mitt er difor samla inn gjennom dette prosjektet.

1.2 Problemstilling og forskings spørsmål

Problemstillinga i masteroppgåva mi spør:

På kva måtar kjem talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad fram i ulike skrivesituasjonar?

Denne problemstillinga tek utgangspunkt i talemålet til elevane, og undersøker på kva måtar talemålet kjem fram i skrifa i ulike skrivesituasjonar. For å sjå korleis talemålet kjem til syne i ulike skrivesituasjonar, har eg valt å undersøkje tekstar skrivne i tre ulike skrivesituasjonar: tentamen, notatbok og fritid. Med bakgrunn i dette stiller eg tre forskings spørsmål:

1. Kva for talemålsrelaterte avvik finst i norskfaglege elevtekstar?
2. Kva for talemålsrelaterte avvik finst i handskrivne tekstar?
3. Kva for talemålsrelaterte avvik finst i fritidstekstar?

Dei tre forskings spørsmåla dannar grunnlaget for ei tredeling som vil vera gjennomgåande i heile oppgåva mi. Eg har teke i bruk den same tredelinga i teori der eg ser på normeringsprinsipp, i sjølve analysen og i avslutninga.

For å svara på problemstillinga mi vil eg analysere fem informantar sine tekstar i dei tre ulike skrivesituasjonane. Grunna at dei fleste sosiale medium har ei nedre aldersgrense på 13 år, er informantane mine henta frå ein ungdomskule, der informantane er over 13 år då undersøkinga vart gjennomført. Eg har talt opp avvika eg har funne, og kategorisert desse i talemål, bokmål og andre avvik. Vidare har eg hatt det største fokuset på dei talemålsrelaterte, som eg har kommentert og igjen kategorisert i verb, substantiv og småord.

1.3 Føremål og relevans

Føremålet med denne oppgåva er å undersøkje kva måtar talemålet til eit utval elevar kjem fram i ulike skrivesituasjonar. Både det munnlege og det skriftlege språket er stadig i rørsle. Forsking på tekstar i fritida kan seia oss noko om «korleis barn og unge er aktive deltakarar i samfunnet generelt og i ulike tekstkulturar spesielt» (Juuhl & Michaelsen, 2020, s. 5).

Samstundes er tekstar som er skrivne på skulen eit slags «bevis» på kor godt kvar elev lukkast med skrivinga si (Juuhl, 2020, s. 139–140). Norskfaget er det einaste faget der rettskrivinga står i eige kompetansemål. Samstundes kan det sjå ut til at rettskrivinga får mindre plass

grunna digitale hjelpemiddel som skal vera til hjelp for skrivinga (Skjelbred, 2010). Det er då interessant å sjå på skriving som vert gjort analogt, utan digitale hjelpemiddel, i tillegg til situasjonar med digital skrivestøtte.

Fordi språket stadig er i endring er det viktig med kontinuerlege studiar i og rundt det norske språket. Å studera språket til elevar på Voss kan difor bidra til å sjå korleis det står til med delar av språket til ungdomar i dette fokuserte språksamfunnet. Denne kunnskapen vil gje ei innsikt i språkbruken til elevane og kva for skriftspråksnormer dei tek i bruk i skrivinga si i ulike samanhengar. Å fordjupa seg i grammatiske fenomen i nynorsktekstar skrivne av nynorskelevar, vil difor vera relevant for framtidig undervisningspraksis. Eg har sett nytten av å studera ulike skrivesituasjonar. Dette gjev, slik eg ser det, eit meir heilskapleg bilete av informantane. Vonleg vil òg oppgåva kunna vera interessant for fleire. Forskinga mi kan vera relevant for vidare forskning i feltet, om andre ynskjer å studera Voss som språksamfunn, eller samanlikna Voss med andre språksamfunn.

1.4 Oppbygging av oppgåva

Eg har valt å dela oppgåva inn i seks delar: Innleiing, teori, metode, funn og analyse, drøfting og avslutning. I kapittel 2 vert det teoretiske rammeverket som studien byggjer på presentert. Her ser eg fyrst på skrift og tale og språkleg normering før eg ser på Voss som språksamfunn. Vidare presenterer eg normeringsprinsipp i ulike skrivesituasjonar som er relevante for forskinga mi og tidlegare forskning knytt til dette.

I kapittel 3 belyser eg dei metodiske vala eg har teke undervegs og forklarar korleis eg har gjennomført analysen min, som eg presenterer i kapittel 4. Her vil eg fyrst leggja fram funn eg har gjort til kvar einskild informant for seg. Etterpå trekkjer eg linjer mellom informantane og skrivinga deira i dei ulike skrivesituasjonane. Deretter vil eg, i kapittel 5, diskutera og drøfta funna eg har gjort med utgangspunkt i presentert teori. Her vil eg setja søkjelys på relevante funn knytt til problemstilling og forskingsspørsmåla mine. Til slutt samlar eg trådane og summerer opp funna ved å svara på forskingsspørsmål og problemstillinga: *På kva måtar kjem talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad fram i ulike skrivesituasjonar?*

2. Teori og tidlegare forskning

Eg vil i dette kapittelet presentera teori og tidlegare forskning knytt til forskinga eg har gjort i prosjektet mitt. Dette vil vera grunnmuren for den vidare oppgåva. Eg startar med kapittel 2.1 *Skrift og tale i historisk perspektiv* der eg tek eit overblikk over korleis det skriftlege og det munnlege språket har påverka kvarandre opp gjennom tida. Skrifta, som det sekundære språket, tek ein større del av kvardagen vår enn nokon gong. I dei to neste kapitla ser eg på dei faktiske skilnadane mellom tale og skrift, 2.2 *Skiljet mellom skriftspråk og talespråk*, og belyser omgrepet normering knytt til skrift- og talespråk i 2.3 *Språkleg normering*. I kapittel 2.4 *Språkleg identitet* presenterer eg korleis språket kan bli påverka av- og påverkar den språklege personlegdomen vår i eit språksamfunn. Språksamfunnet eg har valt å forska på er Voss, og det vert difor naturleg å presentera skriftspråket og talespråket på denne staden. Dette vert gjort i kapittel 2.5 *Voss som språksamfunn*. Avslutningsvis gjev eg eit bilete av kva som kjenneteiknar skrivning i dei tre skrivesituasjonane eg har sett på i oppgåva mi. Samstundes viser eg til tidlegare forskning som er gjort innan formell og uformell skrivning. Desse punkta vert presentert i teoridelen sitt siste kapittel, 2.6 *Normeringsprinsipp og tidlegare forskning i ulike skrivesituasjonar*.

2.1 Skrift og tale i historisk perspektiv

Det er talen, det livande ord, som er sjølvve maalet. [...] for skrifti er berre eit bilæte, og det oftast eit mykje ufullkome bilæte av eit maal (Marius Hægstad, 1904, s. 3).

Som menneske, Homo sapiens, har me vore munnlege språkbrukarar i titusenvi av år før me byrja å skriva. Menneske som individ meistrar oftast talespråket i mange år før dei lærer seg å skriva. Når ein skal læra seg å skriva skjer dette for dei fleste gjennom ein formell institusjon, oftast på skulen. Det vil seia at skrivning ikkje er like «naturleg» som det er å snakka (Hårstad et al., 2021, s. 132).

Lenge vart det å kunna skriva sett på som noko eksklusivt fåtalet hadde privilegium til å kunna. Dette har i fylgje Per Linell bidrege til at skrivning har fått ein heilt spesiell status, då det å kunna skriva var ein nøkkeldugleik for å få makt, og oppnå ting ein ikkje kunne gjennom talen åleine (Per Linell, 2005 referert til i Hårstad et al., 2021, s. 134).

Historia til det skrivne språket er lang. Torp og Vikør (2018) skriv at den største kommunikasjonsrevolusjonen i menneskesoga, etter utviklinga av talespråket, er utviklinga av skrifta (s. 119). Skriftspråket har dei siste generasjonane fått ei større rolle i liva våre. Her har digitalisering mykje av «skulda». Mange ytrar seg omtrent like ofte, om ikkje oftare, skriftleg som munnleg (Hårstad, 2020a, s. 143).

Hårstad (2020a) skriv at dette etterkvart gjer det mindre opplagt å rangera skriftspråket som sekundært, men heller at det vert meir og meir jamført med talen (s. 143). Denne endringa i forholdet mellom tale og skrift er relevant for prosjektet mitt då det kan tenkjast at den unormerte fritidsskrivinga kan ha meir til felles med talemålet enn skrivesituasjonar som er meir knytt til skulen, grunna at skrift og tale no er meir likestilt enn det har vore før.

2.2 Skiljet mellom skrift og tale

Ei grunnleggjande utfordring i språkvitskapen er tilhøvet mellom tale og skrift. På den eine sida står tanken om at skrift er avleidd av talen, eit relasjonelt syn. På den andre sida at skrift er uavhengig talen, og heller er eit autonomt system for kommunikasjon (Vikør, 2004, s. 12).

Hovudforskjellen på skrift og tale er det medierte uttrykket si varigheit. I skrift lagar ein avtrykk som potensielt har lang levetid. Det ein skriv kan vera planlagt, omformulert og justert fleire gongar før lesaren får sjå produktet. Den som les får ikkje innsyn i sjølve produksjonen, men berre sjølve resultatet til skrivaren. Det munnlege, altså talen, er spontant og vert motteke samstundes som den vert produsert (Hårstad et al., 2021, s. 138). Her har ikkje talaren tid til å justera og planlegga anna enn tankar i sitt eige hovud, med mindre hen først har skrive ned kva hen skal seia. Det ein seier kan berre korrigerast eller endrast ved at ein gjentek det ein sjølv har sagt (Vikør, 2004, s. 12). Med mindre ein gjer opptak, eksisterer talen i få sekund, altså medan den vert produsert (Hårstad et al., 2021, s. 138).

Alt språkleg innhald let seg ikkje formidla ved hjelp av lydar eller bokstavar. Sjølve grunnlaget for både tale og skrift er små einingar som ikkje har funksjon i seg sjølv. I det munnlege språket er kjernen *fonem*. Fonema er lydane ein har i språket. Desse kan gjera at ord og setningar endrar meining. Når ein snakkar, tek ein i bruk *intonasjon* når ein uttalar setningar, eit uttrykksmiddel for å gjera setningar «levande». Ein kan bruka intonasjonen for å få fram kjensler, intensjonar og kva ein føler mot den ein snakkar til. Dette kan ein gjera ved å

mellom anna ta i bruk styrke på stemma, klang, og kvar ein legg trykket i ord og setningar. Ein kan òg *gestikulera*, der ein tek i bruk bevegelser med armar og/eller kroppen for å understreka poenga sine. Dette kan ein ikkje visa gjennom skrift, men ein kan kompensera ved å ta i bruk andre element i skrivinga si (Vikør, 2007, s. 77).

Når ein skriv tek ein i bruk *grafem*, som er teikn og bokstavar (Vikør 2007, s. 77). Også når ein skriv, har ein hjelpemiddel som skal gjera det lettare for mottakaren å forstå budskapet. Ein kan mellom anna bruka skiljeteikn for å strukturera ytringane ein har. Dette kan vera hermeteikn, mellomrom og spørsmålsteikn, som kan gjera det lettare å forstå korleis ein vil uttala det ein skriv, og kva for funksjon setningsinnhaldet har (Vikør, 2007, s. 77–78). Ein kan heller ikkje sjå ansiktet og ansiktsuttrykka til den ein skriv med. Ansiktsuttrykket kan seia noko om kva innstilling den som skriv har, samstundes som ein ikkje kan sjå kva kjensler mottakaren har for innhaldet som står i meldinga hen mottek. Her har *emojis* kome til for å hjelpa skrivinga å kunna seia noko om dette, i tillegg til det som står med ord i teksten. Desse (emojis) er små bilete eller smilefjes, som har eit eige tastatur, som ein kan setja inn i tekst ein skriv. Slike emojis erstattar på mange måtar ansiktsmimikken til avsendaren. Ved å bruka emojis kan ein «skjula» kva ein eigentleg tenkjer og meiner om det ein skriv. Det er ikkje nødvendigvis alltid samanheng med emojiene som vert nytta, og kva avsendaren føler (Vikør, 2007, s. 78). Korleis ein skriv og snakkar vert påverka av både munnlege og skriftlege språknormer, noko eg no vil gå vidare inn på.

2.3 Språkleg normering

Normering kjem frå omgrepet *norm*, noko mange vil tenkja på som det som er rett og/eller riktig. Kva andre ventar av oss, og korleis andre ser på oss, er viktig for at ein gjer det ein tenkjer er rett i ein gitt situasjon for å unngå å gjera «feil» (Vikør, 2007, s. 72). Om ein knyter dette til språk og ser på *språknormer*, definerer Tove Bull (2018) dette som «formell eller uformell rettesnor for kva språkbruk (formval, uttrykksmåte osv.) som skal reknast som rett, god eller høveleg innanfor ein viss språkbrukssituasjon» (s. 522). Lars Vikør (2007) skriv at språknormer er normer for eigen språkbruk, oppførselen vår rundt språk, i tillegg normer for kva ein ventar av andre sin språklege oppførsel (Vikør, 2007, s. 72).

Om ein vidare ser på omgrepet *språknormering* er det i fylgje *Språkrådet* «å fastsetje kva som

er gjeldande rettskriving» (Språkrådet, 2021). *Norsk språkhistorie III* (2018) definerer *språknormering* som «det å utarbeide og fastsette ein normal for eit språk eller ein varietet av eit språk» (Bull, 2018, s. 523). Ein *normal* vil i denne samanhengen vera normer for språkbruken innanfor eit språk, ei målform eller ei rettskriving. Ein *varietet* vil seia eit fullstendig språksystem som høyrer saman i ei større eining (Bull, 2018, s. 523).

2.3.1 Normeringstradisjonane i talemålet

Den vanlege normeringsprosessen i talemål og skriftspråk er nokså ulik. Talemålet er noko som skjer spontant og vert utvikla gjennom ein internalisert prosess (Vikør, 2018, s. 346). Talemålet har meir diffuse grenser mellom det som vert sett på som «rett» og «gale». Det er stor variasjon i det talte, og mykje av dette er knytt til geografi. I ulike stadar av landet har ein ulike talte varietetar av språket, dialektar.

Dialektane er alltid i endring. Gunnstein Akselberg (2013) skriv at «[I]ydverket (fonologien) og formverket (morfologien) kan vera stabilt over lengre periodar, medan ordtilfanget (leksikonet) kan endra seg med større fart» (s. 20). Dette ordtilfanget vert påverka av det som er rundt oss, og kan ha individuelle særpreg. Her vert språkbrukarar innanfor varietetane «einige om» kva som er den gjeldande normeringa for si dialekt, der ingen norminstansar er med på å bestemma kva som er «rett» og «gale» (Vikør, 2018, s. 346–347). Her er omgrepet *akkomodasjon* sentralt, då dette seier noko om at ein tilpassar seg i høve andre språklege varietetar som ein finn i omgjevnadane sine (Akselberg, 2019, s. 160). Ein tilpassar seg korleis ein snakkar for å visa kven ein høyrer saman med -og kven ein *ikkje* ynskjer å høyra saman med. Det kan skje endringar i desse munnlege normene ved at enkeltindivid lagar seg ein ny vane som eit anna individ tek vidare. Når det er to personar som brukar dette er det enklare for fleire å tilpassa seg gjennom ein endringsprosess. I nokre tilfelle vil fleire tilpassa seg den nye vanen, slik at denne vert teken inn som ei munnleg norm, medan i andre tilfelle vil det stoppa opp og forsvinna, og på den måten ikkje lenger vera ei munnleg språkending (Sandøy, 2019, s. 208). Dette gjeld så lenge ein snakkar om situasjonen slik han er i Noreg.

For talen i Noreg er det inga offisiell normering. Likevel har spørsmålet om me har, eller ikkje har, eit *standardtalemål* i Noreg vore ein debatt lenge (Jahr & Mæhlum, 2009, s. 3). Eit standardtalemål er ifylgje Brit Mæhlum & Unn Røyneland (2012) ein varietet som har vakse fram i «intim tilknytning» til eit skriftspråk, og har hatt ein historisk framvekst som har «gått

føre seg innanfor eit politisk og kulturelt sentrum» - ofte hovudstaden i landet (s. 135). Det næraste ein kjem dette i Noreg er to talemålsnormer knytt til kvar sitt skriftspråk. Desse er ikkje i bruk anna enn til dømes nyheitssendingar på NRK, der ein har reglar for opplesing av nyhende (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 135). I mange andre land er det offisielle norminstansar som i tillegg til å ha gjeldande normering for skrifta, òg normerer talemålet. Dette gjeld til dømes i svensk, dansk og tysk (Askedal, 2009; Pedersen, 2009; Thelander, 2009).

Dialektane i Noreg har høg status. Den norske språksituasjonen har vorte internasjonalt kjend grunna den ekstraordinært høge statusen dialektane har her til lands (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 135–136). For å sjå på kvifor dialektane har denne høge statusen, må ein sjå heilt tilbake til slutten av 1800-talet. Før dette var det «meir eller mindre ein uskriven kutyme at eit skriftspråksnært «dannet talemål» skulle lærast ut til elevane og så langt som råd brukast av dei» (Vikør, 2018, s. 406). Etter kvart vart dette eit omstridd prinsipp grunna målreisinga dei siste tiåra av 1800-talet. I 1878 slo Odelstinget fast at undervisninga i skulen skulle vera basert på det naturlege talemålet til elevane, «Børnenes eget Talemaal», og at lærarane skulle tilpassa seg og leggja sitt eige talespråk opp til dette (Vikør, 2018, s. 406).

2.3.2 Normeringstradisjonane i skriftspråket

Dei to skriftspråka i det norske språket har vore gjennom fleire normeringsprosessar for å koma til dei gjeldande normeringane me har i dag. Om ein ser på nynorsk, har vegen frå Aasen-normalen til moderne nynorsk vore lang. Det same gjeld for bokmålsnorma, som har hatt ein lang veg gjennom normeringsprosessar frå dansk til bokmål.

Det er særleg etter unionstida med Danmark at det er interessant å studera på normeringa, då det før dette berre var utdanna skrivarar, som til dømes dei klostra og kongskansellia, som kunne skriva. I 1862 var fyrste gongen rettskrivinga i Noreg hadde ei offentleg sanksjonert endring (Vikør, 2018, s. 349). Det var staten som slo fast denne endringa, og fram til 1907 var det nettopp staten som var autoriteten som godkjende gjeldande offisiell normering av det norske språket.

På same tid var andre byrja med privat normering, med Ivar Aasen som den fremste av dei. Han granska dialektar i ei lang årrekkje for å laga ein heilt ny språknormal. Språknormalen til Aasen fekk aldri offentleg sanksjon, men etter at Stortinget løyva pengar til lesestoff på

landsmål, fekk det ei offentleg godkjenning (Vikør, 2018, s. 349–350). Stortinget vedtok i 1885 jamstillingsvedtaket. Dette gjorde landsmålet likestilt med dansk-norsken og det fekk ei autoritativ normering gjennom departementet. I 1901 vart landsmålet sanksjonert som offisielt skriftspråk gjennom Hægstad-normalen, og dansk-norsken vart til riksmål ved kongeleg resolusjon i 1907. I 1917 vart begge målformene fremja som kongeleg resolusjon gjennom departementet. Fram til *Norsk språknemnd* vart danna i 1952 var det departementet som bestemte normeringa i språket. *Norsk språknemnd* fekk i oppgåve å utarbeida ein læreboknormal til bruk i skulen. Riksmålsrørsla ville òg ha ordlistar og grammatikk, så dei sette opp eigne normer som skulle vera gjeldande for riksmålet. *Norsk språknemnd* vart erstatta med *Språkrådet*, som har godkjend dei gjeldande reformene i dag. Dei vart godkjende for nynorsk i 2012 og for bokmål i 2005 (Vikør, 2018, s. 348–353).

Ein skil mellom to ulike former for språknormer. Den fyrste typen er *formelle språknormer*, som òg vert kalla *fastsette språknormer*. Dette fordi dei er bestemte gjennom autoritative instansar, oftast *Språkrådet*. Desse språknormene omfattar rettskrivinga og formverket, altså ortografien og morfologien til ein *rettskrivingsnormal*, til dømes eit standardspråk. Dei formelle språknormene vert bygd ut frå *uformelle språknormer* (Vikør, 2018, s. 334). Uformelle språknormer vert òg kalla *internaliserte språknormer*. Desse språknormene vert frå ein er ung teke opp gjennom læring og praksis utan at ein er medviten til at det skjer. Dei utviklar seg saman med miljøpåverknad opp gjennom heile livet. Dei internaliserte språknormene omfattar alle nivåa ein har i språkbyggnaden og kunnskap om korleis ein handterer å ha fleire «sett» med slike normer (Vikør, 2007, s. 72–73). I dette ligg det viktige spørsmål om korleis ein snakkar eller skriv til andre knytt til identiteten til kvar einskild (sjå 2.4 Språkleg identitet). Språklege normer er ikkje noko som ligg fast, men dei endrar seg over tid (Vikør, 2018, s. 335). Ein dannar skriftnormalar gjennom uformelle språknormer som vert normerte gjennom ein prosess. Desse normene kan verta internaliserte og teke i bruk i standardspråket. Ein kan altså normere for å få noko til å samsvara med ei norm som allereie er fastsett (Vikør, 2018, s. 352).

Det er ikkje alle uformelle språknormer som vert normerte og teke inn i standardspråket. Dette er ein prosess som kan ta lang tid. Samstundes er dette noko som er lettare å gjera no, enn det har vore tidlegare. No har ein mange tekstkorpus som ein kan søka opp i elektronisk, som *Språkrådet* kan bruka til hjelp med normeringa (Vikør, 2018, s. 364).

Dei formelle normeringane i det norske språket i dag kallar me nynorsknormalen og

bokmålsnormalen. Innanfor desse to finn ein valfridom. Det vil seia at det er ulike variantar av same ord ein kan velja og bruka.

På starten av 1900-talet var det både på bokmålssida og nynorsksida ei haldning om at den eine målforma skulle vinne fram som einaste riksspråk i landet, på kostnad av den andre (Torp og Vikør, 2018, s. 231). Samstundes var det også eit tredje syn som såg ei «både-og løysing», med ei tenkt gjensidig tilnærming med mål om ei samanslåing. Denne samnorsktanken vart sett i verk politisk særleg i 1920, 1930 og 1950-åra (Torp og Vikør, 2018, s. 231). Grunna motstand og misnøye mot ei samnorsk vinkling, måtte ein gjera kompromiss, noko som resulterte i valfrie former i begge målformene. Dette også for å letta overgangen til ny språkform (Vikør, 2007, s. 208). Vikør set spørsmålsteikn til om dette fungerer godt i praksis, sidan det skal «opplæring og bevisstgjerung til før ein kan bruke ei slik valfriheit som den offisielle rettskrivinga i dag gir høve til» (Vikør, 2007, s. 208).

Språkprofessoren Helene Uri (2018) hevdar at det norske språket er det språket med mest valfridom i Europa. Ho skriv at gjennom år med normering har det norske språket hatt vekt på det lokale og demokratiske. Det at ein kan velja mellom ulike variantar av same ord innanfor ei språknorm, gjer at ein kan tilpassa skrivinga si og setja sitt eige personlege preg på teksten ein skriv. Ein kan slik uttrykkja identitet og personlegdom gjennom val av spesifikke bøyingsmønster.

2.3.3 Normeringstradisjonen i uformell, digital skriving

I diverse sosiale medium har talemålsnormene og skriftspråksnormene på mange måtar møttest og vert brotne mot kvarandre. Dette gjer at skrivinga i sosiale medium vert ein hybridsituasjon mellom tale og skrift der måten å skriva på kan vera basert på personlege kodifiseringar, som ei atgjeving av talemålet. Dette vil eg gå vidare inn på i kapittel 2.6.4 *Digital skriving*.

2.4 Språkleg identitet

Identitetsomgrepet er komplekst. Ordet kjem frå latin og tyder «den same». I identitetsomgrepet er det to former for «den same» det er snakk om. Den eine forma er korleis ein ser identitet innanfor seg sjølv som enkeltindivid og som unik i forhold til andre, altså sin

personlege identitet. Den andre forma er korleis ein ser på identiteten sin saman med andre, som medlem av fellesskapet eller ei gruppe, den sosiale identiteten. Desse er gjensidig avhengige av kvarandre (Mæhlum, 2019, s. 108). Identitet er noko ein aktivt konstruerer både for seg sjølv og gjennom interaksjon med andre. Omgrepet *identitetshandlingar* seier noko om dette (Le Page & Tabouret-Keller, 1985). Identitetshandlingar er korleis ein vel å gjera uttrykk for kven ein er ut ifrå korleis ein språkleg uttrykkjer seg. Dette vil seia at ein kan velja å variera korleis ein vil forhalda seg språkleg til ulike menneske i ulike samanhengar, både gjennom skrift og tale. Her kan sosiale faktorar spela inn på måten ein uttrykkjer seg. Dette kan ein gjera ved å sjå etter kva grad av formalitet ein brukar, i forhold til samanhengen mellom språk og identitet (Hårstad et al., 2021, s. 41).

Den språklege identiteten vår har mykje å seia for at ein vil opptre passande i ulike situasjonar. Det vil seia den språklege sosialiseringa som pregar korleis ein språkbrukar vurderer språket som vert brukt i ulike situasjonar. Ein vel altså å uttrykkja seg sjølv på ein måte som representerer den ein sjølv opplever at ein er, i tråd med eigen identitet (Hårstad et al., 2021, s. 57).

Det er lett å tenkja at det er gjennom talemålet ein best kan uttrykkja kven ein er, fordi ein ofte snakkar ei dialekt som er knytt til staden ein kjem frå. Dette gjer at nordmenn er lite innstilt på å justera korleis ein snakkar i ulike situasjonar. I andre land, som til dømes nabolanda Sverige og Danmark, er det meir vanleg «å normalisere språket sitt i møte med andre» (Hårstad, 2021b, s. 35). Det er då mindre vanleg å bruka dialekta si når ein snakkar med andre. På den andre sida gjer dette at svenskane og danskane ikkje er vane med å høyra ulike talemålsvariantar, noko som gjer at dei kan verta oppfatta som mindre språkmedvitne og kan forstå mindre av andre talemål og språk. Så, sjølv om samfunna elles i dei tre skandinaviske landa er nokså like, er det ulikt kor medvitne innbyggjarane er til språket (Hårstad, 2021b, s. 35).

Også i skriftspråket kan ein visa identitet. Ser me vidare på korleis identiteten vår kan koma til syne i skrift er det fleire måtar å uttrykkja dette på. I det norske språket har ein valfridom. Det vil seia at ein kan skriva ulike variantar av same ord innanfor gjeldande normering (sjå 2.3.2 Normeringstradisjonane i skriftspråket). Dette gjeld i begge dei norske skriftnormalane i det norske språket. I nynorsk kan ein til dømes velja å skriva «vi» eller «me» som eigendomsord, noko som også kan knytast til valfridom og identitet (sjå 2.3.2 Normeringstradisjonane i skriftspråket).

Samstundes, som eg har vore inne på tidlegare i oppgåva, kan ein skriva meir nært talemålet sitt i uformelle situasjonar. Reidunn Hernes (2012) skriv at «[s]ærleg i uformelle samanhengar veit vi at det er svært vanleg å skriva meir eller mindre dialektprega norsk, eller å blanda bokmål og nynorsk i ein og same tekst» (Evjen 2011, Isdal 2009, Nordal 1997, Nordal 2008, Osland 2007, Sandøy 2009, Skog 2009, referert til i Hernes, 2012, s. 57). I denne undersøkinga av lærarstudentar sitt repertoar av skriftspråksstrategiar i formelle og uformelle samanhengar, skriv Hernes også at det ut ifrå studia «opplevest som viktig å ha ei personleg stemme» der dialektar og blandingspråk er viktige som alternativ til dei normerte skriftspråka. Dette for å kunna leggja vekt på skrivinga sitt identitetsaspekt (Hernes, 2012, s. 61). Dette tyder på at det i mitt prosjekt vil vera høgast potensiale for at identiteten til elevane kjem sterkast fram i den uformelle skrivinga deira. Dette går eg vidare inn på i kapittel *Normeringsprinsipp og tidlegare forskning i ulike skrivesituasjonar*.

Identitetsomgrepet kan som eg her har presentert vera knytt til enkeltindivid og individet i sosiale grupper. Menneske som er i kontakt med kvarandre påverkar kvarandre språkleg, noko som gjeld både det munnlege og det skriftlege. Vidare vil eg sjå på omgrepet *språksamfunn*, der nokre samfunn dyrkar særpreg og lokal identitet meir enn andre.

2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift

Omgrepet *språksamfunn* kan bli definert på ulike måtar. Felles for definisjonane er å sjå på om eit område som kan avgrensast geografisk, sosialt eller etnisk, også kan avgrensast lingvistisk (Røyneland, 2019, s. 31). Det er ulikt kva forskarar legg vekt på rundt omgrepet. Eg har valt å bruka omgrepet *språksamfunn* om bygda Voss. Sjølv om termen *språklege praksisfellesskap* også kunne blitt nytta, vel eg å halda meg til å omtala Voss som eit språksamfunn, grunna at denne bygda kan avgrensast geografisk som eit språksamfunn, og at ein slik term høver når ein ynskjer å studera «sosialt homogene og språkleg fokuserte samfunn der innbyggjarane har budd i det same området gjennom generasjonar og dermed utvikla eit felles normsett» (Røyneland, 2019, s. 32).

Språksamfunn kan enten vera *fokuserte* eller *diffuse*. Omgrepa kjem frå Le Page og Tabouret-Keller (1985) si bok *Acts of identity*. Dei brukar desse omgrepa om språksamfunn og talen i dei gjeldande språksamfunna. I dei *diffuse* språksamfunna er det mindre lokal identitet der innbyggjarane ikkje er like opptekne av å dyrka særpreget til språksamfunnet. Det kan her vera

vanskeleg å identifisera trekk i det munnlege som gjeld alle i same språksamfunn. Dette vil vera noko som er lettare å finna att i dei språksamfunna som er *fokuserte*. I dei fokuserte språksamfunna er samfunnsmedlemene opptekne av staden og samfunnet som er der. Dei fokuserte språksamfunna er typisk for små og tette samfunn, der det er lite språkkontakt (Le Page & Tabouret-Keller, 1985; Sandøy, 2019).

Voss er ein kommune på Vestlandet som høyrer til det ein kallar det sørvestlandske språkområdet (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 39). Voss herad har ein felles språkprofil for dei tilsette i heradet. Denne vert kalla *Klart språk*. Her står det at i Voss herad er det offisielle styringsmålet nynorsk. Det står vidare at «[d]ialekt er ein vesentleg del av den lokale kulturarven. Å nytta dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Me ser det difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekta vår gjennom levande bruk og medviten utvikling». Her oppmodar Voss herad om å velja den forma som er nærast eige talemål der det er valfrie skriftformer. Dette vil for Voss vera *a*-infinitiv (Voss herad, u.å). På Voss er både sjølve *vossamålet*, som dialekta vert kalla, og nynorsk viktig for den lokale identiteten til språksamfunnet.

Dette viser seg til dømes i fleire bedrifter på Voss, som brukar sjølve namnet «Voss» eller namn knytt til Voss. Nokre døme på dette er *Vossafår*, *Voss Sparebank* og *Voss fellesbryggeri*. Ser ein nærare på *Vossafår* si nettside, ser ein at dei tek i bruk Voss og vossamålet både på nettsida si og i reklamar. I video-reklame er det ein «vossing» som snakkar breitt vossamål, og skrifta på nettsida er mykje lik slik han uttalar ord. Her ser ein altså ei uformell skriving. Dei reklamerer for at dei er «Noreg si mest etne fårepylsa frao Voss». Her kjem den vestnorske diftongeringa fram i ordet «frao». Vidare på nettsida kan ein gå inn på historia til *Vossafår* ved å trykka på «Detta e sogo om Vossafår». Her får ein historia på eit slags «skriftleg vossamål» (Vossafår, u.å). Ein anna aktør som nyttar seg av nynorsk og språkleg identitet er *Voss sparebank*. Dei kallar seg for «nynorskbanken». Dei har til dømes eit eige bankkort ein kan bestilla seg med motiv av Ivar Aasen. På nettsida deira står det at «[s]pråk og dialekt er ein viktig del av banken sin identitet. Me arbeider heile tida for at både privatkundar, verksemder, lag og foreiningar skal få eit fullgodt banktilbod på vår eiga målform» (Voss Sparebank, u.å).

Samfunnsmedlemene på Voss er opptekne av staden og samfunnseininga. Både den lokale identiteten og kva som dyrkar særpreget ved dette har mykje å seia. Innbyggartalet i Voss herad har òg vore stabilt stigande dei siste 40 åra. I 1969/1970 var det 13 813 innbyggjarar og i

år 2000 var det i fylgje SSB 14 770. Per 2022 rett over 16 000 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 2023). Dette seier noko om at Voss ikkje har hatt store tilflyttingar eller fråflyttingar som kan vera med på å påverka korleis, og kor fokusert språksamfunnet er.

2.5.1 Skriftspråket på Voss

Voss høyrer til det «nynorske kjerneområdet», og har lang tradisjon med identitet knytt til nynorsk. Dette mykje grunna at vossamålet som talemål er nært knytt til skriftspråket. Ivar Aasen var på Voss fleire gongar i samband med nedteikninga av landsmålet. Aasen skal ha uttala at vossamålet, eller «det vossiske», har vore med på å laga grunnlagsmaterialet som skriftnormalen til landsmålet vart bygd på (Torp & Vikør, 2018, s. 153).

Voss mållag vart skipa i 1898. Dette er berre 13 år etter jamstillingsvedtaket kom i 1885, noko som vil seia at Voss var tidleg ute med å danna eit mållag. Frå 1898 og ti år fram vart nynorsk gradvis innført på Voss. Frå 1907 har det vore vedtak om at skulane i Voss herad skal bruka nynorske lærebøker. Lokalavisa på Voss, *Avisa Hordaland*, har vore redigert på nynorsk sidan 1908 (Helleve, 2019).

På Voss står nynorsken framleis sterkt som skriftspråk. Det offisielle styringsmålet i Voss herad er altså nynorsk. Voss herad er medlem i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar som har som føremål å fremja nynorsk kultur og språk i offentlege verksemdar (Voss herad, u.å). I 2020 fekk Voss herad pris for dette, nemleg *Språkrådet* sin pris for årets nynorsk kommune (Språkrådet, 2020).

På Voss skriv både vaksne og barn nynorsk. Om ein ser på tal frå grunnskulen er det heilt klart mest nynorsk i skulane på Voss. Av 1921 elevar i grunnskulen på Voss, skuleåret 2022-2023, har 1885 av desse elevane nynorsk som si målform. Det vil seia at over 98% av elevane på 1. – 10. trinn har nynorsk som hovudmål. Nokon elevar byter målform frå nynorsk til bokmål mellom barneskulen og ungdomsskulen, men dette utgjer berre ein liten prosent (Utdanningsdirektoratet, 2023). Ut frå dette kan det sjå ut til at vossingane har ei form for konsensus om å skriva nynorsk på Voss, både i kommunen, i den lokale avisa og elles.

Forskinga mi er gjort på elevar på ein skule i Voss herad, noko som gjer det er interessant å sjå på korleis situasjonen er på skulen. Informantane mine har nynorske lærebøker i alle fag. Skulen har ikkje oppdaterte lærebøker i alle faga etter ny læreplan, men alle med nynorsk som

hovudmål har bøker på målforma si. Dei brukar *Cappelen Damm* si digitale teneste *Skolen*. Her får elevane tilgang til informasjon og oppgåver knytt til dei ulike faga i tråd med ny læreplan. I tillegg har elevane *Campus Inkrement* som er eit læreverk i matematikk, som òg er i tråd med LK20. Begge desse plattformene *kan* innstillast til å vera på nynorsk eller bokmål. Når det gjeld kommunikasjon mellom elev og lærar skjer dette i stor grad på plattformen *Teams*.

Elevane brukar òg *IntoWords* som er ei lese- og skrivestøtte for elevane. Her kan ein stilla inn på nynorsk rettskriving, men anna «hjelp» som til dømes skriverammer er ikkje tilgjengelege på nynorsk. Om ein ser tilbake på Voss herad sin språkprofil *Klart språk*, står det at det er dei tilsette som skal få «ei felles forståing for korleis me kommuniserer skriftleg» (Voss herad, u.å). Om dette er noko lærarane i det heile teke veit om, eller om det er noko dei tek med vidare til elevane, til dømes med tanke på valfrie skriveformer, har eg ikkje kunnskap om.

Noregs mållag skriv at «[u]ndervisningskvardagen til nynorskelevane inneheld som regel mykje bokmål, særleg i læremiddel. Dette problemet har auka på dei siste åra, ettersom skulekvardagen har blitt meir digital» (Noregs mållag, u.å). Ut frå presentasjonen av læremidla til informantane mine over, *kan* store delar av undervisningskvardagen deira vera på nynorsk. Det er likevel ikkje sikkert informantane har desse digitale ressursane innstilt på nynorsk, då mange av desse oftast er automatisk innstilte på bokmål.

2.5.2 Talemålet på Voss

Dei eldste kjeldene ein kjenner til som handlar om vossamålet, er skrift på gamle diplom frå mellomalderen (Akselberg, 2013, s. 11). Når det gjeld faglege og vitskaplege granskingar er det truleg Ivar Aasen som er den sikraste kjelda om ein ser på konkrete nedteikningar av vossamålet (Akselberg, 2013, s. 13). Aasen omtalar Voss og vossamålet både i ordsamlinga *Opplysninger om det vossiske Almuesprog* og i *Norsk Ordbog* frå 1873 (Akselberg, 2013, s. 13). Den fyrste særframstillinga som ein kjenner til av vossamålet, *Opplysninger om vossemaalet*, vart skriven av Christian Vidsteen i 1884. I fylgje Akselberg er *Vossemaalet* (1932) av Leiv Heggstad den viktigaste boka som er skriven om dialekta på Voss (Akselberg, 2013, s. 13).

Av nyare forskning om talemålet på Voss vil eg trekka fram Akselberg, som ved tusenårsskiftet

såg på utviklinga av vossamålet ved å sjå på ungdomar på Voss i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv (Akselberg, 2003). I dette prosjektet, *Talemålsendring hjå ungdom på Voss (TUV)*, granska han talemålet hjå ungdomar på Voss i perioden 2001–2002. Granskingane viste at ungdomen på Voss hadde ei positiv haldning til si eiga dialekt, der 55 av 60 elevar svarta at dei var tilfredse med sitt eige talemål. I fylgje Akselberg nyttar vossaungdomen (i 2001–2002) «eit vossamål som er lite smitta frå eit særbergensk talemål» (Akselberg, 2013, s. 30–37).

Talemålstrekk på Vestlandet og i vossamålet

Talemålet på Voss høyrer til det vestnorske dialektområdet. Det finst generelle språktrekk for vestnorske dialektar, der nokre av trekka samsvarar med vossamålet, medan andre ikkje kan relaterast til talemålet på Voss. Eg vil her gje ei kort framstilling av relevante talemålstrekk på Voss og på Vestlandet.

Verb

I det vestnorske dialektområdet har ein enten *a*- eller *e*-ending og ikkje kløyving i bøyingsendingane i infinitiv. I den delen av det vestnorske dialektområdet som Voss høyrer til, har ein *a*-ending i bøyingsendingane i infinitiv. Når det gjeld presens av sterke verb i mange tradisjonelle vestnorske dialektar får ein, om rotvokalen tillèt det, ein omlyd. Verbet «å koma» som i presens vil vera «kjem», vil bli uttala *kjeme*. I tillegg til omlyd kan denne innskotsvokalen på slutten av ordet i dette tilfellet òg verta rekna som ein svarabhaktivokal (Akselberg, 2013, s. 36–37). Svarabhaktivokalar er eit fenomen som kjem frå norrønt, der ein gjerne set inn ein ekstra vokal for å letta uttalen, oftast *-e*. På Voss har innskotsvokalen lenge vore *-u*, men denne ser no ut til å gå meir og meir over til *-e*, slik som den gjerne er i andre delar av Vestlandet (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 98). Verbet «å koma» er på norrønt «kemr». For å letta uttalen, set ein inn ein vokal (*e*) mellom dei to siste konsonantane. Etter kvart vart den siste konsonanten, i dette tilfellet «r», utelete heilt. Dette viser seg att i nokre dialektar på Vestlandet i presens av sterke verb og i adjektiv, som til dømes at «ei fin jenta» kan verta uttala «ei *fine/finu* jenta» (Akselberg, 2013, s. 16–17). Akselberg (2013) ytrar at svarabhaktivokalen kanskje er det mest eineståande dialekttrekket i vossamålet (s. 16).

Denne innskotsvokalen kan gjera det forvirrande i høve kva verb som er sterke og svake.

Dette fordi alle verb vil verta uttala med ein vokal i endinga. Om elevar då vil gjera desse avvika «meir nynorske» kan dei enda opp med å skriva *-ar* i staden for *-er* i endinga. Elevane *overgereraliserer* då nynorsken. Dette fenomenet vert kalla *hypernynorsk* (Søyland, 2002; Hellevang, 2020). Eit døme på dette kan vera verbet «å sitta/sitte», som med svarabhaktivokal vert uttala *sitte* i presens for «sit». Om ein då fører på ein *-r* i endinga og får «sitter», og ikkje meiner dette høyrer ut som nynorsk, kan ein endra det til «sittar» for å gjera at ordet «kling» meir nynorsk (Søyland, 2002, s. 8).

I dei svake verba har ein bortfall av trykklett ending. Her er det ofte bortfall av trykklett *-r*. Sidan utlyds-*r* i presens av svake verb fell bort, vil verbet «å bada» ofte verta uttala *bade*. Dette gjeld òg i ubestemt form av substantiv i fleirtal, til dømes ein katt, fleire *katta* (kattar).

Substantiv

Voss høyrer til den delen av det vestnorske området som har segmentasjon og differensiering. Her kan til dømes substantivet `fjell´ verta segmentert til *fjeldl*. På Voss, og andre sørvestlandske målføre, har ein i tillegg differensiering, som gjer forskjell mellom lydar endå meir ulike. Her går lydar som *rn* og *rl* over til *dn* og *dl* som i til dømes bjørn, uttala *bjødn*. (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 97–98).

Ein har delt hokjønnsbøying av substantiv i store delar av det vestnorske målområdet, også på Voss. Det vil seia at svake og sterke hokjønnsord har ulik ending i bestemt form eintal (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 92). Døme på dette kan vera at *jento badar i elve/elva*, der *jenta* (*jento*) er eit svakt hokjønnsord og *elv* (*elve/elva*) er sterkt. I tillegg kan ein i ubestemt form fleirtal få bortfall av trykklett *-r*. Til dømes vil substantivet *bil* som i ubestemt form fleirtal er *bilar*, ofte verta uttala som *bila*. Den delte hokjønnsbøyinga av substantiv, kan på Voss i dei sterke hokjønnsorda få ein lyd som ligg mellom *e* og *æ* i endinga. I dømet *jenta badar i elva*, kan det på Voss uttalast nærare *jento badar (bade) i elvæ/elve* (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 97–98).

Småord

Dei personlege eigendomsorda på Vestlandet er mange. I 1. person eintal er det mest utbreidde «eg» og i 1. person fleirtal «me:»/«mi:». Desse er gjeldande på Voss der ein brukar

«eg» og «me». I 2. person fleirtal finn ein fleire ulike eigendomsord på Vestlandet. «De», «dere», «dikka», er nokre døme. På Voss er det «de:kan» som er mest utbreidd (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 91). Eg har òg teke føre meg determinativ og spørjeord. Desse presenterer eg i kapittel 3.5 *Kategorisering og analyse av data*.

2.6 Normeringsprinsipp og tidlegare forskning i ulike skrivesituasjonar

Som eg gjorde greie for i kapittel 2.3 *Språkleg normering*, skil skriftspråket seg frå talespråket på eitt viktig område. Lars S. Vikør (2007) skriv at skrift har ein spesiell funksjon som gjer at ein har sine egne skrivestilar med normer som ikkje gjeld i tale. Dette gjeld likevel ikkje all skriving. I kva grad me føler oss bundne av dei offisielle normene, har å gjera med situasjonen og målet med skrivinga. Vikør hevdar vidare at «[s]ituasjonen og målet med skrivinga avgjer kor strengt bundne vi er av desse normene» (2007, s. 79). Med *situasjon* meiner ein kva omstende som er rundt elevane, korleis det er lagt opp til at skrivinga skal gå føre seg, og kven som skal skrivast til.

I forskinga mi er tekstane henta frå skriving som har gått føre seg i tre ulike skrivesituasjonar. Eg vil presentera normeringsprinsippa rundt kvar av desse i tre delkapittel. Her ser eg fyrst på skriving i ein formell situasjon, vidare på skriving til eige bruk, og til slutt skriving i ein uformell situasjon. I tillegg trekkjer eg fram tidlegare forskning på skriftspråksstudiar knytt til skriving i formell- og uformell skrivesituasjon. Eg har ikkje funne noko forskning knytt til skriving til eige bruk, slik framstillinga er i mi oppgåve. Difor har eg valt å sjå på tidlegare forskning knytt til dei to ytterpunkta av formalitet.

På slutten av dette kapittelet ser eg på digital skriving. Dette har eg valt å ha som eit eige punkt, fordi det går føre seg i to av skrivesituasjonane eg ser på. Eg deler dette opp i formell og uformell digital skriving.

2.6.1 *Skriving i ein formell situasjon*

Det er mange arenaer for skriving der dei offisielle normene i det norske skriftspråket vert forventet brukte. Mange vel å skriva etter ei eller begge dei offisielle normene til ei kvar tid. Det er likevel i dei formelle situasjonane det vert forventet at ein skal fylgja gjeldande

rettskriving, der ein skriv noko som skal ferdigstillast (Hårstad et al., 2021, s. 140). Her ligg det til grunn at det ein skriv skal verta forstått av andre som ikkje er naudsynt at har same språkbakgrunn og kunnskap som ein sjølv. Denne skrivinga bør difor leggest opp mot ei av dei offisielle skriftspråka i Noreg, for at andre nordmenn skal kunna forstå det som står på ein god måte. Vikør (2007) skriv: «[s]kriv vi til ukjente, fylgjer vi derimot som oftast dei normene som gjeld for skriving generelt i samfunnet, og det gjeld enda meir om vi ikkje skriv for noen bestemt, men for eit allment publikum» (s. 79).

Ei av dei viktigaste oppgåvene skulen har er å utvikla skrivekompetansen til elevane. Dette har norskfaget eit særleg ansvar for. I den formelle skrivinga elevane gjer på skulen inneber det ei norm for kva som vert rekna som rett og gale. Norskfaget er det einaste faget i skulen der rettskriving er eige kompetansemål. Etter 10. trinn, altså på slutten av grunnskulen, skal elevar kunne «skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Tekstane eg har teke i bruk frå den formelle skrivesituasjonen er henta frå elevane sin *tentamen*, altså ein heildagsprøve elevane har hatt i norskfaget (sjå 3.2.2 Tentamen). Ut frå avsnittet over, er denne skrivesituasjonen noko av den mest formelle skrivinga elevane gjer. Tekstane elevane skriv her vil verta sett på og «retta» ut ifrå formelle språknormer. Så, reint språkleg, vil tekstane vera betre om rettskrivinga er god. Det er sjølvstundt andre moment som også er med på å avgjera om ein tekst er god, som til dømes innhald og oppbygging.

2.6.1.1 Tidlegare forskning på formell skriving

Elevtekstar er viktige forskingsobjekt som gjennom analyse kan gje innsikt i elevar sine skriveferdigheiter. Dette kan vidare seia noko om korleis undervisninga i skriving fungerer (Juuhl, 2020, s. 139–140). Av den grunn finst det mykje forskning på elevtekstar. For å snevra inn den tidlegare forskinga på dette feltet har eg sett på undersøkingar der talemålet til elevar har vorte forska på, då det er dette eg ser på i oppgåva mi.

Wiggen (1992) har i ei studie sett på 900 handskrivne tekstar frå elevar på barnetrinnet på 15 ulike skular. Desse tekstane var omlag likt fordelt på nynorsk og bokmål. Han såg på avvik på grafemnivå, før han samanlikna tekstane med talemålet på heimstaden til elevane. Av dei nynorske tekstane var 18,1% av avvika «reine» bokmålssamanfall og heile 31,3 av avvika samanfall med både bokmål og talemålet til elevane. Her ser me at allereie for 30 år sidan, då

denne forskinga vart gjort, hadde elevar talemålsavvik i skrivinga si. Dette var før det digitale tok like stor plass som no.

Wiggen konkluderte med at elevane som skreiv nynorsk hadde relativt fleire normavvik enn elevane med bokmålstekst (1992, s. 108–109), der den største delen av avvik var samanfall med bokmål og talemål. Dette gjer det interessant å sjå på kva påverknad sosiale medium har hatt og om det er fleire avvik knytt til talemål no.

Eit stort prosjekt med forskning på elevtekstar er *Normprosjektet*. Dette prosjektet var eit landsomfattande prosjekt som samla inn over 5000 elevtekstar frå elevar på 4., 5., 6. og 7. trinn i perioden frå 2012–2016 (NTNU, u.å). Desse elevtekstane samla dannar eit normkorpus som ligg tilgjengeleg digitalt, som mange har teke i bruk til si forskning på elevtekstar.

Ein av dei som har teke i bruk dette normkorpuset er Hjalmar Eiksund (2017). Han har undersøkt rettskrivingsutviklinga til fem elevar frå 6. til 10. trinn. I denne undersøkinga såg han på tre elevar med bokmål som hovudmål og to elevar med nynorsk som hovudmål. Han hadde som mål å koma nærare eit svar på kvifor elevar med nynorsk som hovudmål ser ut til å ha fleire rettskrivingsavvik enn elevar med bokmål som hovudmål. Her såg Eiksund (2017) at elevane med nynorsk som hovudmål hadde mange tilfelle av talemålsnær skriving og bokmål i dei nynorske tekstane sine, noko som var nærast fråverande i tekstane til elevane som skreiv på bokmål (s. 58–60). Funna hans viste at for elevar med nynorsk som hovudmål, må både talemålsnær skriving og bokmålsamanfall takast omsyn til rundt arbeid med dugleikar i rettskriving (Eiksund, 2017, s. 60).

Det er òg fleire masterstudentar som har forska på elevtekstar i masteroppgåvene sine. Ei av dei er Thea Øvregard Røhme (2020). Røhme skreiv i 2020 ei masteroppgåve der ho såg på bokmåls- og talemålsavvik i nynorske elevtekstar. Ho tok her føre seg 44 tekstar av elevar i Sogn. Gjennom analyse av materialet var 47% av avvika ho fann knytt til bokmålsnorma, og 17,6% av avvika var knytt til talemålet. Det er interessant at nesten halvparten av avvika i denne studia er knytt til bokmålsavvik, når studia er gjort på Vestlandet. Røhme skriv ikkje kvar forskinga er, anna enn Sogn, noko som gjer det vanskeleg å vita kva for språksamfunn tekstane er henta frå (Røhme, 2020, s. 41–42).

2.6.2 *Skriving til eige bruk*

Å skriva kan gå føre seg i ulike situasjonar der ein treng å skriva ned noko til eige bruk. Døme på dette kan vera å skriva handleliste eller i ei dagbok. Ein kan skriva notat frå ein skuletime eller ei førelesing som ein kan bruka til eige bruk for å hugsa det som har vorte sagt eller svara på oppgåver eller spørsmål.

«Skriv vi berre for oss sjølv (hugselappar, dagbok), er vi heilt suverene» (Vikør, 2007, s. 79). I denne skrivesituasjonen er det berre ein sjølv som treng å forstå kva det er som er skrive, noko som gjer at denne skrivesituasjonen vert sett på som uformell. Her kan ein skriva etter nynorsk- eller bokmålsnorma, eller på ein måte som berre ein sjølv forstår. Om ein til dømes skriv noko som er hemmeleg for andre, kan ein i tillegg skriva ulike kodar for noko slik at ein berre sjølv forstår det som er skrive (Vikør, 2007, s. 78–79).

Sjølv om denne skrivesituasjonen vert sett på som uformell, kan den likevel skje i ein formell kontekst. Om ein til dømes skal skriva notat frå ein skuletime, som eg tek føre meg i mi forskning, er sjølv situasjonen formell, men skrivinga kan vera uformell. Om eleven skal skriva notat som hen skal ha til eige bruk, er det som vert skrive uformelt. Denne situasjonen går likevel føre seg på ein stad som vert sett på som formell, nemleg skulen.

2.6.3 *Skriving i uformell samanheng (til nokon ein kjenner godt)*

I dag er det fleire enn før som produserer skriftlege tekstar, noko som gjer at mangfaldet av skrivesituasjonar aukar (Hårstad et al., 2021, s. 152). Når mangfaldet av skrivesituasjonar har auka, har normmangfaldet òg vorte større. Nokon vel å skriva mindre formelt i skrivesituasjonar som er mindre formelle, og her heller knyta skrifta nærare slik ein snakkar. Dette kan ein gjera for å kompensera for at ein ikkje ser den ein skal formidla noko til, for å få fram sitt eige uttrykk i teksten ein skriv. Desse tekstane vert òg (som skriving til eige bruk) sett på som uformell skriving (Hårstad et al., 2021, s. 152).

Uformell skriving er ikkje eit nytt fenomen i den digitale verda me lever i. Me må ikkje gløyma kommunikasjonsformer som brev, som har eksistert i tusenvis av år og framleis er gjeldande i dag. Når det gjeld brev som skrivesituasjon skriv Vikør: «[s]kriv vi personlege brev, tar vi gjerne omsyn til mottakaren og fylgjer dei normene som vi *må* fylgje for å komme mest muleg på bølgjelengd med han eller ho» (2007, s. 79). Han legg til at det her har mykje å

seia kor godt ein kjenner mottakaren, og at dess betre ein kjenner hen vert ein meir fri og sikker på korleis ein skal skriva (Vikør, 2007, s. 79).

I desse uformelle situasjonane er gjerne rettskrivingsnorma mindre dominerande. Dette skriv Hårstad et. al (2021) at ikkje naudsynt vil seia at skrivinga skjer i «et normløst rom der alt er lov» (s. 153). Hårstad et. al skriv at det for mange er vesentleg å fylgja ei rekke ulike normer. Det er eit viktig poeng at «en stavemåte ikke vil bli oppfattet som avvikende før normen er anerkjent som en norm» i denne type skriving. Det vil seia at ikkje alle variasjonar vert tekne med innanfor denne «sosiale norma». Det må vera gjennomgåande at fleire brukar dei, for at dei skal kunna verta sett på som ei gjeldande norm for uformell skriving (Hårstad et. al, 2021, s. 151–153). Denne skrivinga skjer i ein uformell situasjon der situasjonen ikkje tilseier at noko skal vera formelt.

Det å skriva nærare slik ein snakkar er ikkje naudsynt eit nytt fenomen. Det finst døme på skrift nærare talemålet i «eldre (ikkje-digital) folkemålsskriving, som dagbøker, hyttebøker, privat brevveksling osv.» (Hårstad, 2021a, s. 30). Det som er nytt med dette er at ein no ser, og brukar det i mykje større grad enn før, mykje grunna at det digitale har fått ein stor plass i kvardagen vår (Hårstad, 2021a, s. 30).

2.6.3.1 Tidlegare forskning på uformell skriving

Å forska på uformelle tekstar er noko fleire har gjort før meg. Dette er ofte tekstar som er skrivne i sosiale medium. Gudrun Kløve Juuhl og Maja Michelsen (2020) skriv at «[f]orskning på tekstpraksisar i fritidssamanheng kan gje oss innsikt i fleire aspekt ved literacy og læring, og dessutan korleis barn og unge er aktive deltakarar i samfunnet generelt og ulike tekstkulturar spesielt» (Juuhl og Michelsen, 2020, s. 5). Juuhl og Michelsen har i eit prosjekt sett på barn og unge sine tekstar og tekstpraksisar på fritida i *Forskning på barn og ungdoms tekstar og tekstpraksisar på fritida, med eit nordisk fokus* (Juuhl & Michelsen, 2020).

Unn Røyneland og Øystein A. Vangsnes (2020) skriv at det til no er relativt lite forskning på bruk av dialekt i det digitale i norsk språk, men at «dei undersøkingane som har vorte gjorde, tyder på at bruk av talemålsprega former er relativt vanlege i privat skriftleg kommunikasjon i Noreg (t.d. Bakkevoll, 2019; Evjen, 2011; Folkvord, 2020; Rotevatn, 2014; Røyneland, 2018; Vangsnes, 2019, referert til i Røyneland & Vangsnes, 2020, s. 358).

Røyneland og Vangsnes forska i 2020 på 1532 elevar frå fire ulike stadar i Noreg sine multilektale praksisar. Her svara elevar på vidaregåande skular over heile landet på spørsmål om både skriftleg- og munnleg språk, og deira dialektbruk. Elevane skulle òg skriva korte formelle og uformelle meldingar. Her fekk elevane beskjed om kven, og i kva plattform meldinga skulle vera tenkt til (Røyneland & Vangsnes, 2020, s. 358–359). Funna til Røyneland og Vangsnes viste at ungdomane jamt over skreiv veldig ulikt når ein såg på melding tenkt til ein ven, der det ofte vart mange innslag av dialektale trekk samanlikna med melding til ein lærar, der standard skriftspråk var meir vanleg. Elevane viste seg å ha ei fleksibel tilnærming til val av korleis dei skreiv til dei ulike mottakarane eller på ulike plattformer (Røyneland & Vangsnes, 2020, s. 384–385).

Vangsnes har òg i ein artikkel frå 2019 sett på tekstar frå ei landsdekkande norsk spørjeundersøking frå 2016. Undersøkinga Vangsnes tok utgangspunkt i var frå analysebyrået *Opinion* som hadde gjennomført den på oppdrag frå Språkrådet. Vangsnes såg ut frå denne undersøkinga på korleis dialektbruk vert brukt i sosiale medium. Av deltakarane svara 53% av dei under 30 år at dei skriv dialekt i private samanhengar. Ut frå spørjeundersøkinga fann Vangsnes òg ut at det var mest vanleg å skriva dialektnært i Midt-Noreg og i Nord-Noreg. Vangsnes (2019) trekkjer også fram Rotevatn (2014) si masteroppgåve, som òg tek føre seg normert språk opp mot dialekt. Hennar undersøking går òg føre seg på Vestlandet. Ho fann gjennom forskinga si ut at tre av fire av hennar informantar nyttar dialekt på sosiale medium, fordi dei ville skriva nærare slik dei snakka, nettopp for å få fram sin eigen identitet (Rotevatn, 2014). Denne skrivninga, nært talemålet, kalla ho for «snakkeskriving». Vangsnes (2019) skriv at eit av Rotevatn (2014) sine funn er spesielt interessant, då 76,7% av informantane svarar at dei skriv «slik dei snakkar», noko Vangsnes tolkar som at vert gjort fordi «nynorsk ikkje kjennest som ein naturleg måte å gjengi talemålet deira på» (Vangsnes, 2019, s. 106).

Dersom eg skal prøva å samanfatta funna i desse undersøkingane viser dei at det kan vera veldig individuelt korleis ein vel å skriva på digitale plattformer. Mange skriv normert nynorsk til alle ein skriv med. Andre skriv med trekk frå sitt eige talemål, gjerne «typiske» trekk ved talemålet, medan andre skriv mest mogleg dialektnært. Nokon skriv på same måte med alle dei skriv med, medan andre endrar korleis ein skriv til ulike mottakarar.

2.6.4 Digital skriving

Historia til den digitale skrivinga utgjer berre ein liten del av skriftspråket si historie. «På nokså få år har digital skriftkompetanse blitt en nærmest sjølsagt bestanddel av den tekstkyndigheten vi forventer av en ordinær borger i vår del av verden» (Hårstad, 2021a, s. 22). Vidare skriv Hårstad (2021a) at det i mange samanhengar er naudsynt å skilja mellom den digitale skrivinga som skjer ved at ein produserer tekst med ei datamaskin og den digitale skrivinga der ein skriv i eit fellesskap innanfor eit nettverk (s. 24). Eg har valt å sjå på desse ved å dela opp i *formell* og *uformell* digital skriving.

Formell digital skriving

Å skriva med dagens teknologi er på mange måtar lettare enn for få år sidan. Før, då ein skreiv alt for hand, måtte ein byrja på nytt eller kryssa over det ein hadde skrive om det vart feil. Etterkvart kunne ein fjerna det ein hadde skrive med viskelêr eller liknande. Når ein skal skriva i dag, har ein moglegheit til å ta i bruk datamaskiner, iPad og mange andre digitale hjelpemiddel. Her kan ein enkelt leggja til, fjerna og endra rekkefølga på det ein skriv. Digitaliseringa har òg gjort at det vert fleire retteprogram tilgjengeleg for å hjelpa med rettskrivinga. Her kan ein få opp raude strekar om ein har skrive noko som ikkje vert godteke i det gjeldande språket som skriveprogrammet er innstilt på.

Retteprogramma som ein har tilgjengeleg i dag kan vera til hjelp, men òg til frustrasjon. Kanskje spesielt for nynorskbrukarar. Dette fordi skrivestøtteprogramma ikkje er gode nok på nynorsk (Noregs Mållag, u. å). Om ein skriv på digitale plattformer som til dømes i skriveprogrammet *Office Word*, er ikkje alle variasjonane og normene i eit språk lagt til. Dette kan mange velja å stola på, og difor tenkja at heile teksten er «rett» om ein ikkje har raude strekar under ord i teksten sin. Skriveprogramma ser ikkje konteksten eller oppbygginga, berre om sjølve ordet er riktig å skriva i språket/målforma den er innstilt på.

I tillegg ser ikkje skrivestøtteprogramma samanhengen i teksten som er skriven, berre at kvart enkelt ord finst i ordboka. Om til dømes ein elev skriv det personlege eigendomsordet i 2. person fleirtal på Voss dialekt nær (dekan), vil ikkje dette få raud strek under ser, då dette er eit ord som finst i den nynorske ordboka, med ei heilt anna tyding.

Skjelbred hevda i 2010 at rettskrivinga i dag får mindre og mindre vekt i undervisninga fordi

me får betre og betre retteprogram som hjelper til med stavekontroll og diverse anna (s. 145–146). Dette grunna at då ein skreiv tekst utelukkande på papir, var skrivestøtta mindre lett vint enn no. Mange pugga då rettskriving for å sleppa å slå opp i fysiske ordbøker. Dette har mindre vekt i dag, sidan digitale hjelpemiddel er meir tilgjengeleg (Skjelbred, 2010, s. 145–146).

Uformell digital skriving

Den uformelle skrivinga har fått større plass i dei seinare åra som eit slags «nettspråk» til bruk i sosial samhandling der ein ikkje er fysisk saman. Den digitale revolusjonen har hatt mykje å seia for dette grunna ei massiv auke i skrift både når ein ser på produksjon, sirkulasjon og konsumpsjon (Hårstad et al, 2021, s. 140). No treng ein ikkje senda brev med brevduer eller postmenn, ein kan ta opp ein telefon, eit nettbrett, ein PC eller ei klokke, så har ein mottakaren eit tastetrykk unna. Dette tek stor plass i liva våre i dag. Skriving på digitale plattformer, til dømes på sosiale medium, er ofte uplanlagde og spontane -slik som ein ville gjort munnleg (Hårstad et al, 2021, s. 140). Mange skriv like mykje, om ikkje meir, enn ein snakkar med vener i dag enn for kort tid tilbake. Dette gjer at skrifta «tek over» for det munnlege i desse samanhengane. Det vil seia at fritidstekstane ofte har mange trekk som ein vanlegvis koplpar med talen, fordi dei er spontane og kanskje ikkje alltid like gjennomtenkte.

Her vert ofte rettskrivingsnorma mindre dominerande. Dei som skriv har ofte eigne normer for korleis det er språkleg «rett» å skriva i den gjeldande gruppa, den digitale plattformen eller i det sosiale mediet (Hårstad et al., 2021, s. 151–153). Dette vil seia at ein får fleire skrivesituasjonar ein må forhalda seg til, og då «hugsa på» kva for normer som gjeld i kva skrivesituasjon. Hårstad et al. (2021) skriv at «[å] studere hvordan et individ skriver fram seg selv og fellesskapet sitt vil dermed gi innblikk i hvordan staving med mening blir utnyttet i ulike former for sosial interaksjon» (s. 153). Fritidstekstane ein skriv kan òg vera synlege for mange samtidig, i motsetnad til om ein sendte eit brev før i tida. Dette gjer at det ligg betre til rette for nye normer å etablere seg. Dette kan ein kalla for *normpluralisering* som Hårstad et al. (2021) i dette tilfellet skildrar som «en skrivepraksis som i større og mindre grad reflekterer strukturelle trekk fra skriverens talemål» (s. 39). Tekstar ein skriv i formelle situasjonar, som til dømes i skulesamheng, vil ofte involvere at teksten skal ferdigstillast. Dette er ikkje eit mål for tekst ein skriv på dei sosiale plattformene.

På dei fleste mobiltelefonar vil ein, slik som ved skriving av tekst på PC, ha retteprogram. Her kan ein bestemma sjølv om ein vil at telefonen skal korrigera ord automatisk som vert oppfatta som «feil». Dette kan vera problematisk for nynorskbrukarar, fordi ikkje alle telefonar har retteprogram på nynorsk. Ord ein skriv kan då verta omsett automatisk til bokmål, noko som kan påverka skrivinga.

3. Metode

3.1 Val av metode

Metode er ei nemning på korleis me kan samla inn, behandla og analysa data. Altså framgangsmåten som vert nytta i ei undersøking, som eit middel for å koma fram til ny kunnskap (Akselberg & Mæhlum, 2019, s 74). Desse vert ofte delt i to overordna metodar, dei *kvantitative* og dei *kvalitative*. Dei kvantitative studiane er oftast data knytt til tal, som kan vera best eigna når ein forskar på mange menneske. Dette gjer at desse studiane ofte kan ha større omfang informasjon som gjer at svara ut frå analysen kan vera generaliserbare slik at informasjonen kan førast i statistikk. Dei kvalitative er informasjon knytt til ord, som er best eigna når ein forskar på eit fåtal menneske og ser på individet (Høgheim, 2020, s. 29; Postholm & Jacobsen, 2018, s. 100). Ei typisk kvantitativ undersøking framhevar det å skapa ei oversikt med ei forklaring, medan det i ei kvalitativ undersøking er innsikt og forståing som er viktigast (Tjora, 2013, s. 22).

Det to hovudretningane innanfor metode kan sjåast på som ein skala med to ytterpunkt. Her vil forsking liggja innanfor desse ytterpunkta og vera meir eller mindre kvalitativ/kvantitativ enn anna forsking. Kvalitativ og kvantitativ metode utfyller kvarandre. Svakheiter i den eine metoden kan vera styrkjer i den andre, og omvendt. Det vil seia at metodane tener ulike føremål på ulike måtar (Høgheim, 2020, s. 29).

Eg spør i problemstillinga mi: *På kva måtar kjem talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad fram i ulike skrivesituasjonar?* Det eg ynskjer å undersøkje er korleis talemålet kan påverka korleis eit utval elevar skriv i ulike skrivesituasjonar. For å kunna svara på problemstillinga har eg teke i bruk både ei kvalitativ og ei kvantitativ tilnærming.

Eg har teke føre meg ei avgrensa gruppe informantar, noko som er kjenneteikn på det kvalitative. Vidare har eg lese igjennom tekstane til informantane og laga kategoriar for avvik ut ifrå dette. Eg har altså latt materialet mitt styra korleis analysen skulle vera, heller enn å laga kategoriar og valt ut kva eg skulle sjå etter i tekstane på førehand. På den måten har tekstane vore med på å «bestemma» korleis analysen min skulle gå føre seg. Eg har òg henta inn kvalitative data ved hjelp av bakgrunsskjemaet (sjå 3.2.1 Bakgrunsskjema). Eg har på denne måten fått litt informasjon om informantane mine, utan å fysiske ha snakka med, eller

intervjua kvar av dei.

Vidare har eg talt opp kor mange avvik eg har funne i kvar av avvikskategoriene mine (sjå 3.5 Kategorisering og analyse av data). Desse har eg sett inn i ein tabell for å få ei oversikt over dei ulike avvika til kvar informant og til kvar skrivesituasjon, noko som er meir typisk for det kvantitative (Tjora, 2013, s. 22). Her har eg ikkje sett på meiningsinnhaldet i kva informantane har skrive, men på kva avvik som høyrer til kva avvikskategori. Dette har eg valt å gjera for å få betre oversikt over kvar informant si skiving, og på denne måten kunna samanlikna informantane mine ved å setja dei ulike tekstane deira opp mot kvarandre i drøftinga. Dette går eg vidare inn på når eg presenterer analysen.

3.1.1 Hermeneutikk

Innanfor den kvalitative forskinga er det mange vegar ein kan ta. Dei humanistiske faga har til felles at ein studerer noko ved mennesket sjølv. Det finst mykje ein kan studera ved mennesket. I forskinga mi har eg sett på tekstar, som er produkt av handlingar, tankar og/eller kjensler til mennesket, i mitt tilfelle ungdomar (Neteland & Aa, 2020, s. 23).

Når ein skal tolka og analysera tekst ved hjelp av ein kvalitativ tekstanalyse prøver ein å forstå noko på ein meiningsfull måte ved at ein plukkar delar frå ein heilskap frå kvarandre. Dette finn ein støtte for om ein ser til hermeneutikken, som nettopp vert forklara som ei *fortolkingslæra* (Nyeng, 2017, s. 192). I hermeneutikken er det ein tanke om at tolking er uunngåeleg og at det ikkje vil vera mogeleg å klart kunna skilja mellom objektive fakta og subjektiv tolking. Repstad (2007) forklarar denne prosessen som «en fortolkende prosess» som «innebærer at vi leser allmenne trekk og sammenhenger inn i de konkrete observasjoner vi gjør» (Repstad, 2007, s. 121).

Ein kan altså ved å analysera og tolka setja delane saman til ein ny heilskap, som utgjer forståinga vår av innhaldet (Neteland & Aa, 2020, s. 23–24). Ein skil gjerne mellom språkbrukaren sin kompetanse og performanse når ein ser på lingvistikk, altså den kognitive kunnskapen om språk og den observerbare bruken av språket (Nygård, 2020, s. 188). På denne måten kan ein utvikla eiga forståing av eit fenomen, gjennom å belysa fenomenet på ulike måtar, og forstå heilheit ut frå del og del ut frå heilheit (Repstad, 2007, s. 121).

3.2 Innsamling av data

Våren 2022 vart eg presentert for prosjektet *MultiLit* (*Multilektal skrivekunne i opplæringa*). Dette er eit omfattande prosjekt som skal «undersøke om - og i så fall korleis - det å meistre og bruke ulike nærståande skriftspråk bidrar til læring, både språklæring og læring meir allment» (CRISTIN, 2022). *MultiLit* har fleire delprosjekt, der mange forskarar og medarbeidarar er delaktige.

For meg var dette prosjektet interessant på fleire område, noko som gjorde at eg melde interessa mi for prosjektet. I tillegg til at prosjektet hadde ein tematikk av interesse, hadde eg på førehand tankar om å forska på Voss. Det var også stort å få ta del i eit slikt prosjekt med kompetente fagpersonar som ein kunne spela ball med. Eg vart involvert i førebuing, gjennomføring og etterarbeid, og på den måten tilsett som studentassistent i prosjektet. *MultiLit* er sentral i studien min på den måten at eg nyttar noko av materialet som utgangspunkt i min eigen studie. Dette gjer at *MultiLit* legg nokon av rammene for forskinga mi.

Eit prosjekt som *MultiLit* krev førebuing. Eg var sjølv involvert i dette arbeidet ved å laga munnleg og skriftleg materiale til bruk i studien. Dette mykje grunna at eg sjølv har same dialekt som elevane i dette heradet, og difor hadde forståing for talemålet og staden -Voss.

Sjølve gjennomføringa og innsamling av data gjekk føre seg over ei veke. Me i prosjektgruppa tok oss av all undervisning på det aktuelle klasstrinnet denne veka, utanom i dei praktisk-estetiske faga. Temaet for veka var «kritisk tenking og falske nyhende», og skuletimane i klassane famna om klasseromsunderving parallelt med innhenting av data. Føresette hadde på førehand fått tilsendt eit skriv om prosjektet og måtte gje samtykke til om me kunne bruke informasjon frå deira ungdom (sjå vedlegg 1).

I byrjinga av prosjektveka fekk kvar elev utdelt eit nummer, ein slags «kode», som vart kopla til eleven. Dette nummeret fekk elevane beskjed om å hugsa på og ta i bruk då dei skulle vera med på ulike undersøkingar. På den måten vart ikkje namna til elevane teke i bruk, sidan dei heile tida brukte koden sin. Alt av data som vart henta gjennom innsamlinga var heile tida trygt lagra i ei mappe i *OneDrive*.

3.2.1 Bakgrunnsskjema

Elevane fylte i starten av *MultiLit*-veka ut eit spørjeskjema som gjekk på bakgrunnen til elevane. I dette bakgrunnsskjemaet fekk elevane spørsmål om kvar dei var fødde, om dei har budd utanfor Vestland fylke, om eige skrift- og talespråk og korleis dei sjølv tenkjer at dei snakkar og skriv i ulike situasjonar. Her fylte elevane ut korleis dei sjølv meiner dei snakkar og skriv mellom anna på sosiale medium, når dei skriv til lærar, til føresette og til vener. Døme på spørsmål her var: Kvar er du fødd? Kva dialekt snakkar du? Kjenner du deg trygg på å skriva korrekt? Kva synest du sjølv er vanskelegast når du skal skriva korrekt nynorsk? Dette spørjeskjemaet har eg teke i bruk for å danna eit bilete av bakgrunnen til kvar av informantane mine.

3.2.2 Tentamenstekstar

Den fyrste teksttypen eg har sett på er elevtekstar. Desse elevtekstane er tentamensteksten til elevane som er skrivne som ein heildagsprøve i norskfaget. Tentamensteksten er skriven innanfor rammene til norskfaget, som er det einaste faget i læreplanen der rettskrivinga er eit eige kompetansemål (sjå 2.6.1 Skrivning i ein formell situasjon). Dette gjer at skrivninga elevane gjer her nok er ein av dei mest formelle skrivesituasjonane elevane møter i skulen. Skrivninga i denne skrivesituasjonen inneber ei norm for kva som vert rekna som rett og gale. Tentamenstekstane i analysen min vert difor sett på som formelle tekstar der det er forventa at elevane skriv etter den nynorske normeringa. Denne skrivesituasjonen er interessant å sjå på av fleire grunnar. Grunna at denne skrivesituasjonen er ein av dei mest formelle elevane møter, er det interessant å kunna samanlikna denne med mindre formelle situasjonar.

Elevtekstane eg har sett på er samla inn i samband med *MultiLit*. Desse vart gjennomførte på eit anna tidspunkt enn innsamlinga gjekk føre seg. Difor har norsklærarane til klassane delt elevane sine tentamenstekstar. Dette vart også gjort på sikker måte i *OneDrive*. Elevane hadde i tentamenssituasjonen skrivedag på skulen, der dei fekk tre oppgåver. Dei to fyrste oppgåvene var kortsvarsoppgåver som hadde tre underoppgåver kvar: a, b og c. Her skulle kvar elev svara på alle spørsmåla. Elevane fekk oppgitt kor mange setningar svaret skulle innehalda (mellom 2-6 setningar). Oppgåve 3 var ei langsvarsoppgåve der elevane skulle velja mellom fire ulike alternativ. Omfanget på denne skulle vera 600–800 ord (sjå Vedlegg 2).

Tentamenstekstane informantane mine har skriva ligg på mellom 1200–1800 ord for kvar informant.

Skriveøkta vart skriven på PC i *Word*, der elevane hadde fem timar tilgjengeleg for å skriva. I *Word* får elevane raude strekar under dei orda som skriveprogrammet ser på som feil. I tillegg har elevane tilgang til ordbok på nett, og vart på førehand av skriveøkta oppfordra til å bruka digital ordbok (Ordbokene.no). Dei har ikkje fått utdelt vurderingskriterium til denne skriveøkta, men dei har på førehand fått beskjed om at dei må hugsa på å sjekka opp i rettskrivinga medan dei skriv.

I denne skrivesituasjonen har eg i tillegg til å sjå på avvik, sett på kva for infinitivsform kvar informant har teke i bruk. I Voss herad sitt *Klart språk* (sjå 2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift), vert *a*-infinitiv drege fram som forma nærast talemålet. Av den grunn oppmodar Voss herad om å bruka denne infinitivsendinga. Det er likevel ikkje eit avvik frå nynorsknorma å skriva *e*-infinitiv. Eg kommenterer dette difor her, då det er ein observasjon eg tek vidare med i drøftinga.

Teksttype 1, tentamensteksten, kan med dette skildrast som ein tekst som er skriven i ein formell skrivesituasjon, med ein mottakar som har som rolle å vurdere innhald og språk i teksten. Teksten er skriven med tilgang til skrivestøtteprogram, i form av digitale hjelpemiddel og fysiske ordbøker.

3.2.3 Notatboktekstar

Den andre teksttypen eg har sett på er notatboktekstar. Desse tekstane er henta frå elevane sine notatbøker i norskfaget. Notatboktekstane inneheld tekst som er skriven som notat frå undervisning, og svar på oppgåver som er gjort i samband med desse. Notatboktekstane er skrivne for hand utan tilgang til rettskrivingsprogram på PC. Dette skil denne skrivesituasjonen frå tentamensteksten, då elevane i handskriving ikkje får opp korrigeringsmerking i teksten om ord er «feil» ut frå målforma dei skriv (sjå 2.6.4 Digital skriving). Skrivninga som vert gjort i desse notatbøkene er ikkje presisert for elevane at skal vera formelle eller uformelle. Desse bøkene ligg i hyllene til elevane på skulen. Lærarane har ingen praksis der dei samlar inn og «sjekkar» desse bøkene, sidan dei er meint for elevane sjølve, altså til eige bruk. Likevel er skulen ein formell skrivestad, som kan påverka av skivinga til elevane. Eg har teke kopi av tilfeldige sider i elevane sine notatbøker, der dei hadde skriva ein del tekst

(ikkje stikkord/ordsky). Notatboktekstane til informantane eg har er på mellom 100 og 200 ord.

Desse tekstane er interessante å sjå på då eg i forskinga mi ynskja å undersøkje skrivning i ulike situasjonar. Ein slik teksttype er i dette tilfellet gjort utan hjelp frå rettskrivingsprogram, noko som gjer at elevane må stola på kva dei sjølv kan og veit om eiga rettskriving. Eg kunne ha sett på notatbøker frå andre fag i staden for, eller i tillegg til norskfaget, for å sjå om det er ulik grad av normering her. Eg valde å halda meg til notatbøker i norskfaget, for å på denne måten prøva å sjå ein heilskap rundt skrivninga i og rundt dette faget.

Notatboktekstane har eg samla inn på eiga hand i ettertid av *MultiLit*-innsamlinga. Eg fekk då sjå i notatbøkene til dei aktuelle informantane og ta fysisk kopi av tekstane eg ynskja. Her var det ingen informasjon om verken elevane eller andre i tekstane. Eg markerte dei fysiske kopiane med kodennummeret til den aktuelle informanten, altså ikkje namn. Tekstane eg har samla inn på eiga hand er innanfor rammene til same prosjekt då dei held seg til tidsramma *MultiLit* har i si *Sikt*-vurdering på den aktuelle skulen (sjå vedlegg 3). Notatboktekstane eg henta inn hadde ingen form for opplysningar om informantane.

Teksttype 2, notatbokteksten, kan med dette skildrast som ein tekst som ikkje vert definert verken som formell eller uformell. Notatbokskrivninga er for elevane meint å vera ei slags hjelp til seg sjølv. Elevane har ingen hjelp til skrivninga si med tanke på retting og retteprogram. Sjølv om denne teksten er mindre formell enn ei tentamensoppgåve, er notatbokteksten òg skriven på skulen, som er ein formell situasjon for skrivninga.

3.2.4 Fritidstekstar

Den tredje teksttypen eg har sett på er fritidstekstar. Desse tekstane er henta frå elevane sine mobiltelefonar. Fritidstekstane er skrivne på mobiltelefon i ein uformell skrivesituasjon (sjå 2.6.3 Skrivning i uformell samanheng (til nokon ein kjenner godt)).

Fritidstekstane vart samla inn gjennom *MultiLit*. Her laga Kirsti Lunde ein prosedyre for korleis desse fritidstekstane skulle samlast inn (Lunde & Røynealand, 2023, s. 1). Vidare vil eg forklara med eigne ord, ut frå prosedyren til Lunde, korleis denne innsamlinga gjekk føre seg. For å henta data frå sosiale medium henta me elevar ut frå klasserommet. Kvar elev hadde her ein forskar å forhalda seg til. Dette for å trygga elevane. Før elevane delte tekst gjekk me

gjennom kva tekst som var ynskjeleg. Her vart det påpeika at ynsket var skriving om generelle ting, og ikkje innhald som kunne verka støytande for eleven sjølv eller frå *tredjeparten*. Tredjepart i dette høve, vil i fylgje Lunde og Røynealand (2023) vera: «mottakaren av donerte tekstmeldingar, eller personar som vert omtalt i tekstmeldingane» (Lunde & Røynealand, 2023, s. 6).

Etter å ha gått gjennom dette, vart det teke bilete av eleven sin mobilskjerm med iPadar, som var drifta av Høgskulen på Vestlandet (Lunde & Røynealand, 2023). Dei fleste elevane delte her samtalar enten frå SMS eller Snapchat. Den det vart delt tekst saman med måtte vera elev på same trinn på same skule. Dette for å avgrensa omfanget av tredjepartar i samtalan. Elevane fann sjølve fram kvar i meldingsloggane sine dei ville dela frå, før dei sjølv tok bilete med iPaden. Elevane delte alt frå eitt til fem-seks bilete frå eigne meldingsloggar. Etterpå lagra me som forskarar, saman med den enkelte elev, filene i OneDrive og sletta bileta som var lagt i «kamerarull» på iPaden (Lunde & Røynealand, 2023).

Etter at det var henta ut fritidstekstar frå elevane, måtte dei som var tredjepartar i meldingane, godkjenna teksten/tekstane som var delt. Dette gjorde me fordi informert samtykke til å delta i forskning er eit forskningsetisk grunnprinsipp, og dette gjeld også tredjepartar i forskinga. Det vart påpeika fleire gongar at om elevane ombestemte seg, var det lov å trekkja seg og/eller fritidstekstane sine frå forskingsprosjektet, akkurat når dei ynskja det (Lunde & Røynealand, 2023, s. 7).

Når det gjeld mitt eige prosjekt har eg plukka ut dei meldingane informantane mine har skrive frå samtalan dei har delteke i. Det vil seia at eg har henta ut meldingar frå andre informantar sine delingar, men berre tekst som er skrive av mine informantar. Eg har altså ikkje sett på tredjeparten i fritidstekstane, og kan difor ikkje sjå om informanten har vorte påverka på nokon måte av korleis mottakaren skriv. Eg har heller ingen informasjon om kva innstillingar elevane har på telefonane sine. Eg veit difor ikkje om dei har på autokorrektur eller andre former for støtte når dei skriv. Fritidstekstane til informantane ligg på mellom 20 og 100 ord for kvar informant. Grunna at desse fritidstekstane ikkje er like omfattande i mengde som dei andre teksttypene, har eg valt å leggja desse tekstane inn i analysen. Dette har eg gjort ved å leggja dei inn som figurar (figur 1–5). I dei tilfella der informanten har skrive til ulike tredjepartar er dette delt av i sjølve teksten med skiljestrek. I til dømes Andrea sin fritidstekst (sjå Figur 1: Fritidstekst Andrea) kan ein sjå at ho har skrive med to ulike tredjepartar i fritidsteksten sin, då hennar figur er delt i to. Dette vil også stå i sjølve teksten.

Teksttype 3, fritidsteksten, kan med dette skildrast som ein tekst som er skriven i ein uformell skrivesituasjon, altså uformelle tekstar. Likevel kan det tenkjast at nokre av meldingane har vorte skrivne på skulen, sjølv om det ikkje er tillate at elevane brukar mobilen på skulen. Dette kan gjera at dei, på same måte som notatboktekstane, kan ha vorte skrivne på ein formell stad.

3.3 Val av informantar

Mykje av grunnen til at eg har sett på elevar i Voss herad, er at eg ynskde å undersøkje ein nynorskkommune der størsteparten av elevane har nynorsk som hovudmål og har eit talemål som er nokså einsarta. Voss er som tidlegare skrive ein kommune i det nynorske kjerneområdet. Denne tettstaden er eit fokusert språksamfunn, der språket og dialekta er viktig for innbyggjarane, og har vorte lite påverka av området rundt (sjå 2.5.2 Talemålet på Voss).

Sosiale medium har ein sentral plass i unge si skrivning. Det vart då naturleg å studere elevar på ungdomstrinnet. Dette grunna at ein må vera 13 år for å få tilgang til ulike forum på sosiale medium. Studien til *MultiLit*-prosjektet femna om elevar på ein ungdomsskule i Voss herad, altså elevar over 13 år (Lunde & Røynealand, 2023).

MultiLit samla inn eit større omfang materiale enn det eg har teke i bruk. Det vart samla inn tekst frå alle i målgruppa på skulen, men ikkje alle elevar deltok ved å dela tekst i dei ulike skrivesituasjonane. Grunna at eg ynskja å sjå på eit mindre utval elevar, tok eg vidare utgangspunkt i ein av klassane som var med i prosjektet. Eg ynskja å samla informantane mine i ein klasse for å kunna samla inn notatboktekstar på eiga hand i ettertid av prosjektveka, og då halda kontakten med ein av lærarane på trinnet.

Val av informantar kan knytast til det Christoffersen og Johannessen (2018) omtalar som *strategisk utval*. I dette ligg det at forskaren fyrst må tenkja gjennom kva målgruppe som gjev nødvendige data, for deretter å velja ut personar til undersøkinga (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 50–51). Sidan informantane i denne undersøkinga må vera over 13 år grunna aldersgrense på sosiale medium, ha tilknytning til Voss, i tillegg til å alltid ha hatt nynorsk som hovudmål, ligg det nokre kriterium til grunn for informantutveljinga. Ei slik utveljing der informantane vert valde ut ifrå spesielle kriterium kan kallast *kriteriebasert utvelgelse* (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 50–51).

Eg såg fyrst etter kva elevar som hadde fått godkjent deltaking i prosjektet frå føresette, i tillegg til å ha godkjent sjølv. Etter dette fann eg ut kven av elevane som hadde delt fritidstekst med prosjektet. I klassen var det ni av elevane som hadde delt og godkjend bruken av fritidstekst, og difor oppfylte dette kravet. Elevane som ikkje hadde delt fritidstekst vart difor «luka» ut, då dette var eit av kriteria eg hadde for å kunna sjå på tekst i ulike skrivesituasjonar til kvar informant.

Vidare såg eg på bakgrunsskjemaet til kvar av desse ni elevane. Her såg eg at elevane alltid har hatt nynorsk som hovudmålet sitt. Eg såg òg om desse ni elevane var frå, eller hadde tilknytning til Voss. Eg har ikkje teke omsyn til kor lenge informantane har budd på Voss, så lenge informantane har ei tilknytning til Voss. Dette for å kunna sjå på korleis det faktisk *er* i språksamfunnet eg har forska på, og ikkje ha for mange krav til kven som skulle få «lov» å vera med i undersøkinga. Det var då ein av elevane som ikkje hadde nynorsk som hovudmål som eg valde å ta ut frå utvalet mitt, då dette var eitt av kriteria eg hadde for informantane.

Eg hadde då åtte elevar att som eg gjekk igjennom fritidstekstane til. Eg såg då at tre av elevane hadde delt fritidstekstar der dei sjølv ikkje hadde skrive meir enn eitt par ord. Desse har eg teke vekk frå utvalet, då eg ikkje har grunnlag for å sjå på deira fritidstekstar med berre eit par ord i ein av skrivesituasjonane. Eg stod att med fem elevar som eg har teke vidare inn i forskingsarbeidet som informantane mine. Desse elevane har eg valt å gje ulike namn. Då kjønn ikkje spelar ei sentral rolle i undersøkinga, er namna tilfeldige. Informantane mine har fått namna: Andrea (302), Brage (303), Casper (324), Dina (334) og Emilie (342). Talet som står i parentes bak namnet er nummeret den enkelte eleven har fått i *MultiLit*-prosjektet. Dette nummeret vil stå i analysen, slik at det skal vera mogleg for andre i *MultiLit*-prosjektet å finna fram til dei ulike informantane i prosjektet. Informantane mine vert presentert i kvar sin del i analysen (sjå 4.0 Funn i analysen).

Eg har eit relativt stort tekstmateriale, sjølv om eg har eit lite utval elevar i undersøkinga mi. Utvalet mitt er altfor lite til at svara eg får er generaliserbare for alle elevar frå same kommune, i mitt tilfelle Voss herad. Resultata eg finn kan likevel «påpeke og drøfte trekk som går igjen hos et utvalg elever» (Nygård, 2020, s. 188), og brukast til å få ei «djupare innsikt og forståelse av sammenhengene mellom språk og de konkrete individene som brukar språket» (Akselberg & Mæhlum, 2019, s. 77). Eg vil altså kunna få innsikt i desse elevane sine språklege trekk i ulike tekstar og sjå samanhangen mellom korleis dei skriv i ulike situasjonar. Eg kan òg ut frå dette samanlikna skrivesituasjonane og få ei innsikt i kva måtar

informantane skriv i desse situasjonane. Sjølv om utvalet mitt har få informantar, kan eg få ei forståing for informantane si skrivning og på den måten seia noko om språktrekka som går att.

3.4 Handsaming og transkripsjon

Etter å ha samla inn data var det ein del som måtte på plass for at forskarane i *MultiLit* kunne transkribera tekstane på same måte. Den største transkriberingsjobben var i fritidstekstane. Her vart det, gjennom *MultiLit*, delt opp i kven som skulle transkribera kva av fritidstekstane som var samla inn. Alt materiale har under heile prosessen vorte lagra i *OneDrive*. I transkriveringsarbeidet har me som forskarar skrive teksten frå bileta på iPadane (som har vorte lagra i *OneDrive*) inn i eit *Word*-dokument. Først kopierte me tekstane til ein grovtranskripsjon, før me vidare gjorde desse om til fintranskripsjon ved å sjekka kva som stod i bileta. Alle personnamn, stadnamn, avsendarar og anna informasjon som kunne koplast til staden eller elevane, vart teke ut og erstatta med kvar elev sitt nummer og andre kodeord. Etterpå vart kvart bilete anonymisert med dei same kodane (Lunde & Røyneland, 2023). Dette kan ein sjå døme på i fritidsteksten til Brage (Figur 2: Fritidstekst Brage). Her står det «[S12]» i eine meldinga. Dette er døme på eit stadnamn som har vorte anonymisert.

Eg har på eiga hand gjort det same som over i notatbokskrivninga. Her har eg transkribert tekstane eg hadde fysiske kopiar av inn i ei *Word*-fil for å lettare ha det tilgjengeleg og kunna markera i teksten. Det var ingen tilfelle av namn eller anna som kunne knytast til informantane i desse tekstane.

Tentamenstekstane vart lasta rett opp i *OneDrive* av lærarane til elevane. Her har eg ikkje gjort noko transkribering, men gått igjennom tekstane for å sjå at det ikkje står namn eller anna informasjon som kan koplast til informantane.

3.5 Kategorisering og analyse av data

Eg vil vidare forklara korleis eg har gått fram for å analysera dataa som er samla inn frå informantane mine. Eg har gjennomført analysen min ved at eg har sett på tredelinga av tekstar eg har presentert tidlegare i oppgåva, i tillegg til å sjå på bakgrunnsskjemaet til informantane. Her er tentamenstekstar, notatboktekstar og fritidstekstar vorte handsama på

same måte. Eg har sett på alle avvik frå nynorsknorma i tekstane til kvar informant, der det er talemålsavvika om har vore styrande for kategoriseringane av materialet.

Eg har teke føre meg kvar elev sine tekstar og markert alle orda som er avvik frå nynorsknorma i ulike grupper ut frå kva type avvik dei er. Eg har teke utgangspunkt i den nynorske normeringa og brukt «ordbokene.no» for å sjekka opp i ord. Etter å ha funne avvik i alle tekstane laga eg ei oversikt over avvika eg fann, og ut ifrå desse avvika laga kategoriar for avvika. Det vil seia at eg ved å ta utgangspunkt i avvika i tekstane, har gått meir induktivt til verks for å finna avvikskategoriene til analysen min. Dette har gjort at det er materialet mitt som styrer analysen, heller enn at eg hadde laga eit førehandsoppsett som hadde vorte styrande for korleis analysen hadde vorte.

Etter dette sette eg funna til kvar informant inn i tabellar (sjå Tabell 1). Her presenterer eg fyrst kor mange ord kvar av tekstane inneheld, kor mange avvik det totalt var i kvar tekst og kor mange prosent dei samla avvika utgjer. Her har eg rekna ut prosenten ved å dela delen av talet (avvik totalt) med det heile (tal ord) og multiplisert dette med 100. Eg har med ein desimal i prosentane, og har runda opp ved hundredel over fem og runda ned ved hundredel under fem. Det er eitt unntak, då ein av informantane har under ein prosent avvik. Her har eg difor med to desimalar. Det er ulikt kor mange ord kvar av tekstane informantane har skrivne er på. Dette er ein av grunnane til at eg har valt å ha tabellar som viser avvika. Kor mange ord tekstane er på kan ha noko å seia for kor stor prosenten er. Difor er det viktig å påpeika at det er formatet til denne informasjonen som er kvantitativ med tal, tabellar og prosent, men informasjonen som står i tabellane er likevel ikkje noko som kan brukast til å laga statistikk ut frå, då ein ikkje kan kalla dei generaliserbare.

Etter å ha presentert dette ser eg på kva avvikskategori avvika høyrer til. Her har eg sett på kor mange av avvika som er knytt til talemål, kor mange som er knytt til bokmål og kor mange «andre avvik» det er i teksten. Ut frå kategoriene (sjå 3.5.1 Avvik knytt til talemål) fann eg avvik som kunne koplast til både talemål og til bokmål. Døme på dette kan vera om ein informant, grunna talemålet, har bøygd sterke verb med ei svak bøyging i presens. Dette vil i mange tilfelle samsvara med bokmålsnorma. Dette har eg valt å leggja fram som eit underpunkt innanfor «Avvik dialekt». Her er talet som står i tabellen talet på dialektavvik eg har funne totalt. Talet som står i parentes bak er kor mange av desse avvika som er samanfall med bokmål, i tillegg til å vera dialektavvik. Om ein informant har fem avvik knytt til talemål, der to av dei i tillegg er samanfall med bokmål, vil det i ruta «Avvik dialekt (samanfall med

bokmål)» stå 5 (2). Dette har eg gjort for å unngå at eg får fleire avvik som går over i ulike kategoriar, slik at det vert vanskelegare å visa oversikt på kor mange avvik som samla finst.

Tabellane eg har laga ut frå dette ser ut som tabellen under (*Tabell 1*). Eg har ein slik tabell for kvar av informantane, altså til saman fem tabellar. Her har eg samla informasjonen for kvar av dei tre ulike tekstane, og kan ut frå dette samanlikna tala frå dei. Desse tabellane vert presenterte etter at eg har sett på funna eg har gjort i tekstane til kvar informant i analysen. Det vil seia at eg har fem slike tabellar, ein som høyrer til kvar av informantane.

	Elevtekst	Notatbok	Fritid
Tal ord			
Avvik totalt			
Prosent avvik			
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)			
Andre bokmålsavvik			
Andre avvik			

Tabell 1: 3.4.1: Døme på tabell - informant

Eg har i tillegg gjort desse tabellane om slik at eg kan samanlikna informantane sine tekstar. Eg har her sett elevtekstane til informantane opp mot kvarandre for å kunna sjå korleis dei ulike informantane skriv i kvar tekst. Dette har eg òg gjort i notatboktekstane og fritidstekstane. Eg har då fått tre tabellar som ser ut som dei under, ein til kvar skrivesituasjon (sjå *Tabell 2*).

	Andrea	Brage	Casper	Dina	Emilie
Tal ord					
Avvik totalt					
Prosent avvik					
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)					
Andre bokmålsavvik					
Andre avvik					

Tabell 2: 3.4.1: Døme på tabell - skrivesituasjon

Her er kategoriene dei same som i *Tabell 1*. Det ein kan sjå i desse tabellane er avvika til alle informantane i kvar av skrivesituasjonane. Kvar informant har fått kvar sin fargekode. Desse fargane går att i dei ulike tabellane for å lettare å halda oversikt over informantane.

3.5.1 Avvik knytt til talemål

Problemstillinga mi spør om kva måtar talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad kjem fram i ulike skrivesituasjonar. Difor er det avvika knytt til talemålet eg hovudsakleg ser på i forskinga mi. Desse har eg, ut frå avvika eg fann, kategorisert i tre hovudkategoriar. Desse avvika har eg teke i bruk i den kvalitative analysen der eg brukar kategoriene for å få eit nærare innblikk i kva for avvik den enkelte informanten har i tekstane sine. Avvikskategoriene innanfor talemål er verb, substantiv og småord. Desse vil eg vidare presentera kvar for seg.

3.5.1.1 Verb

I tekstane har eg sett på typiske bøyingsavvik som vert gjort ved bøyning av verb. Her har eg teke føre meg talemålstrekk knytt til både sterke og svake verb. I dei sterke verba har eg sett etter svarabhaktivokal, som kan gjera at nynorske verb vert bøyde med ein innskotsvokal i endinga. Av dei svake verba er det avvika knytt til bortfall av konsonant i trykklett ending eg har sett etter. Her er det oftast r-bortfall grunna at uttalen av mange svake verb får eit bortfall av konsonanten i endinga. Døme på dette er «å hoppa» som i presens vert uttala «no

hoppa/hoppe eg», ikkje «no hoppar eg» som ville vore korrekt etter nynorsknorma (sjå 2.5.2 Talemålet på Voss).

Eg vil òg sjå om eg finn avvik knytt til overgeneralisering (hypernynorsk) i tekstane. Her er det tilfella knytt til sterke verb som er mest aktuelle, då det er desse som er knytt til talemålet (sjå 2.5.2 Voss som språksamfunn i tale og skrift). Eg vil òg nemna om det er andre tilfelle av overgeneralisering, men desse vil verta sett på som «andre avvik», grunna at dei ikkje kan koplant til talemål.

3.5.1.2 *Substantiv*

Den andre avvikstypen eg har sett på er typiske bøyingsavvik som vert gjort ved bøyning av substantiv. Her har eg sett etter om substantiv i ubestemt form fleirtal har fått bortfall av trykklett endingslyd (konsonant) (Sjå 2.5.2 Talemålet på Voss). Her er det endingskonsonanten *-r*, den som oftast fell bort. Ein ser òg dette avviket på substantiv i bestemt form eintal. Her er det stumme *t*-ar og andre konsonantar som kan fella bort. Til dømes «huset» som vert skrive *huse*.

Eg har også sett etter delt hokjønnsbøyning i substantiva, noko som er vanleg i store delar av det vestnorske målområdet. Det vil seia at svake og sterke hokjønnsord har ulik ending i bestemt form eintal (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 92). Døme på dette kan vera at *jento badar i elve/elva*. Der jenta (*jento*) er eit svakt hokjønnsord og elv (*elve/elva*) er sterkt. I tillegg kan ein i ubestemt form fleirtal få bortfall av trykklett *-r*.

3.5.1.3 *Småord*

Den siste kategorien eg har teke føre meg har eg kalla for *småord*. Her har eg sett på *spørjeord*, *determinativ*, *eigendomsord* og eit par tilfelle av verb, som ikkje kan setjast inn i verb-kategorien over. Eg har valt å ha desse orda under eitt då det er få tilfelle av dette i kvar tekst. Desse småorda er ord som er vanlege i talemålet på Voss, og som eg ikkje har funne i noko oppslagsverk om vossamålet.

Uttalen av spørjeord på Voss ligg opp mot nynorsknorma. *Ka* og *kem* liknar i uttalen nynorsknorma, «kva» og «kven». «Korleis» og «kvifor» kan verta uttala *koffø* eller *koffor*.

Eigendomsorda på Voss samsvarar med nynorsknorma når ein ser på 1. – 3. person i alle former, med unntak av tredjeperson, der «hennar» ofte vert uttala *hennas*. Altså: «Det var *hennas* bok du tok med deg». Når det kjem til fleirtal er 1. person fleirtal lik som nynorsknorma, der ein oftast seier «me» og ikkje «vi» (Voss herad, u.å.). I 2. person fleirtal der «de/dokker» og «dykk/dokker» er etter nynorsknorma, vil ein i begge tilfella seia *dekan* på Voss. I 3. person vil ein, slik som i nynorsknorma, seia «dei».

Eit anna avvik knytt til talemålet på Voss er determinativet «det». På Voss, og mange andre stadar på Vestlandet, vil dette verta uttala *da*.

I tillegg til presentert teori har eg i nokre tilfelle funne ord som kan koplast til talemål, som det ikkje står om i noko oppslagsverk. Dette grunna min eigen posisjon, då eg sjølv er fødd og oppvaksen på Voss. Difor har eg stola på meg sjølv når det kjem til desse avvika, som alle er på ordnivå. Det vil seia at eg har funne nokon ord som ikkje «passar inn» i dei andre kategoriane, som eg med eigen bakgrunnskjenning har valt å sjå på som talemålsavvik, som har vorte plassert i kategorien «andre avvik» i talemålet.

3.5.2 Andre avvik i tekstane

Sjølv om det er dialektavvika eg har størst fokus på i forkinga mi, synest eg det er viktig å presentera dei andre avvika i tekstane. Difor har eg kort skrive om kva «andre avvik» eg har funne i dei ulike tekstane til kvar elev. Dette for å få eit heilskapleg bilete av tekstane til informantane. Her har eg sett på «andre bokmålsavvik» (som ikkje kan knytast til dialekt) og skrivefeil. Eg har her kalla noko for *slurvefeil*. Dette er avvik frå nynorsknorma der informanten har byta om på bokstavar eller liknande på ord som hen har skrive etter nynorsknorma andre stadar i teksten. Dette kan vera om ein informant til dømes har skrive «det gjekk bra» og i neste setnings skriv «gejkk» i staden for «gjekk», eller liknande. Det er òg nokre døme på overgeneralisering (hypernynorsk) i denne delen (sjå 2.5.2 Talemålet på Voss). Dei tilfella av overgeneralisering som gjeld svake verb vert ikkje kopla til talemål, då det ikkje er samanheng i måten dei står skrive - og måten dei vert uttala i dialekta.

Dette kan til dømes vera at «å visa» vert bøygd til «visar», i staden for «viser» i presens. Dette vil verken samanfalla med talemål eller bokmål, noko som gjer at det vert plassert som andre avvik (Sjå 2.5.2 Voss som språksamfunn i tale og skrift).

3.6 Reliabilitet og validitet

3.6.1 Reliabilitet

Grønmo (2016) skriv at reliabiliteten i ei studie viser til datamaterialet si pålitelegheit (s. 240). Det vil seia at det skal vera mogleg å fylgja korleis analysen og forskingsarbeidet har vorte gjennomført. Den beste måten å finna ut om reliabiliteten til ei studie, er å gjenta studia på eit anna tidspunkt for å sjå om funna i studia då vil vera det same (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Samstundes er dette vanskeleg å gjennomføra, grunna at fenomenen som vert studert ofte endrar seg raskt og stadig er i endring. Dette gjer at svara ein får kan endra seg mykje på kort tid, noko som kanskje gjeld språket spesielt som stadig er i endring (sjå 2.3 Språkleg normering).

Posisjonen til forskaren er også viktig når det kjem til reliabilitet. Det er ulikt kva teori og bakgrunnskjennskap ulike forskarar har i ulike felt, noko som kan påverka forskinga. I mitt tilfelle, der forskingsstaden er Voss herad, kan det påverka resultatet at eg har gjennomført studia mi på ein stad med ei dialekt som eg kjenner godt. Dette kan påverka positivt, på den måten at eg kan kjenna meg att i korleis skrivinga til informantane er og få eit betre heilskapleg bilete rundt det dialektale. Eg vil også kjenna til ord og vendingar i skrivinga, som eg gjerne har brukt/brukar i mi eiga skriving. Samstundes har det vore viktig for meg å ikkje oversjå viktige aspekt, nettopp fordi eg er i eit felt eg kjenner godt. Det har difor vore viktig for meg å prøva å halda ein nokså nøytral posisjon, sjølv om ein fullstendig nøytralitet ikkje kan eksistera i slike undersøkingar (Tjora, 2013, s. 203–205).

3.6.2 Validitet

Validiteten til forskning går ut på om data som er samla inn er relevante for problemstilling og om ein kan trekkje gyldige slutningar etter forskingsarbeidet (Stjernholm, 2021, s. 85). I denne studia går validitet ut på om materialet som er samla er eigna for å sjå på korleis elevar på ein skule på Vestlandet skriv i ulike situasjonar. Ved å sjå på tekstar der dei same

informantane har skriva i ulike skrivesituasjonar, har eg kunna danne meg eit bilete av dei informantane eg har i utvalet mitt. Eg har få informantar i forskinga mi, men ei relativt stor og variert mengde tekst frå kvar informant. Det at eg har tekstar frå ulike skrivesituasjonar gjer at eg kan sjå på måtane informantane vel å skriva i ulike situasjonar, både formelle og uformelle.

Mykje av datamaterialet eg har teke i bruk er utvikla gjennom *MultiLit*. Gjennom bakgrunnskjemaet har eg som forskar fått vita ein del om informantane mine. Eg veit kvar informantane er fødd og oppvaksne, kva talemål dei meiner dei har, skriftspråket til informantane og korleis dei sjølv tenkjer dei skriv i ulike situasjonar (sjå 3.2.1 Bakgrunnskjema). Eg tenkjer at slik bakgrunnsinformasjon er ein styrkje for oppgåva, då eg på denne måten får eit betre bilete av den enkelte eleven. Eg veit kva dei sjølv tenkjer om si eiga skriving og får vita måten/måtane informantane er knytt til staden for undersøkinga.

Tekstane som vart delt frå sosiale medium har elevane sjølv valt ut. Desse tekstane fann elevane på eigne mobiltelefonar då innsamlinga gjekk føre seg. Elevane visste ikkje på førehand at akkurat denne skrivinga skulle forskast på, og hadde difor ikkje fått tid til å tenkja over korleis dei har ordlagt seg, anna enn det dei ville gjort til «vanleg». På den måten er det sikra at fritidstekstane er autentiske og ikkje har vorte «pynta på» for dette prosjektet.

Elevtekstane, altså frå tentamen, er i ei setting som kan vera stressande for mange elevar. Her har informantane fem klokkeimar der dei *må* produsera ein tekst som skal vurderast. Her kan mange faktorar spela inn på korleis tekstane vert. Alt frå dagsforma, til om informantens syns oppgåva var lett eller vanskeleg. Dette har eg ikkje innsyn i, og difor ikkje kunna ta omsyn til. I tekstane eg har henta frå notatbøker fekk eg notatbøkene til alle elevane i klassen informantane er frå. Eg tok kopi av sidene i bøkene til informantane som var aktuelle, og markerte dei med koden til informantane. Sjølv om elevane har godkjend å vera med i prosjektet, har dei ikkje visst kva tekstar som skal forskast på. Dette for å mest mogleg kunna sikra reliabiliteten for tekstane som vart samla inn.

3.6.3 *Etiske omsyn*

Når det skal forskast på elevtekst, og spesielt tekstar frå sosiale medium, er det mange forskningsetiske vurderingar ein må ta omsyn til (Hårstad, 2020a, s. 148). Eg har presentert fleire av desse undervegs i dette kapitlet. For å tydeleggjera nokre av dei etiske omsyna, vil eg kort påpeika nokre av dei.

Føresette har på førehand av innsamlinga fått eit informasjonsskriv der dei har samtykka til at deira elev kan delta i forskinga (sjå vedlegg 1). Elevane har både gjennom informasjonsskriv og undervegs i innsamlingsveka vorte gjort merksame på at dei når som helst kan trekka seg sjølve eller tekstane deira frå undersøkinga.

Elevane fekk før innsamlingsveka eigne kodar som dei brukte i ulike forsøk, og i sjølve datainnsamlinga. På denne måten stod ikkje namnet til elevane på andre plassar enn i eit dokument i *OneDrive*, der me hadde oversikt over kodane til elevane (Lunde & Røyneland, 2023). Eg har i tillegg til desse nummera valt å gje informantane mine namn. Desse er fiktive og kan på ingen måte koplast til kvar informant.

Tekstar ein skriv på sosiale medium kan vera private. Det vart difor, i tillegg til samtykkeskjema der føresette godtok deltakinga, viktig at elevane skulle bestemma sjølve kva dei ville dela av fritidstekst. Dei innsamla fritidstekstane er gått gjennom og transkribert av to ulike forskarar, noko som sikrar at det ikkje står noko i fritidstekstane som kan identifisera eleven, elevgruppa eller skulen dataa er henta frå (Lunde & Røyneland, 2023). Tredjeparten har òg godkjent aktuelle tekstar.

4. Funn i analysen

Eg vil i dette kapitlet presentera funn eg har gjort i analysearbeidet mitt. Sjølve tekstanalysen min er todelt, der eg fyrst gjer ei framstilling av funn knytt til kvar informant før eg ser på avvika til informantane i dei tre ulike skrivesituasjonane.

I framstillinga av kvar av informantane har eg fyrst ein informantpresentasjon. Etter dette tek eg føre meg tekstane til informanten i rekkjefylgja: tentamen, notatboktekst og fritidstekst. Her presenterer eg ein detaljert gjennomgang av talemålsavvika knytt til informanten sine tekstar. Dette vert lagt fram i tekstform, som den kvalitative delen av oppgåva. Her ser eg på avvik frå nynorsknorma knytt til kategoriane verb, substantiv og småord (sjå 3.5 Kategorisering og analyse av data) ved å sjå på talemålsinnsлага i tekstane.

Når eg presenterer avvik eg har funne, står dei som kursiv i teksten. Eg har i nokre tilfelle markert avvik med understrek, dette for å tydeleggjera kvar i ordet avviket ligg. Når eg viser til korleis avviket skal skrivast etter nynorsknorma, vil desse orda stå mellom slike teikn (^). Dei stadane eg viser til andre former for avviket vil desse stå i anførselsteikn. Eg vil òg ta i bruk anførselsteikn om eg viser til døme på setningar frå tekstane. Her vil setninga stå i anførselsteikn og avvika i kursiv.

Eg vil samstundes presentera andre, ikkje talemålsrelaterte, avvik knytt til tekstane. Desse har eg med for å få eit meir heilskapleg bilete av avvika til informantane. Eg går difor ikkje inn på kvar av dei på same måte som dei talemålsrelaterte, men ser på kva som går att. «Andre avvik» vert presentert i eige avsnitt på slutten av kvar tekstpresentasjon.

På slutten av kvar informantpresentasjon samlar eg trådane og oppsummerer kva avvik eg har funne. Her har eg talt opp alle avvika og plassert dei inn i ein tabell som gjer meg ei oversikt over korleis kvar informant skriv (sjå 3.5 Kategorisering og analyse av data).

Når alle informantane er presentert med bakgrunnsskjema, tre tekstar, samla tabell og ei oppsummering, vert funna samla i tabellar ut frå skrivesituasjonane (sjå *Tabell 2*) Her ser eg på mønster som går att i dei ulike skrivesituasjonane kvar for seg. Etter dette går eg over til drøftinga, der eg drøftar funna mine opp mot presentert teori.

4.1 Informant 1: Andrea (302)

4.1.1 Informantpresentasjon

Andrea er fødd i eit anna fylke enn der undersøkinga har gått føre seg. Ho flytta til Voss då ho var 13 år. Ein av hennar føresette er frå Voss herad. Som eg skreiv i metodedelen har eg ikkje teke omsyn til kor lenge informantane har budd i Voss herad, så lenge informanten har tilknytning til staden og alltid hatt nynorsk som hovudmål. Andrea har ein føresett som er frå Voss, og har sjølv budd på Voss i omlag 1,5 år då undersøkinga gjekk føre seg. Det at Andrea er med i undersøkinga gjer at eg får eit meir reelt bilete av korleis språksamfunnet faktisk er, og eg kan få eit bilete av om ho prøver å tilpassa seg det fokuserte språksamfunnet (sjå 3.3 Val av informantar).

I bakgrunnsskjemaet kryssar Andrea av for at ho blandar mellom den dialekta ho er oppvaksen med, frå staden ho budde før, og den lokale dialekta der ho bur no, altså på Voss. Ho kryssar av for at ho brukar den lokale dialekta med vener og på skulen, medan ho brukar dialekta ho er oppvaksen med når ho er heime. Ho skriv i bakgrunnsskjemaet at ho skriv dialekt eller dialektnært med vener, til føresette, på skulen si læringsplattform, chat/-diskusjonsforum og på hugselappar til seg sjølv. I melding eller e-post til lærar skriv ho nynorsk. Det kan tenkjast at nokre av avvika til Andrea kan vera knytt til dialekta ho er oppvaksen med. Dette har eg ikkje innsyn i. Av den grunn er talemålsavvika eg ser på dialekta som ho skriv at ho brukar med vener og på skulen, den lokale dialekta. Andrea skriv at ho er svært trygg i både nynorsk og bokmål, og at ho ikkje veit kva ho sjølv synest er vanskelegast med å skriva nynorsk etter gjeldande normering.

4.1.2 Tentamen

Andrea har ein tentamenstekst på 1335 ord. Ho skriv både *a*- og *e*-infinitiv i teksten sin. Døme på dette er at Andrea skriv «å seie», «å spørje», «å vita» og «å vera», noko som viser at ho ikkje er konsekvent på om ho skriv *a*- eller *e*-infinitiv i tentamensteksten sin. Av dei 1335 orda i tentamensteksten til Andrea er 68 av dei avvik frå nynorsknorma, der 16 av avvika kan knytast til talemål. Desse 16 avvika vil eg no gå nærare inn på.

I verba har Andrea avvik knytt til både sterke og svake verb. Andrea har ein del tilfelle av

sterke verb som har fått ei «ekstra» bøyning i presens. Ho skriv «*finner* han», «folk som *drikker*» og «eg *sitter*». Desse tre sterke verba skal ikkje ha noko bøyning i nynorsk (´finn´, ´drikk´ og ´sit´). Måten Andrea har skrive orda på, er riktig om ein ser på bokmålsnorma. Desse tre avvika vil difor ha samanfall med bokmålsnorma, og står som parentes i Andrea sin tabell (sjå *Tabell 3*). I tillegg har Andrea skrive verbet «å skriva» som *skrivar* i presens. Dette verbet er sterkt og skulle ikkje hatt ending men stått som ´skriv´. Dette kan òg koplant til svarabhaktivokalen, då dette verbet, i tillegg til alle verba over, ville vorte uttala med ein innskots-*e* på slutten. I det siste tilfellet har Andrea overgeneralisert slik at ordet har fått *-ar* i endinga (jf. Verb i kapittel 2.5.2). Eit anna avvik knytt til sterke verb er at Andrea åtte gongar i teksten sin har skrive *gjer*. «Blikket han *gjer* meg» og «han *gjer* meg motivasjon» er døme på dette. Dette avviket kan forklarast med at presens av infinitiven «å gi/gje» i vossamålet kan verta uttala *gjer*. I nynorsknorma kan ein skriva ´gjev´ eller ´gir´.

Når ein ser på svake verb i teksten til Andrea finn ein r-bortfall i presens og preteritum. Ho skriv «den *handle* om», «det *føle* ut som», «eg *meine* det» og «dei *gøyma* seg». Her skulle det fyrste verbet (*handle*) hatt *ar*-ending, og *meine* og *gøyma* hatt *er*-ending etter nynorsk normering.

Ein finn også eit tilfelle av r-bortfall i eit substantiv Andrea har skrive. Ho skriv: «[j]a, nokon *gonge*». Her finn ein bortfall av trykklett *-r* i endinga til substantivet ´gong´, som i fleirtal skal vera ´gonger/gongar´. Dette er det einaste talemålsavviket frå nynorsknorma ein finn i tentamensteksten til Andrea knytt til substantiv.

Det er ingen avvik knytt til talemål når ein ser på spørjeord, eigendomsord eller determinativ i teksten til Andrea, dei står alle som normert nynorsk i tentamensteksten hennar.


Andre avvik som ikkje er knytt til talemål i teksten til Andrea, er knytt til bokmål, skrivefeil, og nokre innslag av overgeneralisering. Av bokmålsavvik er det tydlegaste at Andrea har skrive «man», i staden for «ein» som ubestemt eigendomsord 19 gongar i teksten sin. Ho har 9 andre bokmålsavvik, altså 28 avvik som kan koplant berre til bokmål. Andrea har eit par tilfelle av overgeneralisering. Ho skriv «kanskje han *tenkjar* det eg *tenkjar*». Dette verbet skal ut frå nynorsknormalen ha *-er* i endinga, og fordi det er svakt kan det ikkje koplant til svarabhaktivokal (sjå Verb i kapittel 2.5.2).

4.1.3 Notatboktekst

Teksten som henta frå notatboka til Andrea er på 109 ord. Av desse orda er åtte ord avvik frå nynorsknorma. Det er ingen av desse orda som kan koplast til dialektpåverknad, verken knytt til verb, substantiv eller småord.

Avvika i teksten til Andrea er knytt til mellom anna bokmålsavvik, som ikkje kan koplast til dialekt, nokre tilfelle av særskrivingsfeil og slurvefeil der ein mellom anna finn manglande bokstavar i ord.

4.1.4 Fritidstekst



302-3: 302: Da e veldig søtt
302-11: 302: Da [Personnamn] sa

342-1: 302: Skal eg komma no
342-4: 302: Noe som kalles bil
342-6: 302: Kan eg få mat
342-7: 302: Eller skal eg eta
342-12: 302: Ka spiste dei
342-15: 302: Ka hadde dekan til middag
504-10: 302: Dei va FETE

Figur 1: Fritidstekst Andrea

Andrea sine fritidstekstar er henta frå to ulike samtalar. I desse samtalane har Andrea skrive 9 meldingar, som til saman utgjer 34 ord. Av desse orda er elleve avvik frå nynorsknorma, der sju av dei kan koplast til talemål. Eg går no vidare inn på desse sju avvika.

Av avvika knytt til verb er det i desse meldingane spesielt det sterke verbet «å vera» ein finn avvik i. Andrea skriv i presens *e*, for `er´ og i preteritum *va* for `var´. Her har begge verbtidene fått r-bortfall i endinga.

Ser ein på substantiva i fritidsteksten til Andrea, er det ingen talemålsavvik frå nynorsknorma.

Dei fleste talemålsavvika er knytt til småord. «*Ka* hadde *dekan* til middag» er ei av meldingane Andrea har sendt. Her har Andrea skrive *ka* for spørjeordet «kva» og brukt *dekan* som eigendomsord. I andre meldingar har ho skrive *da* for determinativet «det».

I andre avvik, som ikkje er knytt til talemål, finn ein tre avvik som er knytt til bokmål i teksten til Andrea. Eitt av desse er *spiste* som ho skriv i presens perfektum for verbet «å eta/spisa». Ho skriv *spiste* i ei melding, og i setninga før har ho skrive «[e]ller skal eg eta». Det kan henda Andrea vekslar på å seia desse to, men då det ikkje er eit typisk talemålstrekk på Voss har eg plassert det som «andre bokmålsavvik»

4.1.5 Samla

	Tentamen	Notatbok	Fritid
Tal ord	1335	109	34
Avvik totalt	68	8	11
Prosent avvik	≈5,1%	≈7,3%	≈32,4%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	16 (3)	0 (0)	7 (0)
Andre bokmålsavvik	28	3	3
Andre avvik	24	5	1

Tabell 3: 4.1.5: Avvikstabell Andrea

Når ein set tekstane til Andrea ved sida av kvarandre kan ein ut frå tabellen over sjå at prosenten avvik frå nynorsknorma vert mindre dess meir formell skrivesituasjonen er. Andrea har færrest avvik i tentamensteksten sin og flest avvik i teksten ho har skrive i fritidsskrivinga si.

I dei to situasjonane som er mest formelle av dei tre er det få avvik knytt til «småord». I den minst formelle skrivesituasjonen, fritidsteksten, er dei fleste avvika til Andrea knytt til småord der ho tek i bruk talemålsnære former for spørjeord, eigendomsord og determinativ.

Av andre avvik som ikkje er knytt til talemål, har Andrea mest avvik knytt til bokmålsnorma

når ein ser på tentamensteksten hennar. Andrea har lite skrivefeil og slurvefeil i fritidsteksten sin, noko ein kan sjå under «andre avvik» (sjå *Tabell 3*). Dette har Andrea fleire av i notatbokteksten og ein del av i tentamensteksten sin.

4.1.6 Oppsummering Andrea

Andrea si skrivning er ulik i dei tre skrivesituasjonane eg har sett på. Ho har ein god del avvik knytt til bokmålsnorma i tentamensteksten sin, medan dei fleste avvika i fritidsteksten er knytt til talemål. Andrea har skrive i bakgrunnskjemaet at ho er svært trygg i nynorsk. Likevel er ho den informanten med nest flest prosent avvik når ein ser på den skrivesituasjonen som er mest formell, altså tentamensteksten.

Andrea skriv i bakgrunnskjemaet at ho ikkje veit kva ho sjølv synest er det vanskelegaste med å skriva nynorsk etter gjeldande normering. Avvika hennar vekslar mellom bokmål og dialekt i alle dei tre tekstane. Andrea har ikkje budd på Voss før ho var 13 år, likevel har ho ein god del dialektavvik knytt til vossamålet, spesielt i fritidsteksten sin.

4.2 Informant 2: Brage (303)

4.2.1 Informantpresentasjon

Brage er fødd på Voss og har aldri budd utanfor Vestland. Han har alltid hatt nynorsk som hovudmål. Han skriv at han snakkar vossamål med vener, heime og på skulen. Brage oppgjev at han skriv nynorsk, dialekt eller dialektnært og blandar ulike språk/dialektar med vener på sosiale medium, i chat-/diskusjonsforum og på melding til føresette. På melding/e-post til lærar eller på skulen si læringsplattform skriv han nynorsk. På hugselappar til seg sjølv skriv han nynorsk og dialekt eller dialektnært. Han kjenner seg ganske trygg i nynorsk og verken trygg eller uttrygg i bokmål. Det vanskelegaste med å skriva rett nynorsk synest han er å skilja nynorsk frå bokmål eller at han blandar inn ord og former frå bokmål.

4.2.2 Tentamen

Brage har skrive den lengste tentamensteksten av informantane. Han har òg minst avvik frå nynorsknorma av dei fem informantane. Brage skriv gjennomgåande *e*-infinitiv i teksten sin.

På 1773 ord har Brage 17 avvik frå nynorsknorma, som vil seia rett under 1% (0,96). Av dei 17 avvika kan ingen av dei koplant til talemål. Brage har heller ingen avvik som kan koplant til bokmålsnorma.

Det vil seia at alle avvika til Brage går under kategorien «andre avvik». Av desse kan to koplant til overgeneralisering. Han skriv «som *visar* ein mann i skogen» og «å stange i *stykkar* vindaugget». Her har verbet «å visa» fått *ar*-ending i staden for *er*-ending i presens, og fordi det er eit svakt verb kan det ikkje koplant til talemålsavvik. Substantivet «eit stykke» fått *ar*-ending i fleirtal, der det ikkje skal vera noko «-r» i endinga. Dei resterande avvika er for det meste skrivefeil, som eg vil kalla slurvefeil grunna at Brage har skrive orda riktig andre stadar i teksten sin.

4.2.3 Notatboktekst

Notatboktekstane til Brage er på 156 ord totalt. Av desse er tre ord avvik frå nynorsknorma. Her kan alle tre orda kan koplant til dialekt, der to av dei er samanfall med bokmålsnorma. Brage skriv det sterke verbet «å skulla/skulle» i presens som *ska* i staden for `skal´ som det skal vera i nynorsknorma. Her har endinga på ordet falle bort.

Av småord i teksten til Brage finn ein to avvik knytt til dialekt. Brage har skrive *sammen* for `saman´ og *havna*, som på nynorsk vert skrive `hamna´, noko som kan vera måtar Brage uttalar desse orda. Sjølv om mange på Voss vil seia `saman´, er det nok mange unge som vil seia «sammen». Desse to tilfella er samanfall med bokmålsnorma. Brage har ingen avvik frå nynorsknorma når ein ser på substantiv, spørjeord eller eigendomsord, dei er alle skrivne etter nynorsknorma.

4.2.4 Fritidstekst

306-1: 303: Kva betyr det om «skulpturen har god kvalitet»
på eigenvurderinga

303-2: 303: Koffor va du ikkje på friidrett

303-4: 303: Hæ

303-5: 303: Eg drar ikkje på treningen fordi eg har grådig vondt

303-6: 303: E du med på friidrettsbano, so kan me stikka i [S12]
ittepå

303-8: 303: Åja

303-10: 303: Greit

303-12: 303: [Personnamn] e jo heilt sjuk

303-14: 303: Korleis veit du da

303-17: 303: Halv pris

303-18: 303: Når e da basket

303-20: 303: Halla

Figur 2: Fritidstekst Brage

Fritidsteksten til Brage er henta frå to ulike samtalar. Det er til saman 57 ord i desse samtalanene. Av desse er ti ord avvik frå nynorsknorma, der alle kan koplant til talemål. Det er ulik grad av normering på meldingane Brage skriv til ulike mottakarar. Der alle avvika er knytt til den eine tredjeparten. Til den andre tredjeparten skriv Brage etter nynorsknorma.

Brage bøyer det sterke verbet «å vera» med r-bortfall i presens og preteritum. `Er´ vert skrive *e* og `var´ vert skrive *va*. Når ein ser på substantiv har Brage skrive «E du med på *friidrettsbano*». Her finn ein døme på delt hokjønnsbøying der det svake substantivet `friidrettsbana´ har fått o-ending (sjå 2.5.2 Talemålet på Voss). Eit anna substantiv Brage har skrive er *treningen*. Her kan det henda Brage har skrive dette ordet grunna uttalen sin, anten ved at han uttalar det slik det står, eller med svarabhaktivokal «trenenge». Substantivet skulle stått som `treninga´ på nynorsk. Dette har gjort at ordet i teksten til Brage har fått hankjønnsbøying i staden for hokjønnsbøying som det skulle vore etter nynorsknorma. `Treningen´ er skrive rett ut frå bokmålsnorma, som gjer at eg har valt å plassera det som eit dialektavvik med samanfall til bokmål. Dette substantivet har hankjønnsbøying etter bokmålsnorma, og er difor eit avvik både kopla til talemål og bokmål.

Av småord i teksten skriv Brage *da* for determinativet `det´ og *koffor* for spørjeordet `kvifor´. Når ein ser på dei andre avvika som ikkje kan koplast til kategoriane for dialektpåverknad har Brage skrive *ittepå*, for adverbet `etterpå´. Dette er eit vossauttrykk. Brage har ingen andre skrivefeil, slurvefeil eller «andre avvik» i meldingane skrivne på fritida.

4.2.5 Samla

	Tentamen	Notatbok	Fritid
Tal ord	1773	156	57
Avvik totalt	17	3	10
Prosent avvik	≈0,96%	≈1,9%	≈17,5%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	0 (0)	3 (2)	10 (1)
Andre bokmålsavvik	0	0	0
Andre avvik	17	0	0

Tabell 4: 4.2.5: Avvikstabell Brage

Brage sine tekstar har generelt lite avvik i forhold til andre informantar eg har sett på i denne studia. Han har fleire prosent avvik dess mindre formell skrivesituasjonen er. Altså at tentamensteksten er den mest normerte ut frå nynorsknorma. Dei avvika som går att i tentamensteksten til Brage er for det meste avvik på rettskriving og slurvefeil (sjå *Tabell 4*). Denne type avvik finn ein ikkje att i verken notatbok- eller fritidstekstane han har skrive. Brage har ingen avvik knytt til talemål i tentamensteksten sin, medan i notatbokteksten og fritidsteksten kan alle avvika han har koplast til talemål.

4.2.6 Oppsummering Brage

Brage sine tekstar har generelt sett lite avvik. Det verkar som Brage er bevisst på korleis han skriv i ulike situasjonar ut frå avvika han har i dei ulike tekstane. Han har ingen avvik knytt til talemål i tentamensteksten sin, der dei fleste avvika går på slurv og skrivefeil. Desse

skrivefeila finn ein ikkje att i notatbok- eller fritidstekstane hans. Dette gjev eit bilete på at han veit korleis han vil skriva i dei ulike situasjonane og skil godt mellom desse. Dette gjer at ein får eit bilete på Brage som ein trygg skrivar. Det verkar som at han er medviten på korleis han sjølv skriv, og at han har kontroll på kva normer som gjeld for kva skrivesituasjon i skrivinga si.

Noko som bidreg til å skapa undring er at Brage sjølv skriv i bakgrunsskjemaet sitt at det han synest er vanskelegast med å skriva rett nynorsk er å skilja nynorsk frå bokmål eller at han blandar inn ord og former frå bokmål. Dette er interessant fordi Brage berre har tre tilfelle av avvik knytt til bokmålsnorma i tekstane sine, der ingen er knytt til den mest formelle skrivesituasjonen.

I fritidsskrivinga har Brage skrive i to ulike samtalar. I den eine samtalen har han skrive heilt normert etter nynorsknorma medan i den andre samtalen er det fleire avvik knytt til talemål. Dette er eit interessant funn, der det kan vera fleire årsaker til kvifor. Dette vil eg gå inn på i drøftinga.

4.3 Informant 3: Casper (324)

4.3.1 Informantpresentasjon

Casper er fødd på Voss, og har aldri budd utanfor Vestland fylke. Han har hatt nynorsk som hovudmål heile livet og skriv at han snakkar vossamål. Han skriv at han brukar «litt forskjellig» dialekt/talemål med vener, heime og på skulen. Til vener på sosiale medium og notat til seg sjølv oppgjev Casper at skriv han nynorsk, bokmål, dialekt/dialektnært, engelsk og blandar ulike språk og/eller dialektar. Til føresette skriv han bokmål eller nynorsk, på melding/e-post til lærar skriv han nynorsk og melding på skulen si læringsplattform nynorsk, bokmål, dialekt/dialektnært og engelsk. Han skriv at han er ganske trygg i både nynorsk og bokmål og synest det vanskelegaste med å skriva rett nynorsk er å skilja nynorsk frå dialekt eller at han blandar inn ord og former frå dialekta si.

4.3.2 Tentamen

Casper sin tentamenstekst er på 1318 ord. Han har nytta *e*-infinitiv gjennomgåande i tentamensteksten sin. I teksten til Casper finn ein 64 avvik frå nynorsknorma. Av desse 64 avvika kan 8 koplast til dialekt.

Dei tydlegaste dialektavvika i tentamensteksten til Casper er at det er fleire tilfelle av svak verbbøying i presens av sterke, nynorske verb. Casper skriv *trenger*, *setter*, *rekker*, *stikker* og *legger* i staden for `treng´, `set´ `rekk´, `stikk´ og `legg´. Desse kan koplast til svarabhaktivokalen, då ein på Voss vil uttala desse orda med ein innskots-*e* på slutten av ordet. Desse tilfella er skrive normerte ut frå bokmålsnormalen, og er difor avvik kopla til både talemål og bokmål. Casper har i tillegg eitt avvik i sterke verb der både svarabhaktivokalen og overgeneralisering kan koplast inn. Casper skriv *holdar* (´held´). Her har han lagt til ei *ar*-ending der det ikkje skal vera ending. Det sterke verbet vert uttala med ein innskots-*e* på slutten av ordet i vossamålet («helde»), og kan ut frå dette ha vorte overgeneraliserte til å få *-ar* i endinga (sjå 2.5.2 Talemålet på Voss).

Casper har eitt avvik knytt til svake verb. Casper skriv òg «[e]g *lage* kylling og ris», der han har *r*-bortfall i presensforma for verbet «å laga», som skal stå som `lagar´. Casper har ingen avvik knytt til dialekt når det kjem til substantiv eller småord. Av andre avvik har Casper nokre andre bokmålsavvik i teksten sin.

4.3.3 Notaboktekst

Casper sine tekstar frå notatbok er på totalt 167 ord. 14 av desse orda er avvik frå nynorsknorma. Fem av desse fjorten er avvik som kan koplast til talemålet. I avvika knytt til sterke verb skriv Casper *velger* tre gongar i presens for «å velja» som i normert nynorsk vil bøyast sterkt til `vel´. Her vil uttalen på Voss kunna vera «velge/velje/vele», med svarabhaktivokal i endinga. Dette verbet er bøygd riktig ut frå bokmålsnorma, så det er difor eit avvik som fell saman med både bokmål- og talemålsavvik. Av dei svake verba har Casper to talemålsavvik knytt til det same verbet, der han har skrive «å påverka» på to ulike måtar i presens. Casper skriv «[k]va *påvirker* vala du tek?» før han i neste setning skriv at masse *påvirker* han. Det riktige ut frå nynorsknorma skulle vore `påverkar´. Desse kan begge vera måtar å uttala verbet på, der *påvirker* i tillegg vil vera knytt til bokmålsavvik, då denne forma

er samanfall med bokmål.

Av småord er det einaste avviket til Casper at han skriv *koffor* som spørjeordet «kvifor» to gongar i teksten sin. Resten av avvika går på andre bokmålsord og slurv eller skrivefeil.

4.3.4 Fritidstekst



324-2: 324: Oki
324-3: 324: I am here
324-4: 324: Nesten
324-5: 324: Slay
324-6: 324: Ka e da
324-7: 324: Da e jo ikke rart
324-9: 324: Hahalol
324-10: 324: Korti komme du
324-12: 324: Oki
324-14: 324: Oki doki

Figur 3: Fritidstekst Casper

Casper sin fritidstekst er henta frå ein samtale. I denne samtalen har Casper skrive totalt 21 ord fordelt på 10 ulike meldingar. Av desse 21 orda er 13 avvik frå nynorsknorma. Her kan fem av avvika koplast til talemål.

Av verba i desse meldingane er det einaste avviket knytt til dialekt at Casper skriv *e* i presens for det sterke verbet «å vera» som skal bøyast som `er´ etter nynorsknorma. Her finn ein *r-*bortfall i presensforma.

Casper har ingen avvik knytt til dialekt når ein ser på substantiv i teksten hans. Elles er dialektavvika knytt til småord. Casper skriv *korti* og *ka* for spørjeorda «kva tid/når» og «kva». Han skriv òg *da* for determinativet «det». Resten av avvika går på engelsk og bokmålsavvik.

4.3.5 Samla

	Tentamen	Notatbok	Fritid
Tal ord	1318	167	21
Avvik totalt	64	14	13
Prosent avvik	≈4,9%	≈8,4%	≈61,9%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	8 (5)	5 (3)	5 (0)
Andre bokmålsavvik	17	4	1
Andre avvik	39	5	7

Tabell 5: 4.3.5: Avvikstabell Casper

Samla sett kan ein ut ifrå tabellen sjå at Casper skriv meir normert dess meir formell situasjonen er. Det er ikkje like tydeleg kva type avvik som er mest gjennomgåande i Casper sine tekstar. Han har ein del avvik knytt til bokmålsnorma i tentamensteksten sin, noko ein finn mindre av i dei to andre tekstane. Det same gjeld for avvik knytt til talemål, sjølv om dette talet held seg meir «stabil».

Den tydelegaste avviksforma knytt til talemål i tentamensteksten til Casper er svarabhaktivokalen som kjem fram i mange av dei sterke verba i teksten hans. Dette finn ein òg eit par tilfelle av i notatbokteksten hans, medan det ikkje er tilfelle av denne avvikstypen i fritidsteksten. Funna eg har gjort i fritidsteksten er spesielt småord, altså spørjeord og determinativ. Desse finn ein to av i notatbokteksten han har skrive og ingen i tentamensteksten.

4.3.6 Oppsummering Casper

Casper har ikkje like tydelege skilje mellom skrivinga som mange av dei andre informantane har. Han har få av dei same avvika som går att i dei ulike tekstane han har skrive. Casper har ein del avvik knytt til bokmålsnorma, spesielt i tentamensteksten sin. Han har òg avvik knytt til talemål i alle tre tekstane.

I avvika knytt til talemål går svarabhaktivokalen att i tentamen og fritidstekst. Når ein ser på småord i notattekst og fritidstekst finn ein ikkje desse att i tentamensteksten, då dei her står som normerte etter nynorsknorma.

Casper skriv sjølv i bakgrunnsskjemaet at det å skilja nynorsk frå dialekt eller å blanda inn ord og former frå dialekta si er det vanskelegaste med å skriva rett nynorsk. Likevel er det flest avvik knytt til bokmål når ein ser på tekstane til Casper (sjå *Tabell 5*).

4.4 Informant 4: Dina (334)

4.4.1 Informantpresentasjon

Dina budde utanfor Vestland til ho var to år. Ho skriv i bakgrunnsskjemaet at ho snakkar ei blandingsdialekt fordi ein av hennar føresette er frå Austlandet medan den andre føresette er frå Voss herad. Dina oppgjev at ho snakkar ei blandingsdialekt med vener, heime og på skulen. Ho har alltid hatt nynorsk som hovudmål. På melding med vener på sosiale medium vekslar Dina mellom å skriva nynorsk, bokmål og blandar ulike språk og/eller dialektar. På melding til føresette skriv ho både bokmål og nynorsk, medan på melding/e-post til lærar og på skulen si læringsplattform skriv ho nynorsk. I chat/-diskusjonsforum og hugselapp til seg sjølv skriv ho nynorsk og bokmål. På spørsmål om ho kjenner seg trygg på å skriva rett nynorsk svarar ho «nei, svært utrygg», medan på bokmål svarar ho «ja, ganske trygg». Det vanskelegaste med å skriva rett nynorsk er i fylgje Dina å skilja nynorsk frå dialekt eller at ho blandar inn ord og former frå dialekta si.

4.4.2 Tentamen

Dina har skrive den kortaste tentamensteksten av informantane. Ho blandar mellom å skriva *e-* og *a-*infinitiv i teksten sin. Døme på dette er at ho skriv både «å tenkje» og «å tenka» fleire gongar i teksten. Teksten hennar er på 1268 ord. Dina har 135 ord som er avvik frå nynorsknorma. 30 av desse avvika kan koplast til talemål.

Dina har sju tilfelle av r-bortfall i svake verb i presens. Ho skriv *meine*, *sende*, *like*, *hjelp* og *begynne*, som ville vore normerte etter nynorsknorma om dei hadde fått *-r* i endinga. Dina har mellom anna skrive «ein *meine* dei blikkene ein *sende*». I tillegg skriv Dina *banke* og *ende*,

som er a-verb og skulle stått som `bankar´ og `endar´.

Når ein ser på dei sterke verba skriv Dina *e* for `er´, i presens av verbet «å vera» fem gongar i teksten sin. Ho har òg skrive «er» fleire gongar i teksten sin. Det verkar difor litt tilfeldig kvar ho har skrive kva. Ein finn òg eit døme på svarabhaktivokal i teksten til Dina. Ho skriv òg *treng* i presensform for verbet «å trengje/trenga» som er `treng´ i presens i nynorsknorma.

Av substantiv har Dina fire tilfelle som kan knytast til dialekt. Ho skriv «huse» som bestemt form for «eit hus». Her har endinga «huset» falle bort. Ho skriv òg *regla* som fleirtalsform for «ein regel - reglar». Det siste tilfellet er spesielt då Dina skriv *peng* for fleirtalsforma som i nynorsknorma er `pengar´. Her har heile endinga vorte vekke, ikkje berre siste konsonant. Dette er eit trekk som er vanleg i talemålet på Voss, der ein uttalar `pengar´ som «peng» eller «penga».

Når ein ser på småord i teksten til Dina skriv ho *da* for determinativet `det´ ved fleire tilfelle i teksten. Vidare skriv Dina *kem* for spørjeordet `kven´ ved fleire tilfelle. Desse to orda skriv Dina ved andre tilfelle som «det» og «kven». Det verkar også her som at det er litt tilfeldig kvar ho brukar kva av desse orda. Dina skriv *dekan* for `dykk/de´ igjennom heile teksten og har ingen tilfelle av «de» eller «dykk» i teksten.

Avvika som ikkje er knytt til talemål i teksten til Dina er for det meste ord som er skrivne feil, i tillegg til nokon avvik som er knytt til andre bokmålsavvik. Eit anna funn i teksten til Dina er at ho ved fleire tilfelle skriv *kj*-ord som *skj*. Ho skriv *skjering*, der det truleg skal stå `kjerring´ og *skøyre* der det kan tenkjast at det skal stå `køyre´. Dette er ikkje noko som er gjennomgåande i teksten til Dina, sidan ho i andre tilfelle skriv *kjefta* og *køyring*, som er skrivne nynorsknorma. Det er difor ikkje sikkert desse avvika er knytt til talemål, sjølv om det kan vera mogleg at Dina uttalar *kj*-lyden som *skj* i nokon eller alle ord.

4.4.3 Notatboktekst

Notatboktekstane til Dina er på 181 ord. Av desse orda er 14 avvik frå nynorsknorma. Her kan berre eitt ord knytast til dialektpåverknad. Det er determinativet `det´ som Dina skriv som *da* ein gong i teksten sin. Elles skriv ho `det´ i resten av teksten.

Av andre avvik finn ein nokre tilfelle av særskrivingsfeil, skrivefeil og nokre tilfelle av

bokmålsord.

4.4.4 Fritidstekst

334-6: 334: Vil du ta buss nær du lukte fjøs då

334-25: 334: Ringe deg snart

334-26: 334: Eg ete midag snart ferdig

334-27: 334: Ka e da

334-28: 334: Me kjøre snart e du kalar?

334-29: 334: ???

334-30: 334: No stikke me

504-9: 334: Di var dritt finneeeeeeee

140-1: 334: [Personnamn] e med til Bergen

140-4: 334: Kanskje mamma skal kanskje klippa meh så spørs nær hi skal da

140-6: 334: Ja kanskje

302-6: 334: EG LER

302-9: 334: Nei eg like deg

344-1: 334: Skulle alle ve gangsters eller ka me skla Kalla da eller

344-3: 334: Kan me ikkej ve da då

344-4: 334: Da e enkelt og kult

344-6: 334: Ja vis [personnamn] of [personnamn] vil

Figur 4: Fritidstekst Dina

I fritidsteksten til Dina er det henta inn meldingar frå fem ulike samtalar. Til saman har Dina skrive 86 ord fordelt på 17 meldingar i fritidsteksten som er samla inn. Av desse 86 orda er 33 ord avvik frå nynorsknorma. 17 av desse kan koplast til talemål.

I sterke verb har Dina eit par tilfelle knytt til verbet «å vera/vere». Ho skriv *e* for `er´ og *ve* for `vera´. Ein finn òg to tilfelle av svarabhaktivokal i dei sterke verba i fritidsteksten til Dina. Ho skriv «[n]o *stikke* me» og «[e]g *ete* midag» som, fordi dei er sterke, nynorske verb, ikkje skal ha ending i preteritum og stå som `stikk´ og `et´. Når ein ser på verba knytt til dialekt finn ein i nokre tilfelle r-bortfall i svake verb i presens. Dina skriv *lukte* og *like*, der *lukte* skulle

hatt *-ar* i endinga, og *like* skulle hatt enten *-ar* eller *-er* i endinga `likar´ eller `liker´.

Det er ingen talemålsavvik knytt til substantiv i fritidsteksten til Dina. Av småord skriv ho *da* for determinativet `det´, og i fritidsteksten har ikkje Dina skrive «det» i nokon tilfelle. Ho skriv òg *ka* for spørjeordet `kva´ og har ingen tilfelle av «kva» i fritidsteksten.

Av andre avvik i teksten til Dina finn ein eit par tilfelle av bokmålsord. Elles er resten av avvika skrivefeil.

4.4.5 Samla

	Tentamen	Notatbok	Fritid
Tal ord	1268	191	86
Avvik totalt	135	14	33
Prosent avvik	≈ 10,6%	≈ 7,3%	≈ 38,4%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	30 (0)	1 (0)	17 (0)
Andre bokmålsavvik	13	5	2
Andre avvik	92	8	14

Tabell 6: 4.4.5: Avvikstabell Dina

Dina er den informanten som «bryt» med dei andre informantane når det kjem til å skriva meir normert etter nynorsknorma med tanke på kor formell situasjonen ho er i er. Dina har færrest avvik frå nynorsknorma i den handskrivne notatbokteksten sin og mest avvik frå nynorsknorma i fritidsteksten. Avvika til Dina går mest på skrivefeil og slurv i tentamen og i notatboktekstane hennar (sjå «andre avvik» i *Tabell 6*). I fritidsskrivinga er det flest avvik knytt til talemålet.

Eit avvik som går att i alle tekstane er determinativet *da* som Dina skriv for `det´. Det er ingen tilfelle av `det´ -altså det normerte i fritidsteksten hennar, medan i dei to andre tekstane verkar det å vera litt tilfeldig kvar ho har skrive kva form.

4.4.6 Oppsummering Dina

Dina er den informanten med mest avvik frå nynorsknorma i tentamensteksten og i fritidsteksten. I tentamensteksten er ho klart den informanten som har flest avvik nytt til talemål.

Dina har òg ein del generelle skrivefeil. Dette er noko som går att i alle dei tre tekstane, som ein kan sjå under «andre avvik» (sjå *Tabell 6*). Dette kan samsvara med at ho sjølv har skrive i bakgrunnskjemaet at ho kjenner seg «svært uttrygg i nynorsk». Dina har skrive at ho kjenner seg «ganske trygg i bokmål», noko som òg kan samsvara med den handskrivne teksten, som er den teksten ho må stola mest på seg sjølv, då ho her ikkje har noko form for skrivestøtte. Her har Dina fleire avvik som samsvarar med bokmålsnorma enn i dei andre tekstane ho har skrive. I dei andre tekstane har ho fleire avvik knytt til talemål. Det at Dina har færre avvik i notatbokteksten sin er noko eg vidare ser på i drøftinga.

Dina har ein del avvik i kategorien «småord» der det verkar å vera litt tilfeldig kvar ho plasserer kva. Dette gjeld spesielt spørjeorda som ho vekslar på å skriva talemålsnært og normert etter nynorsknorma. Dette gjeld òg determinativet `det´ som vert skrive *da* i alle dei tre tekstane.

4.5 Informant 5: Emilie (342)

4.5.1 Informantpresentasjon

Emilie er fødd på Voss, har aldri budd utanfor Vestland og alltid hatt nynorsk som hovudmål. Ho snakkar den lokale dialekta både med vener, heime og på skulen. Ho skriv at til vener på sosiale medium skriv ho dialekt eller dialektnært og blandar ulike språk og/eller dialektar. På melding til føresette skriv ho dialekt/dialektnært medan til lærar og på skulen si læringsplattform skriv ho nynorsk. I chat/-diskusjonsformun og hugselapp til seg sjølv skriv ho dialekt eller dialektnært. Ho kjenner seg ganske trygg både i bokmål og nynorsk og synest det vanskelegaste med å skriva rett nynorsk er å skilja nynorsk frå dialekt eller at ho blandar inn ord og former frå dialekta.

4.5.2 Tentamen

Tentamensteksten til Emilie er på 1755 ord. Ho vekslar mellom å skriva *a-* og *e-*infinitiv i tentamensteksten sin. Døme på dette er at ho skriv «å prøva», «å spørja», «å forsvare» og «å elske». Av dei 1755 orda i teksten til Emilie er 27 ord avvik frå nynorsknorma. I tentamensteksten til Emilie finn ein tre avvik frå nynorsknorma som kan koplast til talemål.

Av avvika knytt til verb har Emilie skrive det sterke verbet `å sitta/sitte´ som *sitter* i presens. Dette samsvarar med bøyinga i bokmålsnorma og ikkje med nynorsknorma der det skulle stått `sit´. Her kjem svarabhaktivokalen inn, der uttale av endinga av det sterke verbet på Voss vil vera «sitte». Dette kjem att i to andre sterke verb Emilie skriv. Ho skriv *liggje* og *leggje* for dei sterke verba som skulle stått som `ligg´ og `legg´ i presens. Her òg er det svarabhaktivokalen, i form av ein innskots-*e* som er lagt til, slik at Emilie har skrive orda slik dei ville vorte uttala. Dei to siste tilfella er ikkje samanfall med bokmålsnorma.

Emilie har ingen avvik knytt til talemål når ein ser på substantiv eller småord i tentamensteksten. Dei andre avvika som ikkje går på dialekt er knytt til særskrivingsfeil og bokmål.

4.5.3 Notatboktekst

Notatbokteksten til Emilie er på 103 ord. Av desse er elleve ord avvik frå nynorsknorma, der fem av desse kan koplast til dialekt.

Emilie har eitt talemålsavvik når ein ser på sterke verb. Emilie skriv *henger* i presens for «å henga/henge», som fordi det er eit sterkt verb ikkje skulle hatt noko ending i presens. Dette kan koplast til svarabhaktivokalen, då det stemmer med uttalen på Voss. Samstundes som det er eit avvik knytt til talemål er det òg samanfall med bokmålsnorma, og vert difor plassert i bokmålsavvik innanfor talemålsavvika. Emilie har tre tilfelle av bortfall av utlyds-*r* i svake verb. Ho skriv *handle* to gongar i presens for «å handla», og *jage* for «å jaga/jage». Desse skulle ut frå nynorsknorma stått som `handlar´ og `jagar´.

Det er eitt tilfelle av avvik knytt til substantiv i endinga til ordet ho skriv som *førebuingshefte*, der den siste *t*-en i ordet har falle bort. I Emilie sin tekst er det ingen avvik knytt til småorda. Av andre avvik, som ikkje er knytt til dialekt, er det eitt tilfelle av andre bokmålsavvik og resten er knytt til skrivefeil.

4.5.4 Fritidstekst

342-2: 342: Ja kom
342-3: 342: Korleis får du deg her
342-5: 342: Å kult
342-8: 342: Et
342-9: 342: Me har ikkje meir mat igjen
342-10: 342: Dei åt oss ut av hus
342-11: 342: Dei få timane dei har vært her
342-13: 342: Alt av brødet vårt
342-14: 342: Ogso middagen vår

504-7: 342: Ja
504-8: 342: Real drip
334-1: 342: Da kan ve eg ikkje reise på senteret
334-2: 342: I tilfelle eg lokte fjøse
334-5: 342: Ja men vist eg går èin heil dag pg lokte fjøs på skulen
treng eg ikkje da på senteret
334-7: 342: Bedre da en at heile senteret lokte ds
334-8: 342: Eg må uansett ta buss heim frå senteret

334-10: 342: Nei eg forklare på skulen
334-16: 342: Eg forklare åå skulen

Figur 5: Fritidstekst Emilie

Fritidsteksten til Emilie er henta frå tre ulike samtalar. I desse samtalan har Emilie sendt 18 meldingar på totalt 96 ord. Av desse 96 orda er 20 ord avvik frå nynorsknorma, der 9 kan koplast til talemålsavvik.

Når ein ser på verba i teksten til Emilie skriv ho det sterke verbet `å vera´ som *ve* i infinitiv. I dei svake verba finn ein tre tilfelle av *r*-bortfall i presens. Emilie skriv *forklare* og *reise* i

presens, som skulle vore `forklarer/forklarar´ og `reiser´ i nynorsknorma. Det siste tilfellet av r-bortfall har i tillegg til bortfall av utlyds-*r*, fått omlyd i vokalen. Emilie skriv «[i] tilfelle eg *lakte* fjøs». Dette verbet skriv ho slik tre gongar i løpet av fritidsteksten sin. Her har uttalen av verbet kome i tillegg til at r-endinga har falle bort. Vokalen «u» har vorte «o» i verbet, slik det ville vorte uttala.

Det er ingen avvik i substantiva i fritidsteksten til Emilie. Når ein ser på småord i teksten er det einaste tilfellet at ho skriv *da* for determinativet `det´ tre gongar i meldingane sine.

Resten av avvika som ikkje er knytt til dialekt går på skrivefeil, eitt tilfelle av bokmål og to engelske ord.

4.5.5 Samla

	Tentamen	Notatbok	Fritid
Tal ord	1755	103	96
Avvik totalt	27	11	20
Prosent avvik	≈ 1,5%	≈10,7%	≈20,8%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	3 (1)	5 (1)	9 (0)
Andre bokmålsavvik	6	1	1
Andre avvik	18	5	10

Tabell 7: 4.5.5: Avvikstabell Emilie

Emilie fylgjer, som ein kan sjå ut frå prosenten avvik, igjen «trenden» der ho skriv meir etter nynorsknorma dess meir formell skrivesituasjonen er. Ho har få avvik i tentamensteksten sin der dei fleste er skrivefeil eller slurv. Ho har ein del ulike avvik i dei ulike tekstane, men noko som går att i alle er avvika knytt til verb. I tentamensteksten går det mest på sterke verb som vert bøygde svakt, medan notatboktekst og fritidstekst går for det meste på utlyds-*r*.

Verbet «å vera» vert brukt på ulike måtar. Emilie skriv «å være» i tentamensteksten sin,

medan i fritidsteksten sin skriv ho «å ve». I fritidsteksten skriv ho òg «har vært» for same verbet i presens perfektum.

4.5.6 Oppsummering Emilie

Emilie har skrive den nest lengste tentamensteksten og har nest færrest avvik i den, 1,5%. Her har ho få avvik knytt til talemål i forhold til fritidsteksten der ni av ti avvik kan koplast til talemål. Dette gjer at ein får intrykk av at Emilie vekslar mellom dei ulike skrivesituasjonane på ein grei måte, der det verkar som ho veit kvar ho skriv kva. Noko som kan skapa undring ut frå dette er at Emilie er den informanten med flest avvik når ein ser på notatboktekstane (sjå *Tabell 9*). Her har ho 10,7% avvik.

4.6 Tekstane samla

Vidare vil eg sjå på kvar av skrivesituasjonane for seg. Eg vil her sjå på mønster som går att hjå informantane i dei ulike tekstane. Dette vert presentert med utgangspunkt i dei tre skrivesituasjonane: tentamen, notatbok og fritid. For å kunna sjå på elevane sine tekstar innanfor same skrivesituasjon har eg lagt inn alle informantane i same tabell ut frå kvar tekst (sjå 3.5 Kategorisering og analyse av data). Det vil seia at det er ein tabell for tentamenstekstane (Tabell 8: 4.6.1: Avvikstabell samla tentamenstekstar), ein for notatboktekstane (Tabell 9: 4.6.2: Avvikstabell samla notatboktekstar) og ein for fritidstekstane (Tabell 10: 4.6.3: Avvikstabell samla fritidstekstar). Ut ifrå desse ser eg mønster som går att mellom informantane i kvar situasjon for seg.

4.6.1 Tentamenstekstane

	Andrea	Brage	Casper	Dina	Emilie
Tal ord	1335	1773	1318	1268	1755
Avvik totalt	68	17	64	135	27
Prosent avvik	≈5,1%	≈0,96%	≈4,9%	≈ 10,6%	≈ 1,5%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	16 (3)	0 (0)	8 (5)	30 (0)	3 (1)
Andre bokmålsavvik	28	0	17	13	6
Andre avvik	24	17	39	92	18

Tabell 8: 4.6.1: Avvikstabell samla tentamenstekstar

Som ein kan sjå i tabellen over er det nokså stor skilnad på avvika til dei ulike informantane i tentamensteksten. Prosenten avvik går frå 0,96% (Brage) til 10,6% (Dina). Det er òg stor skilnad på kva typar avvik som går att i dei ulike tekstane. Alle informantane har i denne teksten flest avvik som går under «andre avvik». Når ein ser på ein tekst med ei relativt stor mengd ord (1200–1800 ord) som er skrivne av elevar, er det naturleg at det finst skrivefeil og anna i tekstane. Her kjem alle småfeil der informantane kan ha skrive til dømes «skla» i staden for «skal» eller liknande, særskrivingsfeil og andre skrivefeil. Brage har berre «andre avvik» i tentamensteksten sin.

Eg vil fyrst sjå på talemålsavvik knytt til verb. Eg tek fyrst føre meg sterke verb etterfylgt av dei svake. I dei sterke verba har alle informantane, med unntak av Brage, tilfelle av svarabhaktivokal knytt til sterke verb i tentamensteksten sin. Det er ikkje dei same sterke verba som går att, men svarabhaktivokalen vert brukt på same måte hjå dei ulike informantane. Her har Andrea, Casper og Emilie i dei fleste tilfella lagt til ein *-r* i tillegg til innskotsvokalen, slik at verba stemmer med bokmålsnorma. Døme på dette er Casper som har skrive *legger* i presens for «å legge», som skal vera `legg´. Eit anna avvik som går att er *r-*bortfall i svake verb. Dette går att i Andrea, Casper og Dina sine tekstar, der ein finn fleire tilfelle av dette.

Ein finn òg endingsbortfall om ein ser på substantiva i tekstane. Desse har eg funne i Andrea og Dina sine tentamenstekstar. Dina er òg den einaste informanten som har avvik knytt til småord i tentamensteksten sin.

4.6.2 Notatboktekstane

	Andrea	Brage	Casper	Dina	Emilie
Tal ord	109	156	167	191	103
Avvik totalt	8	3	14	14	11
Prosent avvik	≈7,3%	≈1,9%	≈8,4%	≈7,3%	≈10,7%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	0 (0)	3 (2)	5 (3)	1 (0)	5 (1)
Andre bokmålsavvik	3	0	4	5	1
Andre avvik	1	0	5	8	5

Tabell 9: 4.6.2: Avvikstabell samla notatboktekstar

Notatboktekstane til informantane ligg på mellom 103–191 ord. Det er i denne skrivesituasjonen, på same måte som i tentamensteksten, store skilnadar på kor stor prosent avvik det er i teksten til kvar informant. Avviket i desse tekstane går frå 1,92% (Brage) til 10,7% (Emilie). Det er òg skilnadar på denne skrivesituasjonen om ein samanliknar den med tentamensteksten i tabellen over (sjå Tabell 8: 4.6.1: Avvikstabell samla tentamenstekstar). Emilie har mange fleire avvik i notatbokteksten sin (10,7%) i forhold til i tentamensteksten sin, der ho er den informanten med nest færrest avvik (1,5%). Casper har òg fleire avvik i notatbokteksten enn tentamensteksten. Han har 4,9% avvik i tentamensteksten og 8,4% i notatboksteksten. På den andre sida har Dina færre avvik i notatbokteksten sin (7,3%) enn ho har i tentamensteksten, der ho er den informanten med flest avvik (10,6%). Andrea og Brage ligg nokså stabilt med noko auking i notatbokteksten i forhold til tentamen.

I notatbokteksten er det ikkje like lett å sjå samanhengane i korleis informantane skriv, då det her er veldig ulikt kva talemålsavvika går på. Det er likevel avvika knytt til verb det er flest av. Casper og Emilie har avvik knytt til svarabhaktivokal i sterke verb. Desse to har òg, saman

med Brage, avvik knytt til bortfall av trykklett utlydskonsonant i svake verb.

Det er få avvik knytt til småorda i notatbokteksten. Dei einaste avvika er at Casper skriv spørjeordet *koffor* for `kvifor´ to stadar i teksten og Dina som skriv determinativet *da* for `det´ nokon stadar i teksten sin.

4.6.3 Fritidstekstane

	Andrea	Brage	Casper	Dina	Emilie
Tal ord	34	57	21	86	96
Avvik totalt	11	10	13	33	20
Prosent avvik	≈32,4%	≈17,5%	≈61,9%	≈ 38,4%	≈20,8%
Avvik dialekt (samanfall med bokmål)	7	10 (1)	5(0)	17 (0)	9 (0)
Andre bokmålsavvik	3	0	1	2	1
Andre avvik	1	0	7	14	10

Tabell 10: 4.6.3: Avvikstabell samla fritidstekstar

I den uformelle fritidsskrivinga er det forventa at tekstane har fleire avvik enn dei to andre tekstane, nettopp fordi dei vert sett på som uformelle (sjå 2.3.3 Normeringstradisjonen i uformell, digital skriving). Det er også i denne kategorien store skilnadar på kor stor avviksprosenten i tekstane er hjå dei ulike informantane. Alle informantane har høgast prosent avvik i fritidsteksten, der Casper er den informantan som har den høgaste prosent avvik i fritidsteksten sin (61,9%). Brage er den informantan med færrest avvik totalt, også i denne skrivesituasjonen. Likevel er prosent mykje høgare i fritidsteksten (17,5%), enn den er i notatbokteksten (1,9%). Dei andre informantane har òg store sprang når ein ser på avvika i notatbokteksten og i fritidsteksten.

Eitt avvik som går att i alle informantane sine fritidstekstar er verbet «å vera». Alle informantane har eitt eller fleire avvik knytt til dette verbet. Andrea, Brage, Casper og Dina skriv alle *e* i presens for verbet «å vera», som ut frå nynorsknorma skal vera `er´. Emilie har ikkje skrive verken *e* eller `er´ i teksten sin, men ho har skrive *ve* i infinitiv for same verbet.

Dette har òg Dina gjort i sin fritidstekst. Her skulle det stått `å vera/å vere´ ut frå nynorsknorma. I preteritum av det same verbet har Andrea og Brage skrive *va*, der det etter nynorsknorma skulle stått `var´.

Når ein ser på småorda i fritidstekstane er fleire avvik knytt til spørjeorda. Her er det *ka* for spørjeordet `kva´ som er det hyppigaste avviket til informantane. Dette kjem fram i Andrea, Casper og Dina sin tekst. Brage har skrive *koffor* for `kvifor´ og Casper har skrive *korti* for `kva tid´ eller `når´. Det er berre Andrea som har skrive eigendomsordet *dekan* i teksten sin. Alle informantane har i fritidsteksten skrive *da* for determinativet `det´ gjennomgåande i fritidstekstane sine. Det er ingen av informantane som har tilfelle av dette ordet skrive etter nynorsknorma her.

5. Drøfting

5.1 Skrivning i formell og uformell skrivesituasjon

Når ein snakkar om ulike skrivesituasjonar kjem ein ikkje unna omgrepa norm og normering som vart presentert i teorikapittelet. Når me her talar om språknormer, vil dette i fylgje Bull (2018) vera «formell eller uformell rettesnor for kva språkbruk som skal reknast som rett, god eller høveleg innanfor ein viss språkbrukarsituasjon» (Bull, 2018, s. 522). Eg vil i dette kapittelet ta føre meg ytterpunktane i skrivesituasjonane, den formelle tentamensteksten og den uformelle fritidsskrivinga. Det teoretiske materialet indikerer at ein vil halda seg til den nynorske norma i formelle samanhengar, medan ein i uformelle situasjonar kan ynskja å uttrykkja identitet gjennom skrift. Eg har difor valt å drøfta skrivning i formell og uformell skrivesituasjon ut ifrå desse hypotesane.

Informantane vil skriva normert i tentamenstekstane

I elevtekstane eg har studert har informantane skrive tentamenstekst. I dette ligg det ei forventning om å fylgja gjeldande normering for standardisert nynorsk. Ein slik tekst vert også vurdert med grad av måloppnåing og karakter. Her ser ein eit spenn når det gjeld avvik. På den eine sida har ein Brage som i stor grad fylgjer nynorsk normering og ikkje har innslag av talemål i teksten sin (under 1% avvik totalt). På den andre sida har ein Dina som skriv meir talemålnært og har eit totalt avvik på 10,6 % (sjå Tabell 8: 4.6.1: Avvikstabell samla tentamenstekstar). Norskfaget er det einaste faget som har kompetansemål som går på rettskriving. Difor er nok skrivinga elevane gjer her, i ein tentamenssituasjon, ein av dei mest formelle skrivesituasjonane elevane møter i skulen. Dette inneber ei norm for kva som vert rekna for rett og gale (sjå 2.6.1 Skrivning i ein formell situasjon). Av informantane mine skil Brage og Emilie seg ut når det gjeld å halda seg til den nynorske normeringa i ein formell skrivesituasjon.

Informantane svarar i bakgrunnsskjemaet at det vanskelegaste med nynorsk er å skilja nynorsk frå talemål, utanom Brage som synest det vanskelegaste er å skilja nynorsk frå bokmål og Andrea som ikkje veit kva ho synest er vanskelegast. Noko som går att i dei ulike skrivesituasjonane er avvik som kan knytast til bortfall av utlyds-r i svake verb, og svarabhaktivokal i sterke verb. Grunna at Voss er eit språksamfunn med etablert

svarabhaktivokal (Akselberg, 2013, s. 16), kan ein spørja seg om denne innskotsvokalen kan skapa utfordringar hjå elevar når det gjeld å skilja talemål og skrift, sidan alle verb i presens sluttar på ein vokal i talemålet. Utfordringa kan då bli å skilja kva som er sterke verb i skriftspråket, sidan alle verba i presens sluttar på ein vokal. Det kan då bli verre for elevar i svarabhaktiområde å læra skilnaden på sterke og svake verb, grunna at dei i talen sluttar på ein vokal (oftast *-e*). Døme på dette kan me finna i Dina sin tentamenstekst der ho i presens av svake verb skriv: *meine, sende, like, hjelpe, begynne*. Slik eg ser det vil det vera viktig at elevane får god opplæring i bøyning av sterke verb, at denne svarabhaktivokalen skal fjernast i presens, medan ein i dei svake verba skal leggje til ein konsonant i presens.

Informantane vil uttrykkja identitet i fritidstekstane

Så kan ein spørja seg om normeringa er viktigast i formelle samanhengar, og identitet viktigast i uformelle samanhengar? Som me har sett, har det i dei seinare åra utvikla seg plattformar der ein meir og meir kan ytre seg gjennom skrift. Dette gjer at mangfaldet av skrivesituasjonar aukar, som igjen kan resultera i at normmangfaldet også vert større (Hårstad et al., 2021, s. 151–153). I funna eg har gjort ser ein at nokre av informantane skil godt mellom dei ulike skrivesituasjonane, medan andre i mindre grad klarar å skilja mellom dei.

Ut ifrå funna eg har gjort, kan det verka som at Brage skriv meir normert i fritidstekst når det gjeld meldingar som handlar om skule, eller når han vender seg til andre han ikkje kjenner så godt. I den eine samtalen som er del av fritidsteksten til Brage, skriv han heilt etter den nynorske normeringa. Her skriv Brage: «Kva betyr det om «skulpturen har god kvalitet» på eigenvurderinga». I den andre samtalen til Brage har han mange avvik knytt til talemål. Til dømes skriv Brage: «*Koffor va* du ikkje på friidrett». Her har han avvik knytt til spørjeord (*koffor*) og til verb (*va*) (sjå Figur 2: Fritidstekst Brage). Vikør (2007) skriv at språknormer er normer for eiga språkbruk, oppførselen vår rundt språk, i tillegg til normer for kva ein ventar av andre sin språklege oppførsel (Vikør, 2007, s. 72). I fritidsteksten der Brage skriv normert etter nynorsknorma, kan det henda medeleven, tredjeparten, er ein elev som Brage ikkje kjenner den språklege oppførselen til (jf. Vikør, 2007).

Samstundes har den mest nynorsknormerte samtalen til Brage eit innhald som verkar å handla om skulerelatert arbeid. Det kan då også henda at Brage er medviten om dette, og vel å skriva slik når det er snakk om ein formell skrivesituasjon, og difor i stor grad vel å halda seg til den

formelle normeringa, medan når han skriv om fritidsaktivitetar, skriv han meir talemålsnært. I den andre samtalen skriv han til dømes «ittepå», noko som indikerer at vossamålet er ein del av identiteten hans (sjå 4.2.4 Fritidstekst). Dette er interessant i høve språkleg identitet og korleis ein ynskjer å opptre i ulike situasjonar. Kan henda dette seier noko om korleis Brage ynskjer å representera seg sjølv, i tråd med eigen identitet (Vikør, 2007, s. 78–79).

Emilie verkar også å vera medviten i korleis ho skriv i dei ulike skrivesituasjonane. Ho skriv meir etter nynorsknorma dess meir formell skrivesituasjonen er. Dette kan også indikera at normering verkar å vera viktigare i formelle samanhengar, medan identitet verkar å vera viktigare i uformelle samanhengar.

I ungdomsåra ynskjer ein gjerne å passa inn i eit fellesskap. På den eine sida prøver ein gjerne å finna ut kven ein er, i utfordringar knytt til personleg identitet. Samstundes ynskjer ein gjerne å passa inn i ei gruppe, i ein sosial identitet. I denne samanhengen vert omgrepet identitetshandlingar sentralt, då dette seier noko om kven ein er ut ifrå korleis ein uttrykkjer seg språkleg. Dette vil igjen seia at ein kan uttrykkja seg ulikt til ulike menneske i ulike samanhengar, både skriftleg og munnleg (Hårstad et al., 2021, s. 43).

På ei anna side ser me Dina som har innslag av talemål i alle skrivesituasjonane. Er dette eit uttrykk for hennar identitet? Eller handlar dette om at ho ikkje klarar å utelukka den uformelle skrivinga når ho skal skriva i meir formelle situasjonar, fordi skrivinga som skjer på tastatur går over i kvarandre. Dette går eg vidare inn på i drøftingsdel 5.3 *Skriving for hand vs. skriving digitalt*.

Som ung tileignar ein seg internaliserte språknormer gjennom læring og praksis utan at ein er medviten til at det skjer. Desse vert saman med miljøpåverknad utvikla gjennom livet, noko som igjen vil føra til at ein har fleire sett med normer å forhalda seg til. Det vert også danna språklege normer innan ulike grupper på sosiale medium, som igjen fører til fleire skrivesituasjonar. Ein kan spørja seg om det er meir utfordrande å navigera i desse setta av normer for unge språkbrukarar i dag, når sosiale medium tek ein så stor del av kvardagen.

Me ser altså i fritidstekstane at informantane brukar mange talemålstrekk i staden for å bruka normert nynorsk eller bokmål. Dette samsvarar med funna til Hernes (2012) som seier noko om at dialekt og talemål verkar å vera sentralt i samanhengar der det opplevast som viktig å ha ei personleg stemme (Hernes, 2012, s. 61). Slik vil det vera viktigare å visa kven ein er, heller enn å meistra norma. Det kan i funna mine verka som at dei sosiale faktorane spelar inn

på måten informantane uttrykkjer seg, også når det gjeld grad av formalitet som vert brukt (jf. Hårstad et al., 2021, s. 43).

5.2 Er Voss eit fokusert språksamfunn?

I teorikapittelet viste eg til teori som støtta opp om påstanden at Voss er eit fokusert språksamfunn. Eg vil her sjå nærare på om denne påstanden stemmer ut ifrå funna mine. Eg er viss om at informantutvalet mitt er for lite til å kunna få generaliserbar informasjon (sjå 3.1 Val av metode), men funna mine kan likevel gje ein peikepinn på ståa. Dette også grunna at eg gjennom analysen ser at utvalet informantar er på ulike nivå.

Noregs mållag skriv at «[u]ndervisningskvardagen til nynorskelevane inneheld som regel mykje bokmål, særleg i læremiddel. Dette problemet har auka på dei siste åra, ettersom skulekvardagen har blitt meir digital. Elevane blir presenterte for digitale læremiddel på bokmål, stikk i strid med kva opplæringslova seier» (Noregs mållag, u.å)(sjå 2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift). På skulen informantane mine går på ser det ut som *Noregs mållag* sitt utsegn ikkje er like gjeldande som kan henda det er andre stadar i landet. Elevane har nynorske lærebøker og dei digitale ressursane dei har i bruk har innstillingar slik at dei *kan* vera på nynorsk. Her kan eg ikkje seia det sikkert at elevane faktisk har innstillingane på nynorsk, men moglegheita er der i alle fall. Elles i samfunnet på Voss finn ein mykje nynorsk, men òg dialekt. I lokalavisa og i ein del reklamar på Voss er det nynorsk og vossamål som er i fokus (sjå 2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift).

Ein kan sjå ein samanheng i talemålsavvika knytt til fritidsskriving hjå informantane. Sjølv om det er ulikt kor stort avvik dei har, er avvika relativt like. Avvikstypane som går att er knytt til bøyning av verbet «å vera/vere» (*ve, e, va*), r-bortfall i svake verb i presens og i fleirtalsbøyning av substantiv i ubestemt form, svarabhaktivokal, spørjeord (*ka, kem, koffor, korti*), og *da* for determinativet «det» (sjå Tabell 10: 4.6.3: Avvikstabell samla fritidstekstar). At det er felles type avvik hjå informantane, kan gje eit inntrykk av at informantane er opptekne av å gjere likt. At ein ser felles type avvik, kan tyda på at dei er opptekne av å tilnærma seg ein felles identitet. Dette samsvarar også med Le Page & Tabouret-Keller (1985) som seier at samfunnsmedlemmene i fokuserte språksamfunn er opptekne av staden og samfunnet, og at dette er typisk for små og tette samfunn, noko Voss er.

Både Akselberg (2013) og Mæhlum & Røyneland (2012) ytrar at språkleg identitet står sterk på Voss som fokusert språksamfunn. Funna eg har gjort støttar desse teoriane, spesielt når ein ser på trekka over som er knytt til fritidsskrivinga. Samstundes synest eg det er interessant å stoppa opp og sjå på fenomenet overgeneralisering. I fylgje Akselberg (2013) har ikkje Voss innslag av bergensk i talemålet sitt. Han skreiv etter ei studie av talemål på Voss frå 2001–2002 at «[v]ossaungdommen nyttar eit vossamål som er lite smitta frå eit særbergensk talemål» (Akselberg, 2013, s. 37). Svake verb vil i talemålet på Voss få r-bortfall i presens. Me ser i nokre tilfelle at desse verba, som skal ha *-er* i endinga vert overgeneralisert til å få *ar*-ending. Dette ser ein i Brage sin tentamenstekst der han skriv «å *stange* i stykkar» og «som *visar* ein mann i skogen». Dette kan Brage ha gjort for å få orda til å høyrast «nok» nynorsk ut for hans nynorske identitet (Søyland, 2002, s. 8). På ei anna side har han skrive desse orda på ein måte som gjer at ein kan trekkja parallellar til det bergenske talemålet. Samstundes har andre informantar innslag av nynorsk når ein ser på sterke verb, noko som er knytt til talemålet grunna svarabhaktivokalen. Det hadde vore interessant å gå vidare inn på fenomenet rundt overgeneralisering og hypernorsk og påverknad frå bergensk talemål i ei vidare studie, for å dykka nærare inn i om dette er overgeneralisering knytt til nynorsk og identitet, eller om det kan tenkjast å vera innslag av bergensk talemål på Voss no, over 20 år etter Akselberg hadde studia si.

I fylgje Voss herad sin språkprofil *Klart språk*, verkar det som at kommunen ynskjer å vera eit fokusert språksamfunn der dei påpeikar at dialekta er ein viktig del av den lokale kulturarven, noko som dei meiner gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det som ei sentral oppgåve å verna om dialekta gjennom levande bruk og medviten utvikling. Dei oppmodar til dømes til å velja den forma som ligg nærast talemålet der det er valfrie skriftformer, som til dømes å bruka *a*-infinitiv (sjå 2.5 Voss som språksamfunn i tale og skrift). Sjølv om funna mine fram til no seier at Voss framleis verkar å vera eit fokusert språksamfunn, er det verdt å merka seg informantane sin bruk av infinitivsending. Det er ingen informantar som har ein bevisst bruk av *a*-infinitiv i tentamensteksten sin. Andrea, Dina og Emilie vekslar mellom *a*- og *e*-infinitiv, medan Brage og Casper konsekvent nyttar *e*-infinitiv. Her hadde det vore interessant å undersøkje om dette er noko informantane er medvitne om, eller om infinitivsendinga dei nyttar kan ha noko å gjera med talemålet deira.

Med bakgrunn i materialet mitt i fritidsskrivinga, som me ser ligg nært talemålet, ser ein at *a*-infinitiv er mest framtrudande. Det er få infinitivsformer i fritidsteksane, men dei tilfella med ending er det *a*-ending i infinitivsforma. Brage som har gjennomgåande bruk av *e*-infinitiv i

tentamensteksten sin, har skrive *stikka* (å stikka/stikke) i fritidsteksten. Dina som blandar infinitivsending i tentamenstekst, har skrive *kalla* (kalla/kalle), *klippa* (klippa/ klippe).

Til og med Andrea som berre har budd på Voss i om lag 1,5 år, nyttar *a*-infinitiv i fritidstekst. Dette gjer ho også i tentamenstekst, men der blandar ho også inn *e*-infinitiv. Her hadde det vore interessant å undersøkje om ho har brukt *e*-infinitiv tidlegare (har alltid hatt nynorsk som hovudmål) og no tek med seg *a*-infinitiv grunna påverknad frå språksamfunnet ho har flytta til. Kan henda ho gjer dette for å vera del av ein felles identitet i eit fokusert språksamfunn. Samstundes kan valfridomen ein finn i det norske språket, i dette høvet nynorsk, opna opp for at Andrea kan tilpassa skrivinga si og setja sitt personlege preg på teksten sin (Uri, 2018). Valfridomen kan såleis bidra til at Andrea får uttrykkja identitet og personlegdom. På ei anna side er det også verdt å merke seg at Vikør (2007) set spørsmålsteikn til om denne valfridomen ein finn i målformene, i dette høve nynorsk, fungerer i praksis. Han understrekar at det trengs opplæring og bevisstgjerjing for å bruka valfridomen som rettskrivinga i dag opnar opp for (Vikør, 2007, s. 208). Kan henda det kan vera problematisk for unge språkbrukarar å navigera i valfridomen, sidan dei kan lesa veldig ulike tekstar på nynorsk som alle er innanfor same norma. Dette kan igjen gjera det vanskeleg å danna seg eit inntrykk av heilskapen.

Det er også verdt å merka seg språkprofilen til Voss herad der det står at ein bør velja *a*-infinitiv i skriving, då det er den forma som ligg nærast talemålet på Voss (Voss herad, s. 5). Ut ifrå tentamensoppgåva som vart laga av lærarar på den aktuelle skulen (Vedlegg 2: Tentamensoppgåve), får ein ikkje inntrykk av at språkprofilen vert brukt, då denne har gjennomgåande bruk av *e*-infinitiv. Måten elevar les oppgåvene dei skal gjera, kan påverka dei i skrivinga.

Informantane mine ser ut til å samlast om ein felles identitet i fritidsskrivinga. Eg har funne fleire talemålsavvik i den uformelle skrivesituasjonen, fritidstekstane. Her kjem talemålet til informantane til syne, og det verkar som at dei er opptekne av å samlast om ei felles uformell normering. Dette gjer at ein får inntrykk av at talemålet på Voss er fokusert. På ei anna side ser ein større variablar i tentamenssituasjonen. Her kjem til dømes bokmålsavvik til syne i større grad.

5.3 Bokmålpåverknad i nynorskland

I takt med at ein skriv meir no enn før, vil det vera naturleg å seia at ein òg les meir. I teorien såg at informantane mine truleg i stor grad vert møtt med nynorsk i skulekvardagen (sjå 2.5.1 Skriftspråket på Voss), med lærebøker og digitale tenester som *kan* vera innstilt på nynorsk. Likevel er det viktig å få fram at utanom sjølve undervisningskvardagen vert elevane eksponert for mykje bokmål.

Lokale reklamar og bedrifter på Voss er opptekne av å skriva nynorsk og å halda på den lokale identiteten (jf. Voss Sparebank, 2023). Likevel er mykje anna prega av bokmål. Den digitale revolusjonen har skapt ei stor auke i skrift i omløp (Hårstad et al., 2021, s. 140). På TV, i sosiale medium, i aviser og anna ein har rundt seg i kvardagen er det oftast å sjå tekst som er skriva på bokmål. Dette gjer at me les mykje bokmål kvar dag, spesielt på digitale plattformer, altså på skjerm. Det er i tentamenstekstane til informantane ein finn flest avvik knytt til bokmål. Andrea er den informanten med flest bokmålsavvik i denne skrivesituasjonen (sjå Tabell 8: 4.6.1: Avvikstabell samla tentamenstekstar). Av hennar 68 avvik totalt er 28 av dei reine bokmålsavvik, noko som utgjer over 40%. Kan det tenkjast at Andrea har så mykje bokmål rundt seg i den digitale kvardagen at ho er vorten «van» med at bokmålstekst ser meir «rett» ut for ho? Andrea har òg flest tilfelle av «andre bokmålsavvik» i notatbokteksten sin, medan ho i fritidsteksten har flest avvik knytt til talemål.

På den andre sida ser ein Brage, som ikkje har eit einaste avvik av typen «andre bokmålsavvik» i nokon av tekstane sine. Han har på den andre sida mange avvik knytt til talemål når ein ser på den minst formelle situasjonen. Her viser Brage identitet i skrivinga si når han skriv til nokon det kan sjå ut som han kjenner godt (sjå 5.1 Skriving i formell og uformell skrivesituasjon). Kan henda det er viktig for Brage, og identiteten hans, å *ikkje* skriva bokmål då det bryt med identiteten hans. Samstundes har Brage tilfelle av overgeneralisering, eller hypernynorsk, som i uttale kan høyrast ut som bergensk. Sjølv om ikkje bakgrunnskjemaet til Brage seier noko om det, kan Brage ha eit talemål knytt til Bergen. Om andre har talemål knytt til bergensk, eller områda rundt har eg ikkje innsyn i, då eg ikkje har snakka med informantane mine. Akselberg (2003) såg i si studie av vossa-ungdomar sitt talemål i 2001–2002 at det var lite påverknad frå bergensk. Om dette har endra seg på 20 år kan godt henda. Om dette er tilfelle kan dette vera med å trekkja ord frå bokmål inn i talemålet, noko som igjen kan vera med å påverka det skriftlege.

Det er likevel i dei minst formelle skrivesituasjonane identiteten og talemålet kjem til syne (jf. Vikør, 2007; Hårstad et al., 2021). I tekstane til informantane mine er det på den måten lite som tilseier at det er påverka frå bokmål, då det i fritidsskrivinga er få avvik knytt til bergensk og/eller overgeneralisering av svake verb. Det kan då vera eit større sannsyn for at bokmålsavvika då er «direkte» knytt til påverka frå bokmål, heller enn frå talemålet. Som eg var inne på tidlegare i drøftinga (sjå 5.2 Er Voss eit fokusert språksamfunn?) kan det verka som talemålet er meir fokusert enn det skrifta er.

5.4 Skrivning for hand vs. skrivning digitalt

Skilnaden på å skriva med blyant på papir og det å skriva digitalt er stor. For det fyrste er det fysisk ulikt å skriva med blyant og papir og på ei datamaskin. Det er òg mykje lettare å revidera noko ein har skriva når ein skriv noko digitalt, sidan ein kan få mykje hjelp når ein skriv digitalt. Ein har retteprogram og ordbøker lett tilgjengeleg. Fire av dei fem informantane i forskinga mi har ei stigande normering etter nynorsknorma dess meir formell skrivesituasjonen er. Det vil seia at desse informantane har færrest avvik når ein ser på den formelle tentamensteksten, som er skriva med hjelpemiddel tilgjengeleg på datamaskin. Den siste informanten, Dina, fylgjer ikkje denne «trenden».

Dina svarar i bakgrunnskjemata at ho kjenner seg svært utrygg i nynorsk rettskriving. Ut ifrå dette er det litt påfallande å sjå at Dina skriv meir etter nynorsknorma i notatbokteksten sin enn i dei andre skrivesituasjonane og at det er i den handskrivne teksten ho har færrest avvik (sjå Tabell 6: 4.4.5: Avvikstabell Dina). Dina svarar også at det vanskelegaste med å skriva korrekt nynorsk er å skilja nynorsk frå talemålet, eller at ho blandar inn ord og former frå dialekta si (sjå 4.4.1 Informantpresentasjon).

Dina er den informanten som har flest avvik i tentamensteksten sin, med 10,7% avvik. Elevane skriv i stor grad elevtekstar på PC, og kan nytta autokorrektur og rettskrivingsprogram i *Word*. Når ein nyttar autokorrektur, får ein oftast opp alternative ord for ordet ein har skriva feil, som vil stå med raud strek under. Kan det tenkjast at Dina er såpass utrygg i nynorsk, at ho trykkjer på orda utan å vita kva som er rett, berre for å få vekk den raude streken i teksten? Dette for å få ein tekst som framstår meir rett? Skjelbred (2010) ytrar at rettskriving i dag vert vektlagt mindre nettopp grunna betre rettskrivingsprogram som skal vera til hjelp og støtte, og at ein før i tida gjerne hadde meir av denne kunnskapen

innprenta. Dette er interessant når me ser at Dina skriv betre i notatbokteksten, der ho ikkje har noko form for korrektur eller anna hjelp. Kan henda slike hjelpemiddel kan verka mot si hensikt, om elevar stolar meir på rettskrivingsprogram enn på egne dugleikar. På ei anna side kan det henda at Dina «tek med seg» skrivinga ho gjer digitalt i uformelle situasjonar, altså i fritidsteksten, inn i tentamensteksten då begge desse går føre seg digitalt. Sidan begge tekstane er skrivne på tastatur, kan dette skapa ei forvirring for Dina som gjer at ho då ikkje klarar å skilja mellom situasjonane.

På den andre sida har ein Emilie, som etter Brage er den informanten med færrest avvik i tentamenstekst og fritidstekst (sjå 4.6 Tekstane samla). Ut frå dette, og skrivinga deira, får ein inntrykk av at desse to er trygge i skrivinga si. Emilie er likevel den informanten som har flest avvik i notatboktekstane. I bakgrunnskjemmet har Emilie svara at ho kjenner seg ganske trygg i å skriva nynorsk. Kan henda Emilie vert tryggare av å ha rettskrivingshjelp i det digitale, og i motsetnad til Dina har gode kunnskapar i korleis å bruka desse hjelpemidla på ein god måte? Emilie har òg få avvik i fritidsteksten sin, så det er mogleg at Emilie har gode digitale kunnskapar generelt, som gjer at skrivinga ho gjer med hjelpemiddel er betre enn skrivinga utan.

6. Avslutning

I denne masteroppgåva har eg sett på normeringsavvik i tre ulike skrivesituasjonar, hjå fem informantar frå det fokuserte språksamfunnet Voss. I problemstillinga spør eg: *På kva måtar kjem talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss herad fram i ulike skrivesituasjonar?* For å svara på problemstillinga, vel eg å fyrst gje ei kort oppsummering for kvart av forskingsspørsmåla, før eg samlar trådane og peikar på nokre element eg tenkjer kan vera grunnlag for vidare undersøkingar.

Kva for talemålsrelaterte avvik finst i dei norskfaglege elevtekstane?

Noko av det som utmerkar seg i denne undersøkinga er at det er i verb ein finn flest avvik knytt til talemål. Her har 4 av 5 informantar tilfelle av svarabhaktivokal i bøyning av sterke verb i presens. I svake verb har 3 av 5 informantar endingsbortfall. Grunna at ein på Voss har ein etablert svarabhaktivokal i talemålet, ser ein at det kan skapa utfordringar å skilja sterke og svake verb i skrift. Endingsbortfall gjer seg også gjeldande i fleirtal av substantiv. Kan henda fokuset på rettskriving har blitt mindre i overgangen frå skriving på papir til PC, men etter funna i denne studien verkar verdien av god rettskrivingsopplæring, særleg i verbbøyning, å vera av verdi for elevane. Dette også med bakgrunn i at informantane gjev uttrykk for at det vanskelegaste med nynorsk er å skilja mellom nynorsk og talemål.

Kva for talemålsrelaterte avvik finst i dei handskrivne tekstane?

I dei handskrivne notatboktekstane er det ulikt kva talemålsavvika går på, noko som gjer at det ikkje er like lett å sjå ein samanheng i avvika som det er i tentamensteksten. Noko som likevel går att, er på same måte som i tentamenstekst, talemålsavvik knytt til verb. Her finn ein bortfall av trykklett utlydskonsonant i verb og svarabhaktivokal i sterke verb. Me ser også innslag og bruk av småord i desse tekstane.

Eit funn som det er verdt å merka seg er at informant Dina skriv meir etter nynorsknorma i notatboktekst enn ho gjer i tentamenssituasjon. Ho seier sjølv at ho kjenner seg svært utrygg i nynorsk, men skriv likevel meir etter nynorsknorma i eigne notat der ho ikkje har noko form for hjelp. Som eg var inne på i drøftinga er det interessant å stilla seg spørsmålet om hjelpemiddel i nokre tilfelle kan verka mot si hensikt.

Kva for talemålsrelaterte avvik finst det i fritidstekstane?

Av dei ulike skrivesituasjonane, er det i fritidstekstane ein finn flest talemålsavvik. To funn som er verdt å nemna her er verbet «å vera/ å vere» som alle informantane har skrive talemålsnært i ei eller fleire bøyingsformer. I kategorien småord har alle informantane skrive forma *da* for determinativet `det`. I tillegg er det gjennomgåande at spørjeorda er skrive talemålsnære i fritidsskrivinga. Med unntak av den eine teksten til Brage, der det kan verka som at han skriv ulikt til ulike tredjepartar, er det ein gjennomgåande talemålsnær tone i desse tekstane.

Oppsummering

Denne undersøkinga har sett på normeringsavvik hjå eit utval ungdommar i eit fokusert språksamfunn. Ein ser at talemålet til eit utval elevar i det fokuserte språksamfunnet Voss kjem fram på ulike måtar. Dette kjem til syne på ulike måtar gjennom dei ulike skrivesituasjonane. Nokre av informantane klarar ikkje å skilja mellom uformell talemålsskriving og meir formell normert nynorsk. Andre meistrar i større grad å navigera mellom dei ulike normeringane. Fritidsskrivinga utmerkar seg som den skrivesituasjonen der talemålet meir konsekvent vert nytta av dei unge. Her spelar nok sosiale media ei rolle, sidan denne plattform ligg nærare identiteten og dagleglivet deira. Samstundes skjer det meste av skrivinga i dag på skjerm, noko som gjer at ein oftast skriv på eit tastatur. Kan henda unge assosierer tastaturet både med skule- og fritidsskriving, noko som kan gjera det utfordrande å balansera mellom ulike skrivesituasjonar. Det er verdt å merka seg at ein av informantane skriv meir etter nynorsknorma i notatboktekst enn i tentamensituasjon, då med bakgrunn i at informanten kjenner seg svært utrygg i nynorsk. Med bakgrunn i denne undersøkinga vil handskriving kontra digital skriving vera ei interessant vinkling for vidare granskingar, der det hadde vore interessant å stilla seg spørsmålet om retteprogram med skrivestøtte i nokre tilfelle kan verka mot hensikta si.

Funna i fritidstekstane kan også underbyggja påstanden om at Voss er eit fokusert språksamfunn. Her finn ein talemålsavvik som er nokså like. Gjennom dette får me eit inntrykk av at det munnlege og meir uformelle talemålet er fokusert. Det at dei unge skriv likt i denne skrivesituasjonen, kan vidare tyda på eit ynskje om å einast om felles normer innanfor digitale plattformer- ein felles identitet. Som ei vidareføring av denne oppgåva hadde det vore

interessant å samanlikna Voss herad med andre språksamfunn, både fokuserte og diffuse. Dette for å danna seg eit bilete av korleis talemålsavvik kjem fram i ulike skrivesituasjonar også i andre språksamfunn.

Talemålsinnsлага som kjem til syne i denne undersøkinga gjev seg tydelege i verb. Dette er gjennomgåande i dei ulike skrivesituasjonane, og kan sjåast som eit trekk frå talemålet. I tentamensskrivninga ser ein fleire bokmålsavvik enn i fritidstekstane. Det har opp igjennom tida stadig vore diskusjonar om dei to skriftspråka i landet, og diskusjonen rundt -og grunngevinga for målformene er stadig aktuelle. Elevar med nynorsk som hovudmål er omgjevne av bokmål og er van med å sjå mykje bokmål i kvardagen. Sjølv om skulen til informantane er opptekne av å ha mest mogleg undervisning og materiell på nynorsk, er elevar som har nynorsk som hovudmål omgjevne av bokmål og vane med å sjå mykje bokmål i kvardagen. Samstundes opnar den offisielle rettskrivinga i Noreg opp for valfridom, der ein har valfrie former både i nynorsk og bokmål. Dette kan også skapa forvirring for elevar, og gjennom funna i denne undersøkinga ser me at informantane til dømes blandar *e-* og *a-* infinitiv. Her støttar eg Vikør (2007) i at det krev opplæring og bevisstgjerung før ein kan nytta seg av denne valfridomen som rettskrivinga gjev rom for. Som ei vidareføring av denne undersøkinga hadde det vore interessant å studert elevar med bokmål som hovudmål i same fokuserte språksamfunn, og på denne måten sett på kva måtar dei eventuelt vert påverka av den lokale identiteten og talemålet.

I det teoretiske materialet vart skiljet mellom tale og skrift presentert, der hovudforskjellen kan knytast til det medierte uttrykket si varigheit. Skrift kan vera planlagt og justert før lesaren får sjå produktet, og som lesar får ein ikkje innsyn i produksjonen, berre resultatet. Når det kjem til talen, er den gjerne meir spontan og vert motteke samstundes som den vert produsert. Ut ifrå funna mine, særleg i fritidssituasjonen, ser ein at dette er ein arena der skiljet mellom tale og skrift ikkje er så opplagt. I denne skrivesituasjonen går skiljet mellom tale og skrift meir i oppløysing. Forskinga mi viser eit utsnitt av korleis det ser ut nett no, men grunna at språket stadig er i endring og utvikling, vil både talemålet og skriftspråket endra seg i takt med det.

Litteratur

- Akselberg, G. (2003). Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. I G. Akselberg, A. M. Bødal & H. Sandøy (red.), *Nordisk dialektologi* (s. 197–226). Novus forlag.
- Akselberg, G. (2013). Vossamålet - Korleis står det til i dag? I E. Helleve (Red.), *Gamalt frå Voss* (45. årgang, s. 9–38) Voss bygdeboknemnd.
- Akselberg G., Mæhlum, B., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2019). *Språkmøte: Innføring i sociolingvistik*. (2.utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Askedal, J. (2009). Tysk språknormering og standarduttale i historisk perspektiv. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1). s. 199–218. http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Bull, T. (2018). Definisjonar av fagtermar. I T. Bull (Red.), *Norsk språkhistorie III: Ideologi*. (s. 516–523). Novus forlag.
- Christoffersen, L & Johannessen, A. (2018). *Forskingsmetode for lærerutdanningene*. Abstrakt forlag.
- CRISTIN. (2022, 27. november). *Multilektal Literacy in Education*. Henta frå: <https://app.cristin.no/projects/show.jsf?id=2493121>
- Eiksund, H. (2017). Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjette til tiande trinn. *Maal og Minne*, 112, (1), (s. 27–60). <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1800>
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. (2. utg). Fagbokforlaget
- Hellevang, A. K. A. (2020). *Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål*. [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda]. Høgskulen i Volda <https://hdl.handle.net/11250/2836711>
- Helleve, E. (2019, 9.11). *Om målbruksplanar*. Voss mållag. <https://www.vossmaallag.joomlasider.no/om-malbruksplanar>
- Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk - er det spørsmålet? *Maal Og Minne*, 104 (2). <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/306>

- Hægstad, M. (1904). *Norsk maalsoga for skule og heim*. Norigs Ungdomslag/Studentmaallaget.
- Høgheim, S. (2020). *Masteroppgaven i GLU*. Fagbokforlaget.
- Hårstad, S. (2021a). Digital skriving under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon. I L. Jølle, A.S. Larsen, H. Otnes & L.I. Aa (red.) *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden*. Universitetsforlaget.
<https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03>
- Hårstad, S. (2021b). *Nabospråk og nabospråkundervisning*. (2. utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk: Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Jahr, E. H. & Mæhlum, B. (2009). Har vi et «standardtalesmål» i Norge? *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1). s. 3–6. http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Juuhl, G. K. (2020). Retorisk analyse av elevtekst. I R. Neteland & L. I. Aa (Red.), *Master i norsk: metodeboka 2* (s. 139–153). Universitetsforlaget.
- Juuhl, G. K. & Michelsen, M. (2020). Forsking på barn og ungdoms tekstar og tekstpraksisar på fritida, med eit nordisk fokus. *Nordic Journal of Literacy Research*, 6 (3), s. 4–26.
<http://dx.doi.org/10.23865/njlr.v6.2093>
- Le Page, R. B. & Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of identity: creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge.
https://books.google.no/books?id=cbQ8AAAAIAAJ&printsec=frontcover&hl=no&source=gbs_ge_summary_r&cad=0#v=onepage&q&f=false
- Linell, P. (2005). *The written language bias in linguistics. Its nature, origin and transformations*. Routledge.
- Lunde, K. & Røyneland, U. (2023). *Prosedyre for innsamling av private meldingar*.
<https://osf.io/jn5t2/>
- Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2019). *Språkmøte: Innføring i*

- sosiolingvistikk*. (2.utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B. & Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm Akademisk.
- Neteland, R. & Aa, L.I. (2020). Å designe og gjennomføre eit forskingsprosjekt. I R. Neteland & L. I. Aa (Red.) *Master i norsk: Metodeboka 2*. (s. 12–24). Universitetsbokforlaget
- Noregs mållag. (u.å). *Digitale læremiddel på nynorsk no!*
<https://www.nm.no/lokallaga/kampanjar/>
- NTNU (u. å) *Normprosjektet* <https://skrivesenteret.no/prosjekt/normprosjektet/>
- Nyeng, F. (2017). *Hva annet er også sant?: En innføring i vitenskapsfilosofi*. Fagbokforlaget
- Nygård, M. (2020). Grammatiske studier av elevers skriftspråkskompetanse. I R. Neteland & L. I. Aa (Red.). *Master i norsk: Metodeboka 2*. (s. 176–197). Universitetsbokforlaget.
- Pedersen, I. L. (2009). Standardtalesprogets tilblivelse og rolle i Danmark. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1). s. 159–178. http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2018). *Forskingmetode for masterstudenter i lærerutdanningen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Repstad, P. (2007). *Mellom nærhet og distanse: kvalitative metoder i samfunnsfag*. Universitetsbokforlaget.
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten*. [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda]. Høgskulen i Volda. <https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/handle/11250/2357530>
- Røhme, T. Ø. (2020). *Bokmåls- og talemålsavvik i nynorske elevtekstar: Ein kvantitativ studie om bokmåls- og talemålsavvik i tekstar skrivne av elevar med nynorsk som hovudmål*. [Masteroppgåve, Universitetet i Tromsø]. Munin åpent vitenarkiv.
<https://munin.uit.no/handle/10037/18872>
- Røynealand, U., Mæhlum, B., Akselberg, G. & Sandøy, H. (2019). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*. (2.utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Røynealand, U. & Vangsnes, Ø. A. (2020). *Joina du kino imårgå?* Ungdommars

- dialektskriving på sosiale medium. *Bauta: Janne Bondi Johannessen in memoriam, Oslo Studies in Language*. (11/12). 357–392.
<https://journals.uio.no/osla/article/view/8508>
- Sandøy, H., Røynealand, U., Mæhlum, B. & Akselberg, G. (2019). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*. (2.utg). Cappelen Damm Akademisk.
- Skjelbred, D. (2010). *Fra Fadervår til Facebook: skolens lese- og skriveopplæring i et historisk perspektiv*. Fagbokforlaget.
- Språkrådet. (2020, 30.10). *Voss herad er årets nynorskkommune 2020*. Språkrådet.
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2020/voss-herad-er-arets-nynorskkommune-2020/?fbclid=IwAR0fqachLtHNPKO1j28Gept5E7Pjdym2VTiqoVtTJLXegEM-eFi4faE-txU>
- Språkrådet. (2021). *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*.
<https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf>
- Statistisk sentralbyrå. (2023). Kommunefakta: Voss (Vestland). Henta frå:
<https://www.ssb.no/kommunefakta/voss>
- Stjernholm, K. (2021). Normering på 1900-tallet: Skolespråk, skriftspråk og språkreformer. I I. B. Budal (Red.), K. Stjernholm & B. Ø. Thorvaldsen. *Norsk språkhistorie for lærarar* (s. 129–153). Fagbokforlaget.
- Søyland, A. (2002). *Typar feil i nynorsk*. Språkrådet.
<https://www.sprakradet.no/localfiles/nyno02aso.pdf>
- Thelander, M. (2009). Svenskt standardspråk som begrepp och fenomen. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27 (1). s. 179–198. http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Tjora, A. (2013). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. (2. utg.). Gyldendal Akademisk
- Torp, A. & Vikør, L. S. (2018). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. (4. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Uri, H. (2018). *Godt språk: alt du trenger å vite for å ordlegge deg korrekt*. Kagge forlag.

- Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i norsk* (NOR01-06). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapssløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06>
- Utdanningsdirektoratet. (2023). *GSI- Grunnskolens informasjonssystem*. <https://gsi.udir.no/app/#!/view/units/collectionset/1/collection/100/unit/8732/>
- Vangsnes, Ø. A. (2019). Dialekt i sosiale medium - det norske perspektivet. I G. Sandström (red.), *Språk i Norden 2019*. (s. 94–109). <https://tidsskrift.dk/sin/index>
- Vikør, L. S. (2004). *Dialektar som skriftspråk i tre norske distrikt*. Novus forlag.
- Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging i prinsipp og praksis*. Novus forlag.
- Vikør, L. S. (2018). Kapittel 4: Standardspråk og normering. I T. Bull (Red.), *Norsk språkhistorie III: Ideologi*. (s. 327–420). Novus forlag.
- Vossafår. (u.å). *Soga steg for steg*. Vossafår. <https://www.vossafar.no/historia/>
- Voss herad. (u.å). *Klart språk*. Voss herad. <https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/for-tilsette/klart-sprak/sprakprofil/>
- Voss sparebank. (u.å). *Nynorskbanken*. <https://vossabanken.no/nynorskbanken/>
- Wiggen, G. (1992). *Rettskrivings-studier II. Kvalitativ og kvantitativ analyse av rettskrivingsavvik hos østnorske barneskoleelever* [doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo]. Nationalbiblioteket. <https://www.nb.no/nbsok/nb/dd50bab1c4e79328cf7550ddfbfd7adb?lang=no#0>

Vedlegg 1: Informasjon om *MultiLit*-prosjektet

Vil du bli med i eit FORSKNINGSPROSJEKT ?

Multilectal Literacy in Education **MultiLit**

DETTE ER FRIVILLIG

Det er heilt frivillig for deg å vere med, sjølv om skulen er med på prosjektet. Om du blir med, kan du når som helst ombestemme deg utan å oppgi nokon grunn for det. Då slettar vi dei opplysningane vi har om deg.

Du har rett til å:

- få vite kva for opplysningar vi har om deg og få ein kopi av desse.
- rette eller få sletta opplysningane om deg.
- klage til Datatilsynet om behandlingane av personopplysningar om deg.

Om du vil bruke nokon av desse rettane, du vil trekke deg, eller du berre har spørsmål om dette forskingsprosjektet, kan du kontakte:

Prosjektleder Øystein A. Vangsnes
oystein.alexander.vangsnes@hvl.no
992 50 658

Personvernombod Trine Anikken Larsen
trine.anikken.larsen@hvl.no
55 58 76 82

VI SKAL FORSKJE på samanhengar mellom språkkunnskapar, språkbruk og læring. Du får spørsmålet om å bli med i dette prosjektet fordi vi har ein avtale med skulen din om at vi kan invitere alle niandeklassingane i skuleåret 2022/2023.

Niandeklassingar frå to andre stadar i landet vert òg inviterte med i prosjektet.

Høgskulen på Vestlandet leier og er ansvarleg for prosjektet *Multilectal Literacy in Education* saman med forskarar frå UiT Noregs arktiske universitet, Universitetet i Oslo, Universitetet i Agder, NTNU og Høgskulen i Volda. Vi samarbeider dessutan med forskarar i Nederland som undersøker tilsvarande forskingsspørsmål der.

Om du har lyst å vere med, ønsker vi at du og ein av dine føresette les alt på dette arket før de set kryss og skriv under heilt nedst. Då gir de oss løyve til å hente inn nokre bakgrunnsopplysningar om deg frå Statistisk sentralbyrå (SSB) ut frå fødselsnummeret ditt, vi får lov til å samle inn ein eller fleire skuletekstar frå deg. Du seier deg vidare villig til å delta på ei kort digital spørjeundersøking og på det som er skissert nedanfor. Det aller meste vil skje i skuletida. (I del 3 kan noko òg kunne føregå på fritida, t.d. gruppechat.)

Opplysningane frå SSB gjeld kjønn, alder, flyttingar, tal på føresette, tal på barn i hushaldet du bur i, utdanningsnivået til føresette, resultatane dine på nasjonale prøver og karakterane dine i norsk, engelsk og matematikk. I den digitale spørjeundersøkinga har vi nokre spørsmål om kor du bur, om du har flytta, om kva språk og dialektar du kan og brukar i ulike samanhengar munnleg og skriftleg.

Alle opplysningar blir behandla konfidensielt, og i publikasjonar og rapportar frå prosjektet vil ingen enkeltpersonar kunne identifiserast.

1. SPRÅKPROSESSERING

Prosjektansvarleg: Björn Lundquist — bjorn.lundquist@uit.no / tfj. 41 14 67 54

I denne delen av prosjektet er vi opptekne av sjå på korleis ein skil mellom talt og skrive språk og mellom ulike former for skriftleg og munnleg norsk. Du vil bli med på:

- lytteoppgåver der du får høyre ulike former for norsk
- oppgåver der vi måler lesefart og lese-mønster på ulike måtar, mellom anna med blikksporing
- oppgåver der du skal respondere munnleg eller skriftleg på setningar du les eller høyrer

2. SPRÅK OG LÆRING

Prosjektansvarleg: Göran Söderlund — goran.soderlund@hvl.no / tfj. +46 70 453 30 38

I denne delen av prosjektet undersøker vi forholdet mellom språkkunnskapar i vid forstand, merksemd og læring. Du vil bli beden om:

- å gjennomføre oppgåver som måler merksemd; dette tek 30–45 min, og du gjer det i lag med andre frå klassen din

3. SPRÅK I DIGITALE MEDIUM

Prosjektansvarleg: Unn Røyndal — unnr@iln.uio.no / tfj. 93 83 10 64

I denne delen av prosjektet undersøker vi korleis unge skriv på sosiale medium. Du kan bli spurt om å bli med på noko av dette:

- å vurdere korte tekstbitar (f.eks. ein snap, chat, tekstmelding)
- eigne gruppechattar på Snapchat, Messenger, e.l. mellom ungdommar som deltar i prosjektet
- korte videointervju med deg og nokre andre i klassen
- gi oss eit utval meldingar du har skrive på sosiale medium

JA? Du har no fått og forstått informasjon om prosjektet *Multilectal Literacy in Education* (MultiLit) og dei enkelte delprosjekta. Du har fått ei melding i Transponder der vi spør om du samtykkjer til deltaking. Ver venleg og svar innan 24. oktober.

Vi behandlar opplysningar om deg, etter samtykke frå deg, konfidensielt og berre for dei formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Opplysningane blir lagra på ein eigen forskningsserver. Namnet og kontaktopplysningane dine blir erstatta med ein kode når vi forskar. Koplinga mellom namnet og koden blir ikkje oppbevart saman med dei andre dataa vi får frå deg, og koplinga blir sletta når prosjektet er over 31.12.2028. Ingen personidentifiserande opplysningar vil bli brukt i publikasjonar frå dette forskingsprosjektet og ingen opplysningar vil heller bli kombinerte på ein måte som gjer det mogleg å kjenne deg igjen. Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør har vurdert at vi i dette prosjektet behandlar personopplysningar etter regelverket for personvern. Om du har spørsmål knytt til denne vurderinga, kan du ta kontakt med Sikt på personverntjenester@sikt.no eller telefon 53 21 15 00.

Vedlegg 2: Tentamensoppgåve

Tentamen norsk hovudmål, tysdag 29.november

I oppgåve 1 og 2 skal du svare på alle oppgåvene. I oppgåve 3 skal du velje ei av oppgåvene.

Oppgåve 1 - kortsvarsoppgåve (tekstforståing)

Les utdraget frå novella "Jegeren". Du skal svare på alle dei tre spørsmåla under:

- Sjå på omslaget. Kva gjer personane på biletet? Skriv 2-4 setningar.
- Kva får vi vite om Thomas som kan forklare at han tenkjer og handlar som han gjer? Vis til eksempel frå teksten. Skriv 4-6 setningar.
- Kvifor trur du boka heiter "Jegeren"? Skriv 4-6 setningar.

Oppgåve 2 - kortsvarsoppgåve (skrive med utgangspunkt i ei oppgåveformulering)

Les teksten "Blikk" av Sarah Ramin Osmundsen (s. 176 i Tekster 4). Du skal svare på alle tre spørsmåla under:

- Kva ynskjer hovudpersonen at skal skje på trikken? (4-6 setningar)
- Kvifor trur du forfattaren skildrar blikket til hovudpersonen? (4-6 setningar)
- Korleis kan bruk av blikk påverke oss på ulike måtar? Korleis påverker blikk vala vi tek? Skriv ein saktekst der du reflekterer rundt denne tematikken. Bruk tittelen: "Tenk over korleis du ser på andre!" (Du skal skrive ein tekst på 300-400 ord)

Oppgåve 3 - langsvarsoppgåve (skrive med utgangspunkt i eit tekstvedlegg)

Vel ei av oppgåvene under. Du skal skrive ein tekst på 600-800 ord.

- a) Bruk ein av tekstane i førebuingsheftet som utgangspunkt, og skriv ei kort novelle der hovudpersonen tar eit modig val. Det skal gå tydeleg fram av novella kva for ein tekst du er inspirert av, enten ved at du flettar inn delar av teksten, eller ved at du bruker noko av innhaldet på din måte. Eksperimenter med språklege verkemiddel undervegs. La overskrifta vere eit sitat frå teksten du bruker som utgangspunkt.
- b) Ta utgangspunkt i bileta i førebuingsheftet. Bruk desse som inspirasjon og skriv ei novelle med "val" som tema. Eksperimenter med språklege verkemiddel undervegs.
- c) Ta utgangspunkt i ei av overskriftene under og skriv ei novelle der «val» er tema. Eksperimenter med språklege verkemiddel undervegs.

"Berre ein test", "Skal, skal ikkje", "Veddemålet", "50/50", "Ubesvart anrop"

- d) Bruk diktet under av Ida Lórien Ringdal som utgangspunkt, og skriv ei novelle der temaet er «val». Hent inspirasjon frå diktet og bruk diktet som ein del av teksten din. Du vel sjølv korleis du vel å bruke diktet i teksten (gjere om til replikkar, skildre situasjonen osv.). Lag ei passande overskrift. Eksperimenter med språklege verkemiddel undervegs.

jeg ringer mamma

hun er midt i middagen og må holde telefonen

med skulderen

som jeg gråter på

Vedlegg 3: Sikt-vurdering (*MultiLit*)

[Meldeskjema](#) / [Multilectal Literacy in Education \(MultiLit\) – ungdomsskuledelen](#) / Vurdering

Vurdering

Referansenummer	Type	Dato
513564	Standard	18.10.2022

Prosjekttittel

Multilectal Literacy in Education (MultiLit) – ungdomsskuledelen

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolkning

Felles behandlingsansvarlige institusjoner

Universitetet i Agder / Fakultet for samfunnsvitenskap / Institutt for sosiologi og sosialt arbeid

Universitetet i Oslo / Det humanistiske fakultet / Center for Multilingualism in Society across the Lifespan

UiT Norges Arktiske Universitet / Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning / Institutt for språk og kultur

Høgskulen i Volda / Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning / Institutt for språk og litteratur

Prosjektansvarlig

Øystein A. Vangsnes

Prosjektperiode

01.01.2022 - 31.12.2028

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Rettslig grunnlag

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Allmenn interesse eller offentlig myndighet (art. 6 nr. 1 bokstav e)

Behandlingen av personopplysningene kan starte så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det rettslige grunnlaget gjelder til 31.12.2028.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 31.12.2028.

LOVLIG GRUNNLAG: BARN OG SAMTYKKENDE FORESATTE

Prosjektet vil innhente samtykke fra foresatte til behandlingen av personopplysninger om barna og seg selv. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være foresattes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

LOVLIG GRUNNLAG: ANDRE FORESATTE

Fra SSB vil det innhentes noen veldig få opplysninger om barnas foresatte, men bare én av de foresatte samtykker til denne behandlingen (via informasjonsskrivet og samtykkeerklæringen for også behandlingen av opplysninger om barna). Disse opplysningene omfatter blant annet foresattes utdanningsnivå og hvorvidt foresatte er født i Norge eller ikke. Opplysningene inkluderer bare alminnelige kategorier personopplysninger og begrenses til et minimum av hva som er nødvendig for formålet. De foresatte får

informasjon (via informasjonsskrivet om barnas deltakelse).

Behandlingen av personopplysninger er nødvendig for allmennhetens interesse (forskning), jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 e), jf. personopplysningsloven § 8. Prosjektet gjør nødvendige tiltak for å ivareta de registrertes rettigheter og friheter, jf. art. 89 nr. 1.

PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at foresatte får tilfredsstillende informasjon og samtykker til behandlingen/prosjektet oppfyller kravet om nødvendige garantier
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte og deres foresatte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert/foresatt tar kontakt om sine/barnets rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

HVL, Universitetet i Agder, Universitetet i Oslo, UiT Norges Arktiske Universitet og Høgskulen i Volda er felles behandlingsansvarlige institusjoner. Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til felles behandlingsansvar, jf. personvernforordningen art. 26.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Personverntjenester vil følge opp underveis (hvert annet år) og ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet/pågår i tråd med den behandlingen som er dokumentert.

Kontaktperson hos oss: Lene Chr. M. Brandt

Lykke til med prosjektet!